

Møteinnkalling

Utval:	Utval for kultur, idrett og regional utvikling
Møtestad:	Fylkesutvalssalen, 3. et., Fylkeshuset
Dato:	21.05.2019
Tid:	11:00

Gruppemøte kl. 09:00 – 11:00

Beate Husa (KrF) har meldt forfall til møte. Otto Galtung (KrF) stiller som vara for henne.

Dagsorden møte 21. mai:

- Kl. 11.00 – 11.15 Presentasjon Littfest Bergen og Litteraturhuset i Bergen v/dagleg leiar Kristin Helle-Valle/Teresa Grøtan
- Kl. 11.15 – 11.30 Presentasjon behov for eksternt magasin for KODE kunstmuseer og komponisthjem - v/direktør Petter Snare
- Kl. 11.15 – 12.15 Saksbehandling
- Kl. 12.15 – 13.00 Lunsj
- Kl. 13.00 – Saksbehandling

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Utval for kultur, idrett og regional utvikling. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Beate Husa
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 71/19	Godkjenning av innkalling og saksliste		
PS 72/19	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 73/19	Referatsaker (meldingar)		
RS 33/19	Vossevangen finalist til attraktiv by-pris	2018/8643	
RS 34/19	Evalueringsrapport Kulturkonferansen Vestland 2019	2018/15031	
RS 35/19	Program for folkehelsearbeid i Hordaland. Status programarbeidet og endra økonomiske rammer	2018/10978	
RS 36/19	Fråsegn til høyring av kommuneplanen sin samfunnsdel for Bømlo 2019-2049	2017/17708	
RS 37/19	Moster 2024 - seminar	2017/181	
PS 74/19	Ymse		
PS 75/19	Innkomne spørsmål frå politikarane		
PS 76/19	Prosjektilskot: Kultur - amatør. Fordeling våren 2019	2019/164	
PS 77/19	Prosjektilskot: kunst og kultur - profesjonell. Tildelingar vår 2019	2018/17527	
PS 78/19	Prosjektilskot: større kulturtiltak 2019 - tildelingar	2018/17528	
PS 79/19	Høyringsfråsegn - Ny fordelingsnøkkel for Den kulturelle skolesekken	2019/2073	
PS 80/19	Kystpilegrimsleia. Regionale pilegrimssenter	2019/2638	
PS 81/19	Høyring - Langtidsplan for pilegrimssatsing 2019 - 2037	2019/2638	

PS 71/19 Godkjenning av innkalling og saksliste

PS 72/19 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

PS 73/19 Referatsaker (meldingar)



Notat

Dato: 25.04.2019
Arkivsak: 2018/8643-13
Saksbehandlar: liztoll

Til: Utval for kultur, idrett og utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

Voss og Bergen finalistar til Attraktiv by-pris

Arkivnr: 2018/8643-13

Saksbehandlar: Liz Eva Tøllefsen

Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune har i samarbeid med Voss kommune nominert regionsenteret Vossevangen til årets *Attraktiv by*-pris som deles ut i regi av Kommunal- og moderniseringsdepartementet kvart år:

Attraktiv by - Statens pris for bærekraftig by- og stedsutvikling skal belønne planlegging og gjennomføring av bærekraftig by- og stedsutvikling med høy kvalitet. Alle tre dimensjoner ved bærekraftsbegrepet skal tillegges vekt; økonomisk, sosialt, miljømessig. Les meir [her...](#)

Fylkeskommunen har dei siste åra jobba tett med Voss kommune med mellom anna ny sentrumsplan for Vossevangen og KPA for Voss herad som begge er i prosess. Her har nyleg 2 nye vidaregåande skuler opna, og fylkeskommunen har støtta etableringa av ny gondolbane ved stasjonsområdet

Juryen har særskilt trekt fram knutepunktutviklinga og gondolbanen som viktig i bedøminga, samt verdien av å legge E16 utanom sentrum;

Vossevangen har gjennom dei siste åra gjennomgått ei stor forandring. Bybildet vert endra både som følge av enkeltstående prosjekt i offentleg og privat regi, og med ny sentrumsplan (under arbeid) som legg dei strategiske, langsiktige føringane for Vangen. Det har vore ei klår satsing på sentrum frå regionalt og kommunalt hold; samtidig som dei store infrastrukturprosjekta som ny gondol/kontorbygg/hotell ved kollektivknutepunkt, ny vidaregåande skule, nytt kommunalt bibliotek- og kulturhus samt nytt badeanlegg har blitt etablert, har det både på privat og offentleg initiativ blitt rusta opp viktige byrom. Voss gymnas har blitt totalrenovert og supplert med idrettshall, samstundes som ærverdige Voss landsgymnas frå starten på 1900- talet er bevart. Nye bustader er bygd i sentrum og nyskapande næringsverksemd med base i (ekstrem)sport- og naturturisme har blitt etablert.

Bergen by er også med i finalerunden for prisen, og her er særskilt Bybanen og tilhørende knutepunktsfortetting, samt byromsfornyning, etablering av ein Byarkitekt-etat og ny arkitekturstrategi nemnd.

Utanom dei to byane er Moss også finalist, så det er gode sjansar for at prisen vil tilfalla ein av byane i Hordaland. Juryen vil vitje Vossevangen 9.mai i år, og i juni vert vinnaren kåra.

Les heile pressemeldinga frå regjeringen.no [her....](#)

Vedlegg:

Nominasjonsteksten til Attraktiv by-prisen 2019

Nominasjonstekst Attraktiv by-prisen 2019:

Spørsmål: Hva er gjort for å skape aktivitet og trivsel i byen/stedet. Hva er spesielt bra?

Hva er gjort for å øke attraktiviteten og få fleire besøkende til stedet. Er det etablert fleire eller andre tilbud enn før som trekker folk, som gjør det hyggeligere å være der? Flere boliger i sentrum, bedre kollektivtrafikk, økt aktivitetstilbud? Er det noen spesielle plangrep som er gjort? Utbyggingsavtaler? Avtaler med næringslivet?

Bygdebyen Voss —Bygd for sterke opplevingar

Regionsenteret Vossevangen har gjennom dei siste åra gjennomgått ei stor forandring. Bybildet vert endra både som følgje av enkeltståande prosjekt i offentleg og privat regi, og med ny sentrumsplan (under arbeid) som legg dei strategiske, langsiktige føringane for Vangen. Det har vore ein klår satsing på sentrum frå regionalt og kommunalt hold; samtidig som dei store infrastrukturprosjekta som ny gondol/kontorbygg/hotell ved kollektivknutepunkt, ny vidaregåande skule, nytt kommunalt bibliotek- og kulturhus samt nytt badeanlegg har blitt etablert, har det både på privat og offentleg initiativ blitt rusta opp viktige byrom (Sverres plass, samt Utrågata og Vangsgata). Voss gymnas har blitt totalrenovert og supplert med idretthall samstundes som ærverdige Voss landsgymnas frå starten på 1900- talet er bevart. Nye bustader er bygd i sentrum og nyskapande næringsverksemd med base i (ekstrem)sport- og naturturisme har blitt etablert.

Voss kommune har vore framoverlent i utviklinga. Dei har i ein hektisk periode med kommunesamanslåing (med Granvin herad) og revidering av samfunns- og arealplan for kommunen sett i gang arbeid med ny områdeplan for Vossevangen. Dei har bemanna opp med kompetent arbeidskraft og satt i verk tiltak (nokre midlertidige) i byrom for å skape byliv i og entusiasme for sentrum, parallelt med arbeidet med dei meir tidkrevjande samfunns- og arealplanane. Og dei har i tillegg i løpet av dei siste 10-15 åra lagt til rette for å utvikle to store skidestinasjonar, Bavallen og Myrkdalen fjellandsby. Dette er heilt sentralt for å skape aktivitet og få fleire besøkjande til Voss.

Knutepunkt Voss

Utvikling av stasjonsområdet er det største enkelttiltaket i sentrum i overskødeleg framtid, og er eit felles prosjekt mellom kommunen, Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune, Bane Nor, NSB og ROM eigedom. Frå starten tilbake i 2010 har intensjonen frå alle parter vore å utvikle stasjonsområdet til å bli ein del av- og supplere eksisterande sentrum på ein funksjonell og estetisk tiltalende måte. Stasjonsområdet skal i tillegg til å bygge opp under bærekraftige mobilitetsløysingar, spegle Voss sine bygnings- og landskapsmessige kvalitetar, og skape ein viktig tilkomst til sentrum frå vest.

Den nye gondolen som vil stå ferdig til sommaren, startar på Voss stasjon og ender på Hangurstoppen 820 meter over havet, er 2000 meter lang og vil frakta over 1000 passasjerar per time kvar veg. På Hangurstoppen vert det bygd ein ny restaurant og områder for leik, rekreasjon, paragliding og trim, sommar som vinter.

Prosjektet har vore eit spleiselag mellom kommunen, fylkeskommunen, Innovasjon Norge, ROM eigedom og private aktører. Kommunal prosjektleiar Torbjørg Austrud peiker på fleire moment som avgjørande for gjennomføring; alle som hadde interesser og mynde i knutepunktet deltok i styringsgruppe og prosjektgruppe (med toppleiing – beslutningar i styringsgruppa var forankra og endeleg), *entusiasme* og *engasjement* hos alle frå dag 1, stabilitet og kontinuitet i prosjektleiing og styringsgruppe gjennom heile prosjektperioden, alle kostnader var fordelt likt mellom deltakarane i heile planfasen, og til sist at ROM eigedom/Bane Nor heldt tak i prosjektet heile vegen.

Levande kulturminne

Store deler av bebyggelsen på Vossevangen har i dag stor verdi som kulturminne, og store deler av sentrum er avmerkt i Riksantikvarens NBI-register. Vangskyrkja frå 1277 står som eit landemerke i vest, saman med Voss stasjon og Fleischers hotell som begge vart reist på slutten av 1800-talet.

Mykje av den historiske trehusbebyggelsen gjekk tapt under bominga under 2.verdskrig, og nye Vangen vart gjenreist med reguleringsplanen frå 1946, signert Arne Berg og den lokale arkitekten Leiv Tvilde. Planen var del av “Brente staders regulering”. Bystrukturen frå den gong er enno intakt, og det meste av bebyggelsen er oppført i mur og står som han vart bygd på 1950- og 60-talet. Strukturen er eit godt bilete på tradisjonell gjenreisingsarkitektur. Ny bebyggelse er nennsamt innpassa blant eksisterande bygg i sentrum, og støtter opp om Vangen som eit attraktivt handels- besøk- og bustadområde, kor landskapet og de bygningsmessige kulturminna fortsatt får spille hovudrollen som identitetsberande element.

Festivalbygda

Festivalane Vossajazz og Ekstremsportveko er internasjonalt anerkjente, og nyttar Vossevangen som ein viktig arena for formidling/konkurransse og kontakt med publikum. Men òg andre kulturinstitusjonar som Osafestivalen, folkemuseet Mølstertunet, Finnesloftet frå 1300-tallet og det nokså nybygde bibliotek- og kulturhuset (2011) sentralt på Vangen, er med på å sette Voss på kartet i ein regional og nasjonal kontekst.

Spørsmål: Hva kan andre byer og tettsteder lære av dette?

Erfaringsoverføring og info om hva andre kommuner gjør, letter arbeidet for andre. Hva har denne kommunen/byen/stedet gjort som er nyttig for andre?

Det har vore ein langsiktig, strategisk planlegging gjennom ein mangeårig satsing på sentrum - Vossevangen - gjennom både enkelståande prosjekt i offentleg og privat regi, og kommunens arbeid dei siste tå åra med sentrumsutvikling, fleire nye områdeplanar for offentleg areal og ny sentrumsplan. Det har vore ein viktig strategi å engasjere innbyggjarar og sette i verk trivselsskapande tiltak (nokre eventbaserte og midlertidige) i

byrom for å skape byliv i og entusiasme for sentrum, samtidig som dei store infrastrukturprosjekta nemnt ovanfor har blitt etablert.

God prosjektstyring og grundig kunnskapsgrunnlag

Voss kommune har hatt kontinuitet og faglege ressursar over lang tid. I tillegg er arkitekt Elisabeth Lillegraven særskilt tilsett av kommunen for å koordinere arbeidet med sentrumsplanen. I forkant av oppstart av sentrumsplanen utarbeida ho ein byromsanalyse (2017) med fokus på korleis eksisterande plasser og stader vart brukt. I arbeidet med sentrumsplanen er det utarbeidd eit breitt kunnskapsgrunnlag. Mellom anna har kommunen fått laga ein kulturhistorisk DIVE-analyse, som underlag for fortettingsstrategien de ønsker for sentrum. Med fleire enkelståande viktige bygg i sentrum, samt at store deler av Vangen ligg inne i NB!-område, var det viktig å ha et oppdatert og grundig kunnskapsgrunnlag å navigere etter, før alle brikkene i planen skal leggst. Hordaland fylkeskommune og fylkeskonservator har aktivt støtta kommunen gjennom prosessen, både med fagleg rådgjeving og økonomisk støtte (HNH-midlar) til DIVE-analyse, samt moglegheitstudia (parallelloppdrag) og midlertidige tiltak i byrom (skeisebane på Tinghusplassen).

Fortetting med kvalitet

Det har vore gjennomført to parallelloppdrag med prekvalifisering kor til saman 5 ulike arkitektkontor deltok. Det eine oppdraget tok føre seg hele sentrum (avgrensa av sentrumsplanen), og såg på moglegheiter for fortetting og utvikling/transformasjon av enkeltområder. Det andre oppdraget var for ei gitt, sentral tomt som kommunen sjølv eig og ønsker bustadutvikling. Begge oppdraga innebar nyskapande og breie medverkjingsprosesser, kor eit eige «byutviklingskontor»: Bygdelab'en var viktig som arena.

Forandring frydar

Fleire planar og prosjekt som har betydning for Vangen som attraktiv tettstad har vore satt i gong og gjennomført dei seinaste åra:

- Plan for Vangstunnelen som leiar E16 utanom sentrum, vedtatt 2002 og opna 2013.
- Plan for sentrum vedtatt 2003 som la grunnlaget for opparbeiding av torg og miljøgate (begge ferdigstilt 2006) og parkeringshus midt i sentrum, under barneskolens uteområde (ferdigstilt 2015).
- Plan for strandareal langs Vangsvatnet (vedtatt 2012), som legg grunnlag for etablering av offentlege aktivitetsområder. Pumptrack og tufteløype er etablert og skatepark under planlegging.
- Plan for Skulehaugen (vedtatt 2013), utvikling av eksisterande gymnas med nye utdanningsprogram og ny idrettshall (ferdigstilt 2017)
- Plan for kollektivknutepunkt (vedtatt 2013), utvikling av ny gondol trafikknutepunkt (ferdistilles 2019), nytt hotell (ferdistilles 2020) og kontorbygg 2021.

- Fleire fortetningsplaner for bustader. (3 større bustadkompleks midt i sentrum bygd ut frå 2015 til i dag)
- Plan for sentralidrettsanlegget er i prosess. Sentralidrettsanlegget ligg midt i sentrum tett opp til barneskule, ungdomskule, vidaregåande skule og offentleg parkområde med store kvalitetar. Planen legg grunnlag for å samordne all aktivitet i området på ein god måte med fokus på barn og ungdom. Nytt badeanlegg som opna 2018 ligg inne i området.

Parallelt med utvikling av ulike planar, har kommunen tatt grep for å betre forholda for mjuke trafikantar og minske bilkøyering lokalt. Som nemnt ovanfor var parkeringshus midt i sentrum, nært Vangsgata (miljøgata/handlegata) viktig for å redusere trafikk inn i sentrum, og eit nytt ved knutepunktet skal byggast. Køyrebaner er fjerna til fordel for rekreasjon på Sverresplass og farten er redusert til 30 km/h gjennom sentrum. Sverresplass har vore eit belasta byrom med mykje trafikk da E16 gjekk gjennom sentrum. Det vart lagt til rette for midlertidig skøytebane på Tinghusplassen (2018) og det har blitt køyrt skispor på Prestegardslandet (strandarealet 2019), eit viktig rekreasjonsområde i sentrum. Eit anna viktig trivsels- og folkehelseiltak er etablering av en aktivitets- og treningspark, også lokalisert på Prestegardslandet (2018). Voss Aktivitetspark er støtta med 400 000kr gjennom Unike regionale utviklingsprosjekt og viste seg å vere eit tiltak som vart svært populært i lokalsamfunnet.

Vossajazz og Ekstremsportveko både nyttar og profilerer Vossevangen gjennom godt samarbeid med kommune og private aktørar. For kommunen er festivalane viktige leverandørar av byliv og identitet både mens dei er i gang og som merkevarebyggjer på lengre sikt.

Ei så stor utvikling som Vossevangen har gått i gjennom dei seinare år, er berre mogleg gjennom eit utstrakt samarbeid på tvers av offentleg sektor og i samarbeid med næringsliv og sivilsamfunn. Voss kommune har sikra viktige rekkefylgjekrav i reguleringsplanar og tatt i bruk utbyggingsavtalar som eit middel for å få til gode løysingar for fellesskapet. Det vert nytta i både bustadutvikling og anna næringsutvikling. Kommunen har ei frikjøpsordning for parkering, og jobbar og med ei frikjøpsordning for fellesareal, eit grøntfond. Dette er viktige middel for å kunne styre viktige fellesinteresser og få til gode fellesløysingar.

**Spørsmål: Hvordan har innbyggerne fått være med på å utvikle byen eller stedet?
Hva slags medvirkningsprosesser har vært gjennomført?**

Når innbyggerne får delta i utvikling av stedet sitt, skapes tilhørighet, stolthet og levende lokaldemokrati. Vi vil vite hvordan kommunens innbyggere, barn, unge, voksne, eldre, gutter, jenter, nabolag, interessegrupper etc har blitt involvert og fått medvirke.

Voss kommune har vore innovative og ekstroverte i prosessen med å utvikle Vossevangen til ein kompakt og attraktiv tettstad. Administrasjonen har hatt eit nokså samla kommunestyre i ryggen i arbeidet med å kanalisere kompetanse og økonomiske verkemiddel inn mot kommunesenteret dei seinaste åra. Kommunen har aktivt søkt dialog med næringsliv og sivilsamfunn, så vel som statlege og regionale mynde gjennom både tradisjonelle infomøter og nyskapande medverknadsprosessar. Gjennom å engasjere ulike arkitektkontor med sterkt fokus på medverking i fleire parallelloppdrag, har kommunen fått mange gode diskusjonar og innspel gjennom prosessen, og ikkje minst visjonsbilete for framtida som eit godt utgangspunkt for å forme ei spanande framtida på Vangen.

Etablering av *Bygdelab* (2018) i eit tomt butikklokale på bakkeplan i Uttrågata ble både en øving i å komme i dialog og i å formidle funn undervegs. Men etableringa var òg viktig for å aktivere lokalar på bakkeplan som av ulike årsaker blir ståande tomme over ein periode. Bygdelaben hadde faste opningstider for publikum, det vart halde verkstader knytt til sentrumsutvikling der, det vart vist utstilling av innkomne forslaga til utvikling, både frå verkstedsdeltakarar og dei meir bearbeida forslaga frå dei ulike arkitektane, det vart halde folkemøter der og andre tverrfaglege møter. Bygdelaben var ein viktig arena for å engasjere dei unge. Det var ein kjekk plass for skuleklasser å besøke og ein fekk mange gode innspel og synspunkt gjennom direkte dialog med ungdommen.

Kommunen har og gjennomført effektiv og innovativ brukarmedverknad gjennom digital medverknad. Med bistand frå rådgjevingskontoret Leva Urban vart det hausten 2018 gjennomført ei stor spørjeundersøking som kombinerte innbyggjarane sine meininger med digitale system og kart. Med å nytte denne forma for medverknad når ein ut til andre aldersgrupper og andre personar, og fangar ofte opp positivt engasjement i større grad enn kva ein gjer i dei tradisjonelle medverknadsprosessane. Resultata som kom fram i undersøkinga er veldig nyttig kunnskap å ta med i vidare arbeid, og vart mellom anna nytta aktivt inn i moglegheitstudia som vart utarbeidd same haust.

Kommunen har ein veldig sterk identitet som er skapt med bakgrunn i lange tradisjonar, spanande natur og dyktige og innovative vossingar! Kommunen fekk god drahjelp av Destinasjon Voss og Voss kommune si satsing på merkevarebygging som eit attraktiv bu- og besøksmål, gjennom si prisbelønte reklamekampanje i 2010, som vant *Merket for god design*. Med nyord som *Vossaspa*, *Vossabling*, *Vossasmil*, kombinert med bilete av stedstypiske element som fossefall, bunadssylv og smalahove, har dei synt kvalitetar på staden med eit humoristisk tilsnitt som har blitt omfamna av lokalbefolkninga og vidareutvikla i lokal kontekst i åra etterpå.




Kulturkonferansen Vestland


Evaluering 2019




Kva fagområde arbeider du med?




Kor kjem du i frå?




Korleis vil du vurdere førehandsinformasjon om konferansen?




Korleis fekk du informasjon om konferansen?




Korleis vil du vurdere konferansefasilitetane?




Kva synes du om tilhøvet mellom pausar og program?




Kva synest du om det faglege innhaldet på konferansen?




Korleis vurderer du dei ulike foredraga? - Jon Paschen Knudsen




Korleis vurderer du dei ulike foredraga? - Katti Hoflin




Korleis vurderer du dei ulike foredraga? - Inga Bolstad




Korleis vurderer du dei ulike foredraga? - Karen Espelund




Korleis vurderer du dei ulike foredraga? - Bernt Bauge




Korleis vurderer du dei ulike foredraga? - Kjartan Aa Berge




Korleis vurderer du dei ulike foredraga? - Nils R. Sandal




Korleis vurderer du dei ulike foredraga? - Jon Skjerdal




Korleis vurderer du dei ulike foredraga? - Adriana Alves




Fungerer kultur- og idrettskonferansen som fagleg møtestad?



Generell vurdering av konferansen:



Bør Vestland fylkeskommune halda fram arbeidet med å tilby kultur- og idrettskonferansen?



Har du innspel til form og innhald til konferansen 2020?

- Ikkje no, men seinare
- Litt mindre politikarpanel, meir fagleg fokus.
- nei
- Bergen fyller 950 år. Kanskje sjå på byen som nav i regionen? Forholdet mellom kva byen skal tilby i forhold til kva omland tilbyr? Småbyar/rurale strøk.
- Gje meir rom for innspel frå salen. Fleire innlegg som gir NY kunnskap/innsikt.
- Kunstnernes situasjon i Vestland
- Mer tid til å treffe andre aktører innen samme felt
- Lage opplegg der deltakarane får høve til å komme med innspel
- Meir utveksling av gode erfaringar frå andre og mindre "forelesning"
- Oversikten over omfanget rundt sammenkobling av fylkene ble klarere i løpet av konferansen, men det virket litt uklart hvem konferansen var for: kulturfeltet eller politikerne?

NotatDato: 12.04.2019
Arkivsak: 2018/10978-16
Saksbehandlar: elsaaro1

Til:	Utval for opplæring og helse Utval for kultur, idrett og regional utvikling Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Program for folkehelsearbeid i Hordaland. Status i programarbeidet og endra økonomiske rammer**Bakgrunn**

Fylkestinget vedtok i 2017 at Hordaland skulle søkje seg inn i den nasjonale folkehelsesatsinga *Program for folkehelsearbeid i kommunane*. Hordaland blei programfylke og fekk tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet til å delta i tiltaksutviklingsprogrammet i mars 2018. Satsinga *Saman for betre trivsel og livskvalitet for barn og unge* i Hordaland gjeld i åra 2018- 2023. Satsinga er eit samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunen, FoU-miljø, kommunar, frivillig sektor og andre.

Fylkeskommunen har fått ein stor utviklingsrolle programmet. Fylkeskommunen skal som prosjekteigar ta ein regional samordningsrolle når det gjeld utvikling og evaluering av tiltak for å fremje barn og unge si psykiske helse og livskvalitet. Dette inneberer å legge til rette for samarbeid med kommunane og forskings- og kompetansemiljø, og andre relevante aktørar. I Hordaland deltek Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen, Folkehelseinstituttet, KorRus Vest og Kompetansesenter for barn og unge (RKBU) i utviklingsarbeidet. Fylkeskommunen står økonomisk ansvarleg overfor Helsedirektoratet.

Fylkesrådmannen vil i denne meldingsaka vise status for utviklingsarbeidet det første programåret med arbeidet i Regionalt samarbeidsorgan. Vidare gje oversyn over tildelte tilskot til kommunane og pågåande arbeid med å utvikle tiltak, om økonomiske rammer og utfordringar knytt til endringar i nasjonale rammer. Frå 2020 vil alle fylke som var teke opp i programmet i 2017 og 2018 få reduserte tilskot. Dette gjeld også Hordaland. Dette for å få plass til alle fylke i landet i tilskotsordninga.

Kort om programmet

Gjennom *Meld. St. 19 (2014-2015) Mestring og muligheter* blei programmet etablert. Hovudtemaet er psykisk helse og lokalt rusførebyggjande arbeid. Det har vore ei nasjonal forventning om at alle fylke skal med i satsinga. Det er sett av årlege løyvingar over statsbudsjettet. Gjennom *Meld. St. 19 (2018-2019) Gode liv i eit trygt samfunn* kjem det fram at alle fylke no er ein del av satsinga.

Program for folkehelsearbeid i kommunane skal først og fremst styrke kommunane sitt arbeid med å fremje befolkninga si helse og livskvalitet. Eit overordna mål er at psykisk helse og førebyggjande rusarbeid vert

ein integrert del av folkehelsearbeidet i kommunen. Eit hovudelement i tilskotsordninga er å legge til rette for kunnskapsbasert utvikling av arbeidsmåtar, tiltak og verkty, samt stimulere til samarbeid mellom kommunesektoren og forskingsmiljø. I Hordaland er barn og unge målgruppe gjennom alle kommunane sitt arbeid med å utvikle og prøve ut metodar og tiltak. Alle tiltak skal evaluerast – enten gjennom effektevaluering eller gjennom kvalitativt gode eigen evalueringar.

Status for arbeidet

Det pågåande utviklingsarbeidet i Hordaland er gjennomført i tråd med nasjonale krav og innanfor gjeldande fristar. Det er etablert styringsstrukturar og samarbeidsfora. Det er gjennomført open søknadsprosess i tråd med regelverket. Det er gjennomført søkjarkonferansar og samlingar for å styrke kommunane sitt arbeid i søknadsprosessen. Det er teke opp programkommunar og vurdert om planlagde tiltak treff vilkåra i tilskotsordninga i tråd med fristar sett av Helsedirektoratet. Det er utvikla samarbeidsavtalar mellom fylkeskommunen og kommunane, det er sendt ut tilskotsbrev mm.

Vedlagt årsmelding for 2018 som viser oversikt over aktivitetar i programmet (Vedlegg 1).

- Regionalt samarbeidsorgan

Eit vilkår for å vere programfylke er etablering av regionalt samarbeidsorgan. Samarbeidsorganet skal vere oppdatert på arbeidet i fylket og gje fylkeskommunen råd om mellom anna:

Val av programkommunar: kriterier og opptak, val av tiltak og fordeling av tilskotmidlar.

Samarbeidsorganet har gjennom 2018 og hittil i 2019 hatt fire møter. Fylkeskommunen har lagt råda frå organet til grunn for vedtak i programmet.

Medlemar Regionalt samarbeidsorgan	
<i>FoU-miljø</i>	<i>Fylkeskommunen</i>
Regionalt kunnskapssenter for barn og unge (RKBU) (NORCE)	Regionalavdelinga, HFK
Kompetansesenter Rus (KoRus) Vest	Nærings- og lokalsamfunnsutvikling, HFK
Folkehelseinstituttet (FHI) Avd. for helsefremmande arbeid Bergen	Opplæringsavdelinga, HFK
Universitetet i Bergen v/ HEMIL-senteret	Kultur- og idrettsavdelinga, HFK
Høgskulen på Vestlandet	<i>Politisk leiing og ungdomspolitikarar</i>
<i>Kommunane</i>	Folkevald posisjon Hordaland
Regionråd Hardanger + Voss	Folkevald opposisjon Hordaland
Samarbeidsrådet for Sunnhordaland	Ungdommens fylkesutval
Samarbeidsrådet for Bjørnefjorden	Ungdommens fylkesutval
Bergen kommune	<i>Prosjektsekreteriat</i>
Vest-kommunane	Regionalavdelinga, HFK prosjektleiar
<i>Statelege etatar</i>	Regionalavdelinga, HFK prosjektmedarbeidar
Fylkesmannen i Vestland	<i>Frivillig sektor</i>
NAV Vestland	Nasjonalforeningen for folkehelsen

- *Programkommunane*

Målet etter første opptak i 2018 var å knyte fem-seks tiltak inn i programmet som pulje 1. Dette talet er nådd då alle kommunar med samarbeidspartar som søkte fekk opptak som programkommune. 14 kommunar i fylket er involvert i utviklingsarbeidet. 4 kommunar står åleine som tiltaksutviklar Askøy, Bømlo, Stord og Kvinnherad. Bergen utviklar tiltak i samarbeid med opplæringsavdelinga Hordaland fylkeskommunane, mens Voss/Hardanger med 9 kommunar samarbeider om eit tiltak med Kvam herad som tiltakseigar.

Arbeid med prosjektutviklinga i kommunane er pågåande. Det er eit mål å få til god involvering av barn og unge, og god medverknad i tiltaksutviklinga. Kommunane etablerer eigen prosjektorganisasjon sett ut i frå lokale behov. Kommunane legg ned ein betydeleg eigen innsats i programarbeidet.

Namn på tiltak/innsatsområde	Tiltakseigar	Lengd på tiltaksutviklinga ¹	Samarbeidsmiljø
Attraktive og gode møteplasser for barn og unge.	Askøy kommune	Programperiode program for folkehelse i Hordaland	Tverrfagleg prosjektgruppe, Ungdom, Høgskulen på Vestlandet
Helsefremmende miljø på sosiale medier.	Bergen kommune	2018/19 – 2021	HFK v/Opplæringsavdelinga, Folkehelseinstituttet, Høgskulen på Vestlandet, Ungdom og lærarar.
Medverknad og deltaking for god trivsel og livskvalitet for alle barn og unge.	Bømlo kommune	2018/19 – 2021	Barnehage, Skule, Barn og ungdom, Grendeutval (inkludert frivillig sektor), Høgskulen på Vestlandet, KoRus Vest.
Juniorforskarprosjektet	Kvam herad med samarbeidskommunar.	2018/19 – 2021	Voss kommune, Samnanger kommune, Granvin herad, Ulvik herad, Eidfjord kommune, Ullensvang herad, Odda kommune, Jondal kommune, Ungdom, HEMIL-senteret
Rosendalsprosjektet	Kvinnherad kommune	2018/19 – 2023	Rosendal ungdomsskule, Ungdom, Frivillig sektor, RKBU, HEMIL-senteret
Tilpassa og trygg overgang frå ungdomsskule til vidaregåande skule	Stord kommune	2018/19 – 2021	Stord vgs., Idrettsråd, Innvandrarråd, Ungdomsråd, Lokal fritidsklubb, Høgskulen på Vestlandet.

¹ Det kan bli endringar då prosjektperiode må vurderast på nytt som følge av endra økonomiske rammer frå Helsedirektoratet.

Økonomi

Tilskotsordninga føreset at midlane skal gå til tiltaksutvikling i kommunane. Det er ikkje høve til å nytte midlar til fylkeskommunane til administrasjon. Det er i utgangspunktet heller ikkje sett av midlar til kompetansesentre, Høgskular og Universitetsmiljøa sitt arbeid. Dette sjølv om det er eit vilkår for arbeidet med tiltaksutviklinga at FoU-miljø bidrar med sin kompetanse. Frå 2019 kan ein mindre del av midlane nyttast til FoU-miljøa, men all større evaluering skal det søkjast om eksterne midlar til.

- Fylkeskommunen sin ressursbruk

I tråd med nasjonale forventningar nyttar ikkje Hordaland fylkeskommune tilskotsmidlar til administrative kostnader. Programmet er svært ressurskrevjande. I 2018 har Hordaland fylkeskommune nytta ca. 85 % årsverk til sekretæriat. I tillegg kjem kostnader til reiseutgifter, arrangement, møter. Hordaland fylkeskommune har nytta rundt kr 750 000,- til utvikling av programmet i 2018. Hordaland fylkeskommune har tilsett 2-årig prosjektmedarbeidar i åra 2018/19. Frå 2020 er det så langt ikkje funne finansiering for prosjektmedarbeidar. Sogn og Fjordane er teke opp i tilskotsordninga frå 2019.

- FoU-miljøa

Dei fem FoU-miljøa som deltek i utviklingsarbeidet i fylket har fram til noe bidrege med arbeidsinnsats som er eigen finansiert. Skal samarbeidet utviklast vidare slik at miljøa kan sette av FoU-tid må det arbeidast med å finne løysingar som kompenserer meirarbeidet. Samarbeidsavtaler er under utvikling.

- Nasjonale tilskot:

Ved opptak i tilskotsordninga fekk Hordaland tildelt kr 36 mill. i tilskot i prosjektperioden under føresetnad av årlege løyve i statsbudsjettet.

For 2018 fekk Hordaland fylkeskommune tildelt 6 mill. kroner. Etter samråd med Regionalt samarbeidsorgan er 18 mill. kroner tenkt til tiltaksutvikling for pulje 1. Øvrige midlar var tenkt til involvering av fleire kommunar i tilskotsordninga. Tildeling av tilskotsmidlar var oppe i samarbeidsorganet den 07.12.18. Hordaland fylkeskommune har tildelt følgjande tilskotsramme fordelt over 3 år under føresetnad av årlege budsjettløyve frå Stortinget.

Bergen:	kr 4.0 mill
Kvam med fl.	« 4.0 mill
Askøy	« 2.3 mill
Bømlo	« 2.3 mill
Stord	« 2.3 mill
Kvinnherad	« 2.3 mill

Det er i tillegg sett av midlar til felles kompetanseheving og utviklingsarbeid.

- Endringar i nasjonale tilskot og konsekvensar for utvikling av programmet i Hordaland

Helsedirektoratet melde i årsskiftet 2018/2019 at det ville bli reduksjon i førespegla budsjetttramme til dei fylka som var inne i programmet for å finne midlar slik at alle fylke kunne bli med i tilskotsordninga. Grunngevinga er at det ikkje er funne så stor budsjetttramme i statsbudsjetta som tenkt når programmet starta opp, og at den nye budsjetttramma til alle fylka vil vere på til saman 77 millionar kroner årleg.

Hordaland fylkeskommune og fleire andre fylke tok opp i møte med Helsedepartementet og Helsedirektoratet i møte mellom helsemyndigheitene og fylkeskommunane i januar 2019 at det er uheldig at det blir endingar i rammer når kommunane har rigga seg til langsiktig utviklingsarbeid. I mars 2019 fekk Hordaland fylkeskommune melding om at tilskotet til Hordaland vert redusert med 1. mill. kroner årleg frå 6. mill til 5. mill kroner. Kun auka rammer i statsbudsjettet for 2020 kan i følgje Helsedirektoratet endre rammene på nytt.

Fylkesrådmannen seier seg lei for at omprioriteringane nasjonalt rammar utviklingsarbeidet i Hordaland. Hordaland fylkeskommune vil framover arbeide med å omstrukturere tidlegare planar for utrulling av programmet i fylket. Det vil bli lagt fram melding knytt til dette etter møte med samarbeidsorganet hausten 2019. Hordland fylkeskommunane vil så langt råd oppretthalde planlagt tildeling til kommunane som er inne i programmet. Eit vilkår er at det er mogleg å strekkje tilskotsperioden over fleire år.

Vedlegg 2:

Årsmelding for 2018 - Program for folkehelsearbeidet Hordaland

Bakgrunn

Etter mandatet skal samarbeidsorganet orienterast om framdrift i arbeidet knytt til program for folkehelsearbeid i kommunane. Nedanfor kort oversikt over ulike aktivitetar og milepælar gjennomførde på fylkesnivå etter at Hordaland blei programfylke i mars 2018. I tillegg til denne årsmeldinga rapporterer kommunane på aktivitetar saman med fylkeskommunen til Helsedirektoratet. Frist for denne rapporteringa er 01.04.2019.

Søknadsprosess og opptak

Søknad til Program for folkehelsearbeid blei utarbeidd i samarbeid med kommunar og FoU-miljø 2018. Søknadsfristen var 01.03.2018. Hordaland blei teke opp i programmet 21.03.18.

Orienteringar

Vinter og vår 2018 var startperiode for arbeidet i Hordaland. Det er lagt vekt på å orientere breitt om søknadsprosessen og tilskotsordninga.

	Politiske organ	HFK toppleiargruppa	Nettsider - HFK	Kommunane	Orientering samarbeidsorgan
<i>Januar/februar</i>	Referatsak til Fylkesutvalet	Orienteringssak	Start nytt læringsnettverk i samarbeid med KS		e-post: dokument sendt for innspel før innsending til Helse-direktoratet
<i>Mars</i>			Opptak tilskotsordninga	e-post: om opptak som programfylke	e-post: om opptak som programfylke
<i>April</i>	Referat sak til fylkesutvalet om opptak			e-post: informasjon om utlysing	e-post: Løypemelding
<i>Mai</i>			Utlysing er klar		e-post: utlysings-tekst/søknads-skjema
<i>Juni</i>				Kunnskapsgrunnlag: AUD-rapport nr 9 2018	

August			Opptak av program-kommunar	Svarbrev og samarbeids-avtale med program-kommunar 2018	e-post: Referat frå møte i samarbeids-organet 22.08
September				Infoskriv om opptak som program-kommune og samarbeids-avtale	
Oktober	Referatsak Fylkesutvalet				
November				e-post: Endring i bruk av midlar til evaluering	e-post: Endring i bruk av midlar til evaluering
Desember				Godkjenning av tiltak og tildeling av midlar med anbefaling for vidare utvikling av prosjektplan.	

Søkjarkonferansar, samlingar og fellesmøter - Samarbeid med FoU-miljøa

I tråd med framdriftsplan i søknaden har det vore avvikla søkjarkonferansar. Alle kommunane i fylket fekk invitasjon til delta på to søkjarkonferansar på våren med mål om å auke kompetanse på tiltaksutvikling retta mot programmet. FoU-miljøa har delteke på samlingane med faglege innlegg og innspel, og dialog med kommunane. Alle arbeidsprosessar har vore i felles fora. For hausten vart det arrangert to samlingar for programkommunane om framdrift i utviklinga av tiltak og prosjektskisse. Utanom dette er det arrangert fire felles samhandlingsmøter med alle FoU-miljøa. Samlingane og møta har vore til stor nytte for både utviklingsarbeidet i Hordaland og prosjektutviklinga hos kommunane.

Dato	Tal kommunar	Tal deltakerar	Innhald program
16.04	12	29	Informasjon og status i programmet, tilskotsbrev og utlysing. Om prosjektutvikling og eigenevaluering. Gode tiltak rundt psykisk helse og helsefremjande arbeid. Effektevaluering. Regionalt forskingsfond Vestlandet informerer. Dialogprosess mellom kommunar – FoU miljø
25 05	8	21	Helsefremjande tiltaksutvikling. Spørsmål og dialog med kommunane om status i pågåande utviklingsarbeid. Veggen vidare.
Oppfølging av programkommunar			

20.09	6	24	Berre for programkommunar: Følgjeevaluering Sintef, Evaluering, presentasjon av prosjektskisse
18.10	4	12	Berre for programkommunar: Workshop-prosjektskisse
13-14.11	6	7	Prosjektleiarmøte - Nasjonale orienteringar, oppdatering tiltaksutvikling, økonomi, møteplan 2019, Val av tiltak og prosjektframdrift 2019

Møter/samlingar og rapportering Helsedirektoratet

Helsedirektoratet legg vekt på å følge opp nye prosjektfylke tett. Hordaland fylkeskommune har delteke på samlingar, både i saman med medlemmar frå samarbeidsorganet og for fylkesprosjektleiingar. Samlingane har bidrege med informasjon, inspirasjon og fagleg påfyll i saman med dei andre programfylka. Hordaland fylkeskommune har i tråd med vilkåra i tilskotsordninga også levert på rapporteringar etter krav og frist frå Helsedirektoratet.

Dato	Deltakerar	Innhald program
11. og 12.04.	RKBU, Hemil, Rep frå kommunane i Nord-hordland og Hardanger/Voss, ungdommens-fylkesutval og HFK	Arbeidsseminar for samarbeidsorganet: Orientering om program og regelverk. Status programfylka. Om evaluering og evalueringsdesign. Om medverknad. Psykisk helse og rusførebygging. Opplagg for følge-evaluering. Tankar frå KS.
25.06	Videomøte fem fylke	Telefonmøte Hdir: Vekt på funn i foreløpig evalueringsrapport frå SINTEF.
12.09	RKBU, Fylkesmannen, Ungdommens fylkesutval, og HFK	Samling for samarbeidsorgan i Oslo: Status programfylka, Om evaluering og medverknad, Hovudfunn i Sintef sitt notat for våren 2018.
23.10	Møte 11 fylker	Samling prosjektleiingar programfylker: Erfaringsveksling om utfordringar. Økonomi/forvaltning av tilskotsmidlar. Kompetanse som prosjektleiingar. Nytte med samarbeidsorganet. Tiltaksbase på forebygging.no. Her presenterte HFK erfaringar frå arbeidet i nærmiljøprosjektet
Dato	Rapportering	
01.09	Opptak av programkommunar med tiltaksområde for år 2018, samt samarbeidsavtalar om program for folkehelsearbeid i kommunane mellom Hordaland og programkommune.	
21.12	Oversikt over tiltak med støtte frå tilskotsordninga «tiltaksutvikling innan Program for folkehelsearbeid i kommunane» med innvilga tilskot for tilskotsåret 2018.	

Etablering og møte i prosjektgruppe HFK

I tråd med framdriftsplan i søknad er det etablert tverrsektoriell-prosjektgruppe i fylkeskommunen. Grappa har hatt fire møte. Avdelingsdirektørane har peika ut representantar.

Medlemmar	Rolle
Tannhelseavdelinga Kultur og idrettsavdelinga Opplæringsavdelinga Regionalavdelinga. - Næring /lokalsamfunnsutvikling. - Forsking/internasjonalisering/analyse - Planseksjonen	Støtte opp under arbeidet til prosjekt-sekretariatet og bidra til at Hordaland fylkeskommune føl opp pådrivar og samordnar rolla i programmet på ein god måte. Delta i utviklingsarbeidet både i samhandling med kommunar, tilrettelegging for kompetansenettverk/erfaringsnettverk og bidra med eigen kompetanse/nettverk inn i arbeidet.

Utvikla styringsdokument mm.

I samband med opptak av programmet er det blitt utvikla ulike dokument til bruk for programmet i Hordaland.

Dokument	Dato
Utlysingstekst	På nett 8. april.
Søknadsskjema	På nett 8. april.
Samarbeidsavtale HFK-kommunar	Med programkommunane innan 1. september.
Vurderingsmatrise kommunar/tiltak	Saksgrunnlag til møte 22. august.
Habilitetsvurdering-samarbeidsorganet	Sak i møte 22. august.
Prosjektplan – mal for programkommune	Orienterert om 05. november.
Tilskotsbrev til kommunane	21. desember

Møte i samarbeidsorganet

Samarbeidsorganet konstituerte seg i første møte 31.01.2018. Totalt har organet 22 medlemar. I tillegg til to personar frå fylkeskommunen som prosjektsekretariat. I 2018 hadde samarbeidsorganet tre møter. Orienteringar om programarbeidet er også sendt med jamne mellomrom. I møter har mellom anna råd på val av kriterium på programkommunar og råd for endeleg val av kommunar og tiltak inn i programmet vore sak i samarbeidsorganet. I dette ligg også råd knytt til fordeling av tilskotsmidlar. Sentralt i vurderingane har vore å sjå på føremål og nytte av tiltaket, kunnskapsgrunnlag og om tiltaket kan gjennomførast og evaluerast. Til møte i august vart det einigheit om å invitere Sogn og Fjordane inn som observatør til samarbeidsorganet, noko Sogn og Fjordane har takka ja til.

Dato	Tal deltakarar	Innhald i møte
31.01	20	Presentasjon medlemar, informasjon program for folkehelsearbeidet i kommunane, roller i programarbeidet, etablering med mandat og samansetjing, mål for programarbeidet, tal prosjektkommunar, temaområde.
22.08	20	Orientering programdrift vår 2018, søknadsprosess og framdriftsplan, følgjevaluering Sintef, fagleg innlegg om Helsefremjande tiltaksutvikling og evaluering, habilitet i samarbeidsorganet, vurdering av søknad programkommune, budsjettfordeling pulje 1.

14.12	19	Presentasjon prosjektplanar, møteplan 2019, nasjonale orienteringar, val av tiltak, kriterier for tildeling av midlar og tildeling av midlar.
-------	----	---

Nytt læringsnettverk i program for folkehelsearbeid

Oppstarten og utviklinga av «læringsnettverket for program for folkehelsearbeid i Hordaland» er en del av folkehelseprogrammet sin tiårige satsing på å gjere innsats knytt til psykisk helse til ein naturleg del av kommunane sitt folkehelsearbeid. Målet med denne satsinga er derfor å etablere ein felles møteplass for kunnskaps- og erfaringsdeling for alle kommunane i fylket – også dei som ikkje er inne i tilskotsordninga. Nettverket er tenkt som ein møteplass ein til to gonger årleg.

For 2018 blei to samlingar arrangert. I 2018 var samlingane arrangert i samarbeid med og finansiert av KS. Frå 2019 vil nettverket bli vidareført frå fylkeskommunen.

Dato	Tal deltakarar	Innhald i programmet
16.01	65	Korleis arbeide lokalt med psykisk helse og livskvalitet for barn og unge? Psykisk helse i folkehelsesamanheng. Barn og unge si psykiske helse. Det systematiske folkehelsearbeidet og folkehelseleva. Psykisk helse i plan. Døme frå kommunar.
18-19.04	45	Lokal samskaping og erfaringsdeling Barn og unge si psykiske helse. Tverrfagleg samarbeid for barn og unge. Livsmeistring i skulen. Døme frå kommunar.

Økonomi:

Hordaland fekk utbetalt kroner 6 mill. i 2018. Midlane er utbetalt til kommunane for tiltaksutvikling i 2018/2019 i tråd med retningslinjene for tilskotsordninga.

HFK eigenfinansiering 2018

Hordaland fylkeskommune får ikkje nytte midlar frå programmet til eiga prosjektleiing. Det er sett av noko midlar av tilskotsmidlane til ulike kompetansetiltak for kommunane frå 2019. Hordaland fylkeskommune har tilsett prosjektmedarbeidar for dei to første prosjektåra. Stillingsprosent brukt til arbeidet i 2018 er ca. 80 % stilling. Av dette 60 % prosjektmedarbeidar og 25 % prosjektleiar. I tillegg kjem andre personell ressursar som ikkje er prissett.

Hordaland har nytta fylkeskommunale midlar til samlingar og reiser i 2018. Tabell under viser eigenfinansiering frå Hordaland fylkeskommune i 2018.

Kva	Sum
Lønnsutgifter med sosiale kostnader	640 000
Reiseutgifter, arrangement, møte, konferanser	103 695
Driftsutgifter	ikkje pris sett
Kostnader for HFK	743 695
KS-læringsnettverk*	104 329
Totalt	848 024

*Betalt av KS

Oppsummering:

Sidan vi fikk melding om opptak som programfylke i mars, har året vore styrt i stor grad av nasjonale fristar for rapportering. Med omsyn til at kommunane skulle få tid til å utvikle prosjektide og søknad, har søknadsfrist og frist for innlevering av tiltak blitt sett så langt fram i tid som mogleg for likevel å nå nasjonale fristar. Det har vore knappe tidsmarginar sidan opptaket og dermed utfordrande både for fylkeskommunen og kommunane å utvikle/planlegge ting godt nok, i tillegg til å skulle planlegge langsiktig.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare erfaring med prosjektutvikling, til dømes deltaking i nærmiljøprosjektet. Dette er gode erfaringar inn i det nye programmet. Folkehelseprogrammet har eit nytt regelverk og er «rigga» frå det nasjonale nivået på ein litt annan måte. Derfor er mykje ressursar gått til etablering av nye rutinar og andre dokument, i tillegg til å forstå, tolke og jobbe ut frå regelverket. Framover vil Hordaland ha høve til å vidare byggje på de rutinar og dokument som no er lagt til prosjektet.

Der er etablert formelle samarbeidsmøter med FoU-miljø på hausten. Foreløpig ingen skriftlige avtaler for 2018, men miljøa har etter kapasitet bidrege likevel. Hordaland fylkeskommune har invitert kommunane om å ta kontakt med HFK utanom samlingar.

Arbeid i prosjektet 2018 har kravd estimert 0,85 årsverk. Det har vist seg å vere krevjande å etablere programmet. Det kunne blitt brukt meir tid på arbeid med programmet for å mellom anna løfte kvalitet i utvikling/planlegging, men det er avgrensa med tanke på prioritering ovanfor andre oppgåver.

Bømlo kommune
Leirdalen 1
5430 BREMNES

Dato: 09.04.2019
Vår ref.: 2017/17708-28
Saksbehandlar: ninhoel
Dykkar ref.: «REF»

Att.: Alf Helge Greaker

Fråsegn til høyring av kommuneplanen sin samfunnsdel for Bømlo 2019-2049, Bømlo kommune

Vi viser til brev datert 25.02.2019 om høyring av kommuneplanen sin samfunnsdel for Bømlo 2019 – 2049. Hordaland fylkeskommune vurderer planen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Samfunnsdelen er eit viktig dokument i det kommunale plansystemet. Samfunnsutviklinga som blir omhandla i samfunnsdelen vil skildre behov og gi føringar for arealbruken. Vi ser positivt på at kommunen har hatt ein stor prosess med samfunnsdelen med stor medverknad frå etatar i planforum. Utkast til planprogrammet vart diskutert 30.01.2018, og utkast til samfunnsdel var i forum 23.01.2019. Planforum er ein viktig møteplass mellom kommunane og sektororgan på regionalt nivå. Kommunen har i så måte fått mykje innspel i prosessen undervegs. Vi vurderer at våre innspel i stor grad er teke inn i planframlegget som føreligg.

Regional planstrategi 2016-2020 har som langsiktig mål at Hordaland skal vera berekraftig, attraktivt og nyskapande. Hovudmåla er at Hordaland skal ha høg sysselsetting; eit inkluderande samfunn; ei klima- og miljøvenleg utvikling samt samarbeid i ein sterk Vestlandsregion. Framlegget til samfunnsdel for Bømlo sin kommuneplan er i samsvar med den regionale planstrategien, med sitt fokus på maritime næringar og reiseliv; attraktive senter; berekraftig klima og samfunn; samt fokus på folkehelse og inkludering. Dette er positivt og ei styrke i planen.

Bømlo kommune har utarbeidd ein samfunnsdel med tre grunnleggjande prinsippa «bærekraftig», «helsefremjande» og «føre var-prinsippet» synleggjer ei heilskapleg tilnærming til samfunnsutviklinga og klar retning. Det er løfta fram kvar ein ser at arealdelen av kommuneplanen kan vere eit verktøy for å oppnå målsettingane, og kva samfunnsdelen av planen må svare på for at ein kan ta det vidare til arealdelen gjennom arealstrategiar. Planframlegget legg fram 6 temadelar: 1 Hovudutfordringar; 2 Kystkommunen; 3 Klima; 4 Livsmeistring; 5 Inkludering; 6 Demokratiutvikling. Kvar tema har ei matrise med tre kolonner: «Slik vil me ha det»; «Slik gjer me det» og «Arealstrategi». Matrisa tek for seg mål for kommunen innafor tema, korleis kommunen vil arbeide med målet og ein konkret arealstrategi for det aktuelle målet. Dette er ei tydeleg framstilling som vil vere eit godt reiskap for kommunen sitt vidare arbeid.

Senter- og tettstadsutvikling, senterstruktur og handel

Regional plan for attraktive senter (2014) skildrar ei god samfunnsutvikling, og set mål for senter-struktur og senterutvikling i fylket. Attraktive senter er viktige for å sikra naudsynnte tilbod, og for å skapa attraktivitet som gjev busetjing og næringsaktivitet. Attraktive senter som konsentrerer tilbod og befolkning er og viktig for dei totale samfunnskostnadane og kommunen si evne til å levera gode tenester til innbyggjarane. Sentrumsutvikling som tema er godt dekkja i planframlegget.

Framlegget til planprogram drøftar kva det vil seie å være ein kystkommune, og kva dette tyder for Bømlo. «Det at me er ein kystkommune skal me få fram og bruke på ulike måtar, i alle samanheng.» Det er positivt at kommunen legg fokus på kva som er unikt for kommunen, og korleis dette kan understrekast i vidare utvikling. Dette er identitetsskapande arbeid, og er positivt.

Kvalitetane i kystkommunen som er trekt fram går under befolkningsamansetning; maritimt og marint næringsliv; fiskerinæring; lune hamner og idylliske kystgrender; kulturliv og lang historie. Det er summert at kvalitetane i lokalsamfunna og grendene utfyller kvarandre, og det er summen av desse som gjev identitet til bømblingane og styrker kommunen.

Kommunen ønskjer å satse på kommunesenteret Svortland gjennom å utarbeide ein eigen ny områdeplan for sentrum. Dei vil også satse på lokalsentra sine: Rubbestadneset; Moster; Finnås; Langevåg. Lokalsentra er der Bømlo kan tilby innbyggjarane sine ein kvardag som «går opp», med : «Ein kortreist kvardag med berekraftige sosiale kvalitetar, arealbruk og transportløyser. Lokalsentra skal fremje helse, miljø og livskvalitet som er eit godt grunnlag for næringsliv og tilflyttarar. Det er i og kring lokalsentra ein har moglegheit til å etablere arbeidsplassintensive verksemdar, publikumsretta aktivitetar, offentlege og private tenester og opne areanaer for fritids- og kulturaktivitetar.» Sentera skal utviklast med sine lokale særpreg og konsentrere med sentrumskvalitetar som funksjonsblanding, inkludert bustader og blå-grøn struktur. Dette er positivt.

Kommunen er også oppdatert på viktige verkemiddel på arkitekturen i sentrum for å sikre liv og aktivitet også etter stengetid, og vil at «det arkitektoniske og utforminga av uteromma skal vere stadstilpassa og framheve lokale, kulturhistoriske verdiar.» Kommunen vil forhalde seg til regionale retningslinjer for arealplanar i sentrumsområde, men også utarbeide lokalt tilpassa retningslinjer for å konkretisere kva sentrumskvalitetar som bør vere for kva einskild plass. Det er positivt at kommunen er oppteken av å sjå skilnadene mellom dei ulike sentra dei har i Bømlo, og sjå desse i ein samanheng som syner eit hierarki med kommunesenter; lokalsenter og nærsenter.

Bømlo kommune har tre moglegheitsstudiar for Svortland sentrum, Mosterhamn og Langevåg, mellom anna med tildelte tettstadmidlar frå fylkeskommunen. Det er positivt at kommunen understreker at gode moment herifrå må takast med vidare i utviklingsarbeidet og KPA.

Senterplanen er verdt å sjå til som ressurs i arbeid med kommuneplan. Ein definert senterstruktur, der funksjonar innanfor sørvis og handel blir lokalisert etter nivået på senteret, vil styrke kvaliteten på tettstadene i Hordaland, skape eit føreseieleg plangrunnlag for investeringar og næringsutvikling og vere i tråd med samordna areal- og transportplanlegging.

Bustadpolitikken i planframlegget trekk fram at kommunen må ha ein balanse mellom areal som blir lagt ut for bustader og ein realistisk befolkningsutvikling. Livlause grender med tomme fritidsbustader vert problematisert, og ein ønskjer at bustadareal langs sjøen først må bli prioritert til fastbuande. (Sjå Strandsone). Fylkeskommunen er samd i vurderinga at kommunen treng å utarbeide ein overordna bustadstrategi. Det er også positivt at ein trekk fram at ein ønskjer bustader i sentrum. Det bør presiserast at konsentrert bustad-bygging berre skal skje kring tettstader og knutepunkt med sosial infrastruktur som skular, barnehagar og butikk. Kommunen syner å vere medveten om at for å sikre attraktive stader å bu bør

ein ha planar for kvar ein vil konsentrere bustadbygging og dyrke gode lokalmiljø. Kanskje må Bømlo prioritere kva for bygder som er aller viktigast å halde levande?

Når det gjeld handel er det også understreka i planframlegget 2.2 Sentrumskjerner at det er i lokalsentra at det skal lokaliserast offentleg og privat tenesteyting og nye næringsareal til detaljhandel, kontor og kafe. Dette er også i tråd med Regional plan for attraktive senter (2014).

Areal og transportplanlegging

Mobilitet er eit viktig tema i planen, og her er det lagt vekt på korleis innbyggjarane skal delta og bidra i lokalsamfunnet. Eit slikt perspektiv er viktig, og krev at kommunen vektlegger trygg ferdsel for mjuke trafikantar. Ved å konsentrere bustadområdene legger kommunen til rette for at innbyggjarane vert mindre avhengig av bil for å nytte ulike servicetilbod. Vi viser til dei nasjonale måla som er nedfelt i Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (BATP) som vart vedteken i 2014. Hensikta er at planlegging av utbyggingsområder og transportsystem skal legge til rette for mest mogleg effektiv og miljøvennleg transport slik at transportbehova kan reduserast. Spreidd busetting fører mellom anna til meir bruk av privatbil, behov for skoleskyss, og utfordringar knytt til kommunale tenester og beredskap. Det å leggje til rette for at ein større del av befolkninga kan gå eller sykle til ulike målpunkt vil og verke positivt inn på folkehelsearbeidet i kommunen. Oppfølging av dei nasjonale målsettingane er innarbeid i regionale styringsdokument, til dømes i Regional plan for attraktive senter i Hordaland og Regional transportplan for Hordaland.

Kommunen skisserer opp mange viktige tiltak for støtte opp om bærekraftige reisealternativ og med fokus på trafikktryggleik. Vidare skal kommunen bidra til å fremje og prøve ut innovative transportløyisingar. Vi støtter den merksemda transport og mobilitet er gitt i KPS, men fokus på både gange, sykkel og kollektivreiser. Vi er midlertidig usikker på om bruken av omgrepet «sykkelekspressveg» vil vere riktig i denne samanheng. I følge sykkelhandboka stilles det strenge krav til utforming av ein sykkelekspressveg (bedde, kurvatur, stigningar, planfrie kryss mm) for å sikre rask sykling over lengre avstandar. I Norge har det i NTP vore planer for sykkelekspressveg langs riksveg inn til større byer. Sykkelekspressvegar er ressurskrevjande å bygge, og det er få som er realisert nasjonalt. Finansiering av ein gjennomgåande sykkelekspressveg frå nord til sør på Bømlo vil vere vanskeleg.

Kystsone

Strandsone, friluftsliv og landskap

Planframlegget understreker at kommunen vil sikre viktige friluftsområde til lands og til vanns. Sikring av ubygde holmar, øyar og skjær er trekt fram. Kommunen ønsker også å starte arbeidet med å registrere viktige friluftsområde og ta vare på samanhengande grøntstruktur i og nær lokalsentera. At innbyggjarar skal bu nær turområde er ei god målsetting.

Det er positivt at kommunen skal få på plass byggjegranser i strandsona for områder som er eigna for utbygging, både for nye og eldre planar. Her kan vi tilrå å få utarbeidd ei strandsoneanalyse der ein nyttar metodikken for kartlegging av funksjonell strandsone, samt at ein får fram moglegheiter for fortetting. Å gjere dette som ein del av kommunerulleringa er klokt. Kartlegging av strandsona og fastsetjing av funksjonell strandsone som grunnlag for lokalt tilpassa bruk og forvaltning er ein hovudstrategi for den regionale strandsonepolitikken i Hordaland. Definisjon av funksjonell strandsone er som følger: "Den sona

som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vere smalare eller breiare enn 100-metersbeltet.”

Kartlegging av funksjonell strandsoner inneber ei detaljert analyse av landskap og landskapselement, og vil mellom anna krevja synfaringar og flyfotostudier. Gjennom ei samanstilling av kjent kunnskap og nye vurderingar kan ein differensiera strandsoneverdiane basert på fastsette kriterium, og slik definera område som bør vernast og område som kan vidareutviklast med ny utbygging eller fortetting. Kvalitetar knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne, bygningsmiljø og tilgjenge for ålmenta står i fokus. Kartlegginga krev ikkje anna kompetanse enn det kommunane normalt har for planleggings- og kartarbeid. Det er ein viktig føresetnad at arbeidet er kunnskapsbasert og kan etterprøvast.

Planframlegget skildrar utfordringar som kommunen har på temaet strandsoner/landskap:

- Fritidsbustader i strandsona som gjev privatisering og livlause grender utanom ferisesong
- Urørt natur må ha høg prioritet, og utvikling må skje til nytte for ålmenta heller enn gjennom privatisering
- Behov for differensiert arealbruk, særleg opna for interesser knytt til næringsutvikling

Areal langs sjø og vassdrag er viktige og representerer store verdiar både som landskap, natur/naturmangfald og som rekreasjonsområde både på land og sjø/vatn. Det har vore og er generelt eit stor press mot desse areala og plan og bygningslova gjev strandsona eit sterkt vern. Men forvaltninga av desse areala er krevjande. I planframlegget kjem det fram at innbyggjarane på Bømlo ønskjer fleire bustadområder i sjølina. Dette er noko kommunen ønskjer å gjennomføre ved å trekke lokalsamfunnet ned mot sjøen. Vi minner om Regional kystsonerplan for Sunnhordland og ytre Hardanger der det er forankra i retningslinene i planen at nye område for bustad og fritid ikkje skal ligge i strandsona. Berre innanfor areal avsett til sentrumsområde i kommuneplan kan areal til bustad- sentrums- og næringsutvikling prioriterast framfor areal til fritidsføremål. Kommunen bør følge regional plan, og utover dette kan ein gjere lokale tilpassingar.

Det er viktig at kommunen ser si rolle og tek ansvar for heilskapleg utvikling i kommunen. Med klare retningslinjer og føresegn bør det bli enklare å halde seg til gjeldande planar, samt å sikre både strandsoner og landskap. Vi oppmodar kommunen til å gå grundig til verks her og sikre seg klare rammer for handsaming av planar dei neste åra. I Regional kystsonerplan for Sunnhordland og ytre Hardanger står det klare retningslinjer på føremål i strandsona, både når det gjeld næring og fritid. Disse bør kommunen sjå til som ein nyttig ressurs i arbeidet med utforming av sine føringar.

Under er link til kystsonerplanen samt kunnskapsgrunnlaget som ligg på våre nettsider:

<https://www.hordaland.no/nn-NO/plan-og-planarbeid/regionale-planar/regional-kystsonerplan-for-sunnhordland-og-ytre-hardanger/>

Næring

Maritime næringsområde

Fiske og akvakultur er ein del av den historiske identiteten til Bømlo, og er framtidsretta næringar. «Det skal leggjast til rette for at marine og maritime næringar i området kan utvikla seg vidare til å vere lønsame og konkurransedyktige i eit langsiktig perspektiv innanfor rammene av ei berekraftig utvikling.» Høg kompetanse og innovasjon innan marine næringar er trekt fram som eit av kommunen sine konkurransefortrinn. Ny fiskerihamn i Hovlandshagen/Langevågen vil kommunen ha realisert. Ved planlegging av nye eller utviding av eksisterande næringsområde, må behov for næringsutvikling og arbeidsplassar tilleggas vekt. Samstundes skal dette vektast opp mot omsyn til allmenne interesser. Det er viktig at dei gode næringsareala til sjø vert nytta av verksemdar som har eit reelt behov for å vera lokalisert ved sjøen.

Landbruk

Bømlo vil oppretthalde landbruket og vere open for nye formar for drift. Planframlegget fastslår at jordvernet må stå sterkt og at kommunen vil følgje opp ein nasjonal jordvernstrategi. Dei vil også få eit arealrekneskap som vil vere eit viktig kunnskapsgrunnlag.

Temaplan for landbruk Hordaland gjev viktige regionale føringar. I denne er det 3 hovudmål: styrka lønnsmda, auka produksjonen og betra rekrutteringa til landbruket. Desse målsetjingane kan koma tydeleg fram i plandokumentet.

Reiseliv

Det er positivt at Bømlo ønskjer å satsa på reiseliv. Dette er ein viktig næringsveg no og for framtida. Reiselivsnæringa er i vekst i Noreg og i verda. Bømlo har mange ressursar som kan nyttast i denne samanheng, og dette er dei medvitne om i planprogrammet. Her går det fram mykje tankegods som er i tråd med trendar innan reiseliv. I «Reiselivsstrategi for Vestlandet 2013 – 2020» går det fram ulike trendar og strategiar for ei berekraftig og lønsam reiselivsutvikling.

Innan reiseliv er det viktig å tenke regionssamarbeid, og å tenkje region når det gjeld å selja eit eige varemerke. Slik kan ein synast og «nå ut». Ein heilskapleg «pakke» av kvalitetsopplevingar er viktig, og lokal mat er ein viktig del av dette.

Det å satse på å halde på levande bygder er viktig mellom anna med omsyn til potensialet i reiselivs-utvikling. Samtidig må satsing på desse, i ei tid med negative folketalsprognosar, balanserast opp mot å bygga opp sterke attraktive sentre.

Ungt entreprenørskap

Arbeidet med å fremje entreprenørskap i kommunen bør starte tidleg. Ungt entreprenørskap (UE) er eit verdifullt tiltak i skulen i så måte. Ikkje berre aukar det sannsynet for å starta eigen bedrift, men det bidreg til eit meir kreativt tankegods kring det å nytta ulike typer som kan kome lokalsamfunna og eksisterande næringsliv til gode.

Klima og energi

Miljødirektoratet har i år, i samarbeid med Statistisk sentralbyrå utarbeidd ny statistikk for klimagassutslepp i kommunane. Her er nyttig statistikk for kommunen si klimaplanlegging. I følge «Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene» skal kommunen i kommuneplan eller i eigen kommunedelplan innarbeida tiltak og verkemidlar for å redusere klimagassutslepp og fremje energieffektivisering og -omlegging.

Bømlo kommune melder seg på laget for å oppfylle internasjonale og nasjonale klimamål, med spesielt fokus på områda energiforsyning og areal- og transport. Bømlo vil legge til rette for at både innbyggjarar og næringslivet skal bidra i klima- og miljøarbeid, og medverke til ei grøn omstilling.

Å integrere klimaplanen inn i samfunnsdelen er ein god arbeidsmetode, som vi også signaliserte i planforum. Planframlegget legg fram klare mål og strategiar. Planen har ei kopling mellom klima og arealforvaltning, som fastslår at å redusere det daglege transport-behovet vil vere eit viktig tiltak for å nå lokale utsleppsmål. Dette kunne med føremon ha vore drøfta vidare. Klimatilpassing er ein viktig faktor når det kjem til lokalisering av bustader. Å vurdere i kva grad lokalisering genererer utslepp, og kor sårbare

lokalitetar og tiltak vil vere for klimaendringar er begge delar viktige faktorar ved bustadutbygging. Ein kan difor gjerne nytta omgrepet klimaomstilling, om ein ønskjer å inkludere begge desse faktorane.

Elles er det positivt at planen inkluderer strategiar for klimarisikoar, som flaum, storm, vassforsyning etc. Kommunen vil også få ein handlingsstrategi for klimaarbeidet i kommunen, i kombinasjon med klimabudsjett og klimarekneskap. Bømlo vil redusere sine klimagassutslepp med 80% innan 2030. Områda ein vil ha fokus på reduksjon av utslepp er vegtransport; jordbruk; bygg og anlegg; samt hamneanlegg og elektrisk infrastruktur for maritim sektor.

På tema energibruk og transport vil det vere mogleg å gjennomføre tiltak som å byta ut kommunen sine eigne bilar med elbilar, bygge ladeinfrastruktur til elbilar, vurdere energieffektivisering, solfangarar på kommunale bygg og mykje anna. Det er mogleg å søkje støtte til ulike, kommunale tiltak gjennom dei statlege ordningane Klimasats og Enova, eller fylkeskommunen si støtteordning for kommunale klimatiltak.

Folkehelse, inkludering og universell utforming

Det verktøyet kommunane har for å få oversikt over innbyggjarane sin helsetilstand og påverknadsfaktorar for helse i kommunen er Folkehelselova § 5. Dette dokumentet skal vere skriftleg, tilgjengeleg for innbyggjarane og reviderast kvart fjerde år som grunnlag for arbeidet med planstrategien.

Dokumentet ivaretek omsyn til folkehelse på ein svært god måte gjennom heile plandokumentet.

Kommunen viser dette mellom anna gjennom:

Helsefremjande samfunnsplanlegging er løfta inn som eit overordna plangrep.

Koplinga til FN sine bærekraftsmål og med vektlegging også av sosial berekraft er viktig grep..

Gode strategiar på alle nivå som viser gode folkehelseperspektiv og som er befolkningsretta

Gode perspektiv på eit inkluderande samfunn mellom anna med demokrati utvikling som eige innsatsområde.

Kommunen har lagt oppdatert kunnskapsgrunnlag til grunn for planarbeidet og teke inn innspel frå befolkninga etter gode og breie medverknadsprosessar. Dokumentet syner at kommunen har svært god kompetanse om tverrsektorielt folkehelsearbeid.

Inkludering og folkehelsearbeid er eit ansvar for heile kommunen og høyrer heime i alle kommunen sine innsatsområde. Kommunen har valt å beskrive strategiar innanfor oppvekst; aldersvenlege lokalsentra og nærmiljø; psykisk helse; auke kompetanse om berekraft for barn og unge; utvikling av tenestetilbodet; helsefremjande planlegging; ansvarleggjering for eiga helse; inkludering; trygge og aktive nærmiljø; fremje frivillig innsats og samskaping, samt god samfunnstryggleik.fritid og arbeid/næring, samt helse og omsorg. Auka innsats knytt til utdanning og oppvekst, bustad og arbeid bør prioriterast svært høgt for å få ei befolkning med god helse og høg livskvalitet i kommunen i åra som kjem. Innsats innan desse områda bør vektast høgare som grunnleggjande faktorar i folkehelsearbeidet. Innrettinga av arbeidet på desse samfunnsområda er svært viktige for utvikling av likeverdig helse for innbyggjarane på Bømlo i åra som kjem.

Kommunen arbeider og for å redusera ulikskap i levevaner og sosiale og fysiske miljøfaktorar. Eit viktig grep er få breidda av innsatsen på ulike arenaer som nærturområde, merka stiar og sikre areal for nye sosiale møteplassar for å fremje fysisk aktivitet.

Kommuneplanen for Bømlo viser at kommunen har svært god forståing for at folkehelsearbeidet bør styrkast i politikk – og samfunnsutvikling, og at planarbeid er fundamentet for dette. Kommunen set ord på dette ved å slå fast at kommunen har eit ansvar for folkehelsearbeidet.

Kommunen løftar fram folkehelse som eit gjennomgåande tema, og byggjer sin innsats på at årsakene til helse finn vi i ulike samfunnssektorar. Kommunen trekk både fram bakanforliggende faktorar som er negative for utviklinga av helsa og ikkje minst vektlegg plandokumenta verdien av positive ressursfaktorar for å styrke helsa til befolkninga. Begge perspektiv er viktige.

Det er gjennomgåande positivt at kommunen viser til helseutfordringane som grunnlag for mål og strategiar i planarbeidet. Kommunen løftar fram, slik både folkehelselova og plan- og bygningslova legg føringar på, at sosial ulikskap i helse skal løftast fram i planlegginga.

Kulturminne og kulturmiljø

Det er viktig at kulturminne vert ein integrert del av dei overordna planane i kommunen. Kulturminne er ein ressurs som må sikrast i plan. I 2013 vedtok fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune at alle kommunar i Hordaland bør ha kommunedelplanar for kulturminne. Det vart difor starta opp eit eige prosjekt; Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2016, KIK-prosjektet, som har følg opp kulturminneplanarbeidet i kommunane.

Høyringsutkastet til kommuneplanen sin samfunnsdel er delt inn i seks hovudtema: Kystkommunen, Klima, Rusta for livet, Sosialt og inkluderande, Demokratiutvikling og Arealstrategisk oppfølging. Kulturmiljø og kulturminne er skildra under Kystkommunen, punkt 2.10. Her går det fram at data til kulturminneplanen i hovudsak er klart, og at ein tek sikte på å ferdigstille kulturminneplanen før endeleg handsaming av arealdelen til kommuneplanen.

Samfunnsdelen skal vere med på å definere og formidle kommunen sin identitet og kva retning kommunen ynskjer å gå. Bømlo kommune er rik på kulturminne. Kulturminna vil kunne vere ei viktig ressurs til lokal og regional utvikling.

Det er positivt at Bømlo kommune no er i ferd med å slutføre arbeidet med kulturminneplanen, slik at denne kan vere med på å danne grunnlaget for det vidare planleggingsarbeidet. Bømlo kommune har som deltakar fått økonomisk støtte av Riksantikvaren og vil kunne få tilgang på fagleg rådgjeving av Hordaland fylkeskommune til sjølve planarbeidet.

Vi viser også til vedtatt regional kulturplan, som omfattar heile kulturfeltet. Sjå nettsida: <https://www.hordaland.no/nn-NO/plan-og-planarbeid/regionale-planar/regionale-planar---oversikt/>.

Oppsummering

Bømlo kommune har utarbeidd ein tydeleg samfunnsdel til kommuneplanen, som er i samsvar med Regional planstrategi 2016-2020. Kwart tema i samfunnsdelen er gjort reie for med mål, midlar og strategiar. Kommunen har ei heilskapleg tilnærming til samfunnsutviklinga og ei klar retning.

Hordaland fylkeskommune har merknader til nokre av tema, som vi ber om at kommunen tek omsyn til. Det er positivt med satsing på lokalsenter, men kommunen må kanskje velje ut nokre senter som skal prioriterast. Angåande mobilitet kan ein ha fokus på både gange, sykkel og kollektivreiser. I kystsona er det positivt at ein vil legge inn byggegrense i planar, og vi minner om at friluftsføremål har prioritet i strandsona utanfor sentrumsområde. Det er positivt at kommunen er bevisste på å satse på framtidretta maritim næring, samstundes som dei ønskjer å halde fram med fokus på den historisk viktige

landsbruksnæringa. Angående klima er kommunen tydeleg i sine mål for reduksjon av utslepp, og planen skildrar også strategiar i høve til klimarisikoar. Når det gjeld folkehelse og inkludering er også dette tema som kommunen tek på alvor i sitt planframlegg. Kommunen løftar fram sosial ulikskap i helse skal løftast fram i planlegginga. Arbeid med kulturminneplanen er i ferd med å slutførast, og dette ser vi på som positivt.

Vi deltek gjerne i vidare samarbeid, og vonar vi sjåast i planforum i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Eva Katrine R. Taule
kst. plansjef

Nina Gjester Hoel
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlarar:

Nina Gjester Hoel, Seksjon for plan - REGIONALAVDELINGA

Else Marie Aarø, Seksjon for næring- og lokalsamfunnsutvikling - REGIONALAVDELINGA

Hanne Espe, Seksjon for idrett og friluftsliv - KULTUR OG IDRETTSAVDELINGA

Øystein Monsen, Fylkeskonservatoren - KULTUR OG IDRETTSAVDELINGA

Gunhild Raddum, Transportplanseksjonen - SAMFERDSELSAVDELINGA

Kopi til:

FISKERIDIREKTORATET

FYLKESMANNEN I HORDALAND

STATENS VEGVESEN

#BØMLO 2049

Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS)

HØYRINGSUTKAST

18. 02. 2019



18.02.2019
Rådmannen

Innholdsliste:

Forord	5
<i>Ei framtid med moglegheiter</i>	<i>5</i>
<i>Praktisk – om dokumentet, fristar, handsaming.....</i>	<i>5</i>
Arbeidet til no	6
Merknader, innspel.....	6
Visjonsarbeid	6
Kommuneplanen – den viktigaste planen.....	7
Grunnleggjande prinsipp.....	7
<i>Berekraftig kommune og klima.....</i>	<i>7</i>
<i>Bømlo legg vidare til grunn tre prinsipp som skal styre planlegginga:.....</i>	<i>8</i>
1. Her er me i dag – kort om hovudutfordringar	9
1.1. <i>Bakgrunn.....</i>	<i>9</i>
1.1.1. Fakta:	9
1.2. <i>Fire overordna hovudutfordringar</i>	<i>10</i>
1 Tilflytting, rekruttering og inkludering	10
2 Naturbasert kystliv	10
3 Bustadkvaliteter	11
4 Differensiert og nyskapande næringsliv.....	11
2. Kystkommunen.....	13
2.1. <i>Lokalsentra - der kvardagen kan «gå opp»</i>	<i>13</i>
2.2. <i>Sentrumskjernar.....</i>	<i>14</i>
2.3. <i>Fysiske omgjevnadar.....</i>	<i>14</i>
2.4. <i>Næringsliv</i>	<i>14</i>
2.5. <i>Strandsone</i>	<i>15</i>
2.6. <i>Bustadpolitikk</i>	<i>15</i>
2.7. <i>Landbruk</i>	<i>16</i>
2.8. <i>Marine næringar –fiske og akvakultur.....</i>	<i>16</i>
2.9. <i>Kultur.....</i>	<i>17</i>
2.10. <i>Kulturmiljø og kulturminne</i>	<i>17</i>
2.11. <i>Friluftsområde.....</i>	<i>18</i>
2.12. <i>Reiseliv</i>	<i>18</i>
3. Klima – det me leve av	22
3.1. <i>Klimaplan, rekneskap og budsjett.....</i>	<i>22</i>

3.2.	<i>Utsleppsmål</i>	22
3.3.	<i>Utslepp – energibruk</i>	23
3.4.	<i>Utslepp – arealforvaltning</i>	23
3.5.	<i>Utslepp – innkjøp og arealforvaltning</i>	23
3.6.	<i>Låg klimarisiko</i>	23
3.7.	<i>Klimatilpassing</i>	23
4.	Rusta for livet	25
4.1.	<i>Livsmeistring og det aldersvenlege samfunnet</i>	25
4.2.	<i>Kompetanseområde</i>	25
4.3.	<i>Stadkjensle og identitet</i>	25
4.4.	<i>MOT</i>	26
4.5.	<i>Sosiale møteplassar med fysisk aktivitet</i>	26
4.6.	<i>Opplæring</i>	26
4.7.	<i>Helse- og sosialpolitiske målsettingar</i>	26
4.8.	<i>Nye løysingar</i>	27
5.	Sosialt og inkluderande	29
5.1.	<i>Sosial berekraft</i>	29
5.2.	<i>Frivillig innsats</i>	29
5.3.	<i>Idrett og turløyper</i>	30
5.4.	<i>Bibliotek</i>	30
5.5.	<i>Berekraftig og trygg mobilitet</i>	30
5.6.	<i>Bustadsosialt arbeid – «Alle skal kunne bu trygt og godt»</i>	31
5.7.	<i>Kyrkje og trusliv</i>	31
5.8.	<i>Samfunnstryggleik</i>	32
6.	Demokratiutvikling	34
6.1.	<i>Kommunestyret og dei folkevalde</i>	34
6.2.	<i>Grendautvala</i>	34
6.3.	<i>Ungdomsrådet og barns interesser</i>	35
6.4.	<i>Gode og effektive planprosessar</i>	35
6.5.	<i>Råd og organisasjonar</i>	35
6.6.	<i>Forsking og utvikling (FoU)</i>	35
6.7.	<i>Tilskot, EØS/EU-midlar, Vest-Norsk Brüsselkontor</i>	36
6.8.	<i>Kommunen som arbeidsgjevar</i>	36
6.9.	<i>Prinsipp om eigarskap</i>	36

7. Arealstrategisk oppfølging	38
7.1. Finnås	38
7.2. Langevåg	39
7.3. Moster, Mosterhamn	40
7.4. Moster	41
7.5. Rubbestadneset	42
7.6. Svortland	43

Alle foto: Bømlo kommune

Forord

Ei framtid med moglegheiter

Ordførar Odd Harald Hovland

Kommuneplanen skal stake ut vegen vidare for Bømlo kommune.

Plandokumentet er viktig og har store verknader, og då er prosessen fram til ferdig plan viktig. Difor er det lagt stor vekt på involvering og forankring i arbeidet. Kommuneplanen vert laga for ei tid der endringar lokalt, nasjonalt og internasjonalt etter alt sannsyn vert store, men kor moglegheitene for Bømlo også er det.

Me kjenner ikkje framtida fullt ut, men i ei omskifteleg verd er det viktig å ha langsiktige mål.

Den komande kommuneplanen skal danne grunnlaget for all annan planlegging i kommunen. Ikkje minst skal den peike retning slik at me møter dei store utfordringane som berekraft og klima på ansvarleg vis.

Det er difor viktig å understreke at planen er noko meir enn eit enkeltstående dokument. Den skal vere grunnlaget for mange og viktige politiske prosessar i lokalsamfunnet Bømlo.

Planen skal legge føringar for utvikling, fornying og justering i styringa og organiseringa av kommunen vår. Me vil også i framtida ha eit sterkt næringsliv med eit mangfald av arbeidsplassar, attraktive bumiljø og eit godt offentleg tenestetilbod.

Bømlo er ein kommune med moglegheiter. Me ligg sentralt på vestlandet i ein region med eit sterkt og variert næringsliv. Me har framleis vakker og variert natur som gjer stor valfridom når det gjeld korleis me vil nytte fritida vår. Me har trygge og gode bu- og oppvekstvilkår.

Det er opp til oss sjølv om me greier å utnytte desse kvalitetane.

Eit godt lokalsamfunn er summen av alle som bur der.

Praktisk – om dokumentet, fristar, handsaming

Dette er høyringsutkastet til den #Bømlo2049, nye kommuneplanen sin samfunnsdel, KPS.

I kommunen sin planstrategi har det blitt vedteke at gjeldande kommuneplan sin samfunnsdel frå 2013, skulle bli rullert.

Fleire tema frå gjeldande samfunnsdel er fortsatt aktuelle, men det har vore behov for ei vesentleg «opprusting» av KPS, mellom anna med omsyn på forankring i lokalsamfunnet, og for å ha eit anvendelig plandokument.

KPS legg også grunnlag for kommunen si arealforvaltning og er førande for KPA (med planskildding, kart, føresegn) som skal bli rullert i etterkant. KPS legg og grunnlaget for framtidige kommunedelplanar for tema, verksemder, temaplanar, strategiar og/eller områdeplanar.



Arbeidet til no

Planprogram for ny samfunnsdel blei godkjent mars 2018. Etter det starta ein medverknads- og informasjonsprosess. Ein har hatt folkemøte og motteke innspel frå samtlege grendautval. Kommunen har prøvd ut nye medverknadsmetodar opp mot barn og unge og fått noko over tjue innspel frå eit ope elektronisk skjema. I tillegg har kommunen hatt informasjonsmøte, konkurranse i samarbeid med BømloNytt, utarbeidd informasjonsmateriell og hatt stands, blitt invitert til, samarbeid med og stilt opp med frivillige og ulike frivillige organisasjonar og lag samt nytta sosiale media.

Dei folkevalde har fått førebunde saker i form av oppdatert oversynsdokument og fagnotat med nokre viktige overordna tema. I løpet av året har det også blitt laga tre moglegheitsstudier for respektive Svortland sentrum, Mosterhamn og Langevåg.

Alle desse innspela og dokumenta har ligge til grunn for arbeidet med høyringsutkastet som no ligg føre.

Foran i kvart kapittel står det også kva planprogramtema som dette baserer seg på.

Merknadar, innspel

Alle kan komme med merknadar og innspel til dette høyringsutkastet innan ein annonsert frist. Alle merknadar blir vurdert administrativt av arbeidsgruppa kor vidt dei er aktuelle å ta til etterretning for samfunnsdelen. Styringsgruppa vil halde fram med å leie arbeidet.

Kommunen vil halde informasjonsmøte når planen blir lagt ut på høyring og elles vere disponible og behjelpelege med informasjon. I løpet av høyringsperioden vil det vere aktuelt for kommunen å halde dialogmøte om enkelte tema, i henhold til planprogrammet.

KPS skal vere eit overordna dokument, som merknadane og innspela bør reflektere. Merknadar til konkrete tomter og byggesaker er altså ikkje aktuelt til dette dokumentet.

Ein endeleg samfunnsdel skal etter planen bli politiske handsama juni 2019.

Visjonsarbeid

I høyringsperioden vil me saman med ungdomsrådet jobbe med visjonsarbeidet, fram mot endeleg samfunnsdel.

Samfunnet i dag er ikkje slik det var før, og i 2049 kjem det ikkje til å være slik det er no.

Men kven er det som fører samfunnet i rett retning? Kan vesle Bømlo, ein liten prikk på verdskartet, gå fram som eit eksempel på eit moderne samfunn? Eg trur, og håpar at me kan klare dette.

Bømlo må våge å tenkje nytt, stort og først.

Bømlo må våge å ta det store steget ut i framtida. Klarer me det, då trur eg me vil være ei øy full av liv og kultur der folk i alle aldrar trivest.

Eg er i alle fall stolt av å kunne kalle Bømlo min heim.

*Aurora Lodden, utdrag frå vinnartekst, konkurranse «#Bømlo2049»
Bømlo-Nytt / Bømlo Kommune, sommar 2018*



Kommuneplanen – den viktigaste planen

Kommuneplanen er eit overordna og langsiktig styringsdokument. Difor kan me gjerne tenke både 10, 20 og 30 år fram i tid. Denne kommuneplanen skal leggje til rette for ønska samfunnsutvikling, arealforvaltning og tenesteproduksjon frå mot 2049.

Ein kommuneplanen skal etter plan- og bygningslova (PBL kap. 11) bestå av ein **samfunnsdel (KPS)** med handlingsdel og ein **arealdel (KPA)**.

I følge lova skal KPS (PBL §11-2)« ... ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon ... Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen».

Grunnleggjande prinsipp

All planlegging i Bømlo skal basere seg på nokre grunnleggjande prinsipp.

Berekraftig kommune og klima

Berekraft handlar om at me skal leve og utvikle oss samstundes med at me gjer neste generasjon minst like gode moglegheiter for det same. Plan- og bygningslova har og som føremål å fremje berekraftig utvikling. Difor skal alle me i Bømlo vere med på å beskytte natur, samfunn og landskap, og samstundes sørge for at lokalsamfunnet har noko å leve av.

Bømlo skal vere med på å oppfylle internasjonale og nasjonale berekraftmål. Difor legg me FN sine berekraftmål (sjå figur) til grunn for kommuneplanarbeidet. Dette inkluderer også klimamål. Fram mot 2049 skal Bømlo kutte sine klimagassutslepp med 90%.

Klimaarbeidet skal vere integrert i alle kommunen sine rutinar og system. Ein skal ikkje vere avhengig einskilde «eldsjeler». Kommunestyret har vedteke at klimaplanen skal bli implementert i ny kommuneplan.

FNs BÆREKRAFTSMÅL



Fig.: FN-sambandet, www.fn.no

Bømlo legg vidare til grunn tre prinsipp som skal styre planlegginga:

- All planlegging skal vere berekraftig med omsyn på klima, sosialt liv og økonomi (KSØ)
- All planlegging skal vere helsefremjande
- All planlegging skal leggje «føre var»-prinsippet til grunn

Dette inneberer mellom anna at me skal vere med på overgangen til lågutsleppssamfunnet og ein sirkulær økonomi. Innbygarane skal bli inkluderte. Me skal fremje likestilling, førebyggje negative, sosiale forskjellar og alle skal oppleve tryggleik og trivsel. Innovasjon og nyskaping skal bli fremja i både offentleg og privat sektor.

Helsefremjing i all planlegging inneber at materielle og sosiale kvalitetar har positiv påverknad på helsa. Folkehelselova ligg til grunn.

Der me manglar kunnskap eller har stor usikkerheit, skal me handle etter «føre var»-prinsippet.

I løpet av dei neste tiåra vil det nok komme fleire faktorar for kva eit samfunn blir målt på. I dag er dei viktigaste faktorane befolknings- og økonomisk vekst, men opplevd tryggleik og sosial tilstand blir på globalt nivå diskutert som mål. På Bømlo skal me førebu oss og ta omsyn til desse faktorane i planlegging allereie i dag.

1. Her er me i dag – kort om hovudutfordringar

Bømlo kommune skal ikkje berre vere ein tenesteleverandør, men vere ein samfunnsaktør. Me skal vere ein kommune som er kjent for å ta sitt samfunnsansvar.

1.1. Bakgrunn

I øykommunen Bømlo er du aldri langt frå sjøen. Flateinnhaldet i kommunen er 247 km² og innbyggjartalet er snart 12 000. Kommunen sitt handels- og kommunikasjonscenter ligg på Svortland. Elles er busetnaden spreidd, med fem lokalsenter.

Det maritime miljøet pregar næringslivet. Sjøen er også ein viktig faktor for reiselivsnæringa, der skjærgarden lokkar med holmar og øyar, lune vikar og kanalar. På Bømlo finn ein vekslende natur, frå det karrige landskapet ytst mot havet, til meir frodige område.

1.1.1. Fakta:

- 10 skular med om lag 1750 elevar
- 2 fylkeskommunale vidaregåande skular, Bømlo vidaregåande skule og Rubbestadnes vidaregåande skule / Maritime fagskule
- 1 folkehøgskule(Bømlo Folkehøgskule)
- 8 barnehagar med full barnehagedekning
- 100 institusjonsplassar
- 150 kommunale bueiningar (omsorg, flyktningar, PU og andre)
- Over 700 bedrifter, eit høgt teknologisk miljø, mekanisk industri, rederiverksemd, havbruksnæring, reiselivs-, handels- og servicenæringar

Bømlo har hatt ei netto folkevekst kvart år sidan 2006. Auken i folketalet har i hovudsak skuldast ei netto innflytting til kommunen frå utlandet, i stor grad i form av arbeidsinnvandring. Hovudtrenden i dag er at dei unge trekker mot sentrale strøk, mens dei eldre blir buande i heimkommunen.

Basert på oversynsdokumentet, nasjonale bakgrunnsdata og lokal statistikk, er det viktigaste å førebyggje framover: for tidleg død av ikkje-smittsame sjukdomar (livsstilrelatert); psykiske lidningar; muskel og skjelettplager.

På Bømlo har vegutbetringar gjennom Bømlopakken betra forholda og trafikktryggleiken for alle fleire stader, men det er fortsatt utbetringar som må på plass.

- Sjå også «OPPDATERT OVERSYNSDOKUMENT- bakgrunnsdata til kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS), «FAGNOTAT – Arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS), KDP Oppvekst og oppdatert oversynsdokument» og «FAGNOTAT – Attraktiv kommune og lokalsenterutvikling»

1.2. Fire overordna hovudutfordringar

Utanom klima, så er dette utfordringar som alle skal vere med på å løyse. Til dømes kan klimautslepp bli redusert gjennom godt planlagt skulestruktur. Helseutgifter kan bli reduserte gjennom ein god kulturpolitikk og gode næringsvaner. Kriminalitet kan førebyggjast og tryggleik bli styrka, gjennom å skape meir sosialt liv på gatenivå og med gode tur- og snøggveggar.

1 Tilflytting, rekruttering og inkludering

Me må ha ei god auke av innbyggjarar med relevant kompetanse, i arbeidsfør alder, framover. Tilflytting og inkludering er to sider av same sak og blir eit svært viktig strategisk tema for kommunen. Framover skal me gjere kommunen meir attraktiv for unge i etablerarfasen. Det er nødvendig mellom anna med tanke på at talet på eldre kjem til å auka monaleg dei neste tiåra.

Me veit at det er fleire menn enn kvinner som blir buande på Bømlo. Dette «kjønnsgapet» vil me redusere. Me vil ha serskilt fokus på å få unge jenter og kvinner til Bømlo. Me skal bryte dei tradisjonelle kjønnsrollene i arbeidslivet og ha ei strategisk satsing på å auka delen av yrkesaktive kvinner i kommunen, både i offentleg og privat sektor.

Dagens fødselstal er ikkje høge nok på lang sikt. Me må ha netto fleire tilflyttarar enn dei som blir født her. Me ønsker oss internasjonal arbeidskraft, også frå land utanfor EU/EØS. At alle skal bli raskt og godt inkludert i lokalsamfunnet må bli ein vesentleg del av tilflyttarstrategien vår.

2 Naturbasert kystliv

Vårt unike fortrinn er kystlandskapet *i kombinasjon med* kultur- og industrihistoria.

I medverknadsfasen har det komme fram eit sterkt ønske om å sikre ålmenta betre tilgang til, og betre bruk av, kysten sine kvalitetar. Kystsona vår skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverka til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet.

Ei berekraftig foredling og meir rettferdig forvaltning av kyst- og strandsona blir sentralt i kommuneplanlegginga framover. Me skal ikkje stogge utbygginga. Me ønskjer snarare at Bømlo skal trekke seg lenger ned mot sjøen, men utviklinga og utbygginga må skje i mykje meir føreseielege og strategisk ordna former enn i dag.

Bømlo skal vere ein grøn kommune kor alle skal ha rik tilgang på både blå og grønne områder. For å sikre dette til for alle og få ei balansert utvikling av kommunen blir lokalsentra strategiske utviklingsområde. Det er lokalsentra det er beste moglegheiter for å fremje kystlivet når me skal utvikle bustadområde, tilføre sentrums kvalitetar, tenester og arbeidsplassar. Difor må me samordne bustad-, areal- transportpolitikken.

Naturen kan senke stressnivå, auke kreativiteten på arbeidsplassen, betre motorikk og konsentrasjon hos barnehagebarn og forbetre helsenivå, både i og utanfor institusjonar. Me skal i det daglege ta i bruk dei kvalitetane kystnaturen og kystkulturen gjer oss, anten det gjeld kulturliv, opplæring, sjøretta næringsliv, arkitektur, bustadkvaliteter eller helsearbeid, skal me bruke og foredle dette. Ei naturbasert liv ved kysten er vårt grunnlag for ein god oppvekst, identitet og livsmeistring. Kulturarven vår skal bli nytta aktivt inn i kvardagen vår. Til dømes må ikkje kulturminne og friluftsområde bli betrakta som noko som er utskilt frå bustad- og næringsplanlegging, men skal bli integrerte delar av framtidig utvikling.

Dette kan gje verdiskaping med ringverknadar ut over kommunen sine grenser.

Med stadig fleire eldre, blir kystbasert (friluft-) liv eit viktig element i å halde folk friske. Dette skal få ei brei plass i den kommunale planlegginga.

Bømlo har delteke i det nasjonale prosjektet «Helsefremjande nærmiljø». Slike prosjekt skal me halde fram med å delta i for å nyte prinsippa og erfaringar i det vidare utviklinga av Bømlo

3 Bustadkvaliteter

Både klimamål og folkehelseutfordringar kan bli løyst med ein god bustadstrategi.

Det er mange einbustader på Bømlo, samstundes som det tar tid å få seld bustader utanfor kommunesenteret. Attraktive bustadområde handlar ikkje berre om tilstrekkeleg areal. Områder som blir regulert til bustader må vere attraktive med omsyn på ei rekke faktorar som nærleik, tryggleik, utforming, materielle og sosiale kvalitetar. Fleire bustader ved sjøen har gått igjen som eit sterkt ønskje i frå grendautvala i medverknadsfasen. Difor skal me få fleire til å bu i kort avstand til sjøen og grønstruktur. Dette må gjerne vere kombinert med næringsverksemd som kan sameinast med bustader og bustadområde. Samstundes er det viktig å ta vare på strandsonekvalitetane for ålmenta.

Å utvikle gode bustadområde krev ei rekkje tverrsektorielle grep.

4 Differensiert og nyskapande næringsliv

Også i framtida skal me ha fleire bein å stå på. Å vidareforedle «gründeranden» skal me halde fram med. Tilflytting blir viktige, men me skal samstundes aktivt bevisstgjere våre eigne ungdommar i 13-18-års alderen kva moglegheiter me har i Bømlo, både med tanke på yrkesutdanning og høgare utdanning. Marin og maritime næringar vil fortsatt stå sterkt mens kulturbasert næringsliv har eit stort potensiale.

Bømlo skal difor ha eit nært samarbeid med både næringsliv og FoU-miljøa i regionen. Vidare skal Bømlo bli kjent for sosiale og gode næringstilhøve, som mellom anna inneber nærleik til friluftsområde og barnehagar. Dette må danne grunnlag for eit fortsatt differensiert, berekraftig og nyskapande næringsliv dei neste 30 åra.

1 HOVUDUTFORDRINGAR		
Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Arealstrategi
Berekraftig planlegging	Dei grunnleggjande prinsippa og FN sine berekraftmål skal bli lagt til grunn i alle planane i Bømlo	Følgje opp med berekraftig arealforvaltning i alle planar som KPA, kommunedelplanar, strategiar, osb.
Bømlo skal vere ein kommune som ein ønskjer å flytte til og ha netto befolkningsvekst dei neste 30 åra	Satse på å kvalitetar som gjer oss attraktive for alle unge som vil etablere seg.	Satse på og utvikle kommunen på ungdom og dei unge sine omsyn. Sikre gode og attraktive areal til bustader, næring
	Minske kjønnsgapet; få fleire kvinner til Bømlo i samarbeid med næringlivet	
	Attraktive kommune – og lokalsentra.	

1 HOVUDUTFORDRINGAR		
Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Arealstrategi
	Riktige og varierte bustader på rett plass. Planlegge for sosial berekraft og inkludering.	og kultur (inkludert grønt-areal) i planar. Presisere krav i til bustadkvaliteter og fortetting i overordna føresegner.
Kunne leve eit naturbasert kystliv. Få lokalsamfunnet ned mot sjøen.	Satse på sjønære bustad-, næring- og friluftsområde. Integrere kulturminne og friluftområde i bustad- og næringsplanlegging	KPA, KDP-ar.
Halde fram med å ha eit differensiert og nyskapande næringsliv	Dyrke «gründeranden». Styrke kompetansemiljøa våre, samarbeide med FoU. Gjere oss attraktive med omsyn på sosiale kvalitetar som tilgang til barnehage, friluftområde osb.	Gode næringsareal kombinert med god tilgang til bustad, service, tenester, grøntområde lokalsamfunnet sine kvalitetar i KPA.

2. Kystkommunen



Tema frå planstrategi: Langsiktig arealbruk og framtidretta bustadbygging, næringsliv og sysselsetting, miljø, naturmangfald, friluftsliv og klima

Det at me er ein kystkommune skal me få fram og bruke på ulike måtar, i alle samanheng. På Bømlo, i lokalsentra, har me dei beste kvalitetane ein kystkommunekan ha, til dømes: befolkning frå ulike delar av verda, verdsleiande maritimt og marint næringsliv, fiskerinæring, lune hamner og idylliske kystgrender, kulturliv av nasjonal interesse og ei veldig lang historie som er unik i europeisk samanheng. Lokalsentra og grendene omkring har altså ulike fysiske, historiske og sosiale kvalitetar. Desse utfyller kvarandre og SUMMEN av desse gjer oss til Bømlo og bømlingar. Det er saman, ikkje kvar for seg, at dei ulike lokalsentra og grendene, er med på å gjere kvarandre, og dermed heile Bømlo, gode.

Tradisjonelt har Bømlo hatt mykje spreidd busetting. Dette har tradisjonelt vore knytt til landbruk, men dette sysselsett mange færre i dag enn for nokre tiår sidan. Areal er ein knapp ressurs og eit dyrebart fellesgode som kommunen skal forvalte til det beste for alle. FOR spreidd busetting har ein kostnad for fellesskapet si pengekasse i form av infrastruktur og transportbehov. Samstundes er det økonomisk og sosialt gunstig å ha utvikling i heile kommunen. Utvikling er ikkje einstyddande med utbygging, men betyr òg å bevare og foredle, til dømes viktige naturområde eller kulturlandskap.

God infrastrukturplanlegging og inkludering krev både prioritering, langsiktig planlegging og oppfølging. Å prioritere ein berekraftig infrastrukturbygging forpliktar. Til gjengjeld kan ein utvikle ein *føreseieleg* kommune, også med tanke på ein *føreseieleg* og berekraftig økonomi.

Dagens areal, anten det er til landbruk, bustader eller næring, må utnyttast betre framover. Lokalsentra våre må bli utvikla «innanfrå» og ut. Me skal utvikle og byggje der det allereie er god, eksisterande infrastruktur som VVA og trygge vegar. Dette krev at bustad, areal og mobilitet må sjåast i samanheng, både innad i kommunen, mellom lokalsentra og i regionen.

2.1. Lokalsentra - der kvardagen kan «gå opp»

I medverknadsfasen har det vore tydeleg og gjennomgåande ønskje om å satse på lokalsentra. Utanom kommunesenteret vårt, Svortland, har me fem lokalsentra på Bømlo: Rubbestadneset, Moster, Finnås og Langevåg. I tillegg har me det unike øysamfunnet Espevær med sine nærsenterfunksjonar.

Det er ei sams utvikling av lokalsentra som gjer ei balansert og god utvikling av heile kommunen. Det er her Bømlo kan tilby innbyggjarane ein kvardag som går opp: ein kortreist kvardag med berekraftig sosiale kvalitetar, arealbruk og transportløyningar. Lokalsentra skal fremje helse, miljø og livskvalitet som er eit godt grunnlag for næringsliv og tilflyttarar. Det er i og kring lokalsentra ein har moglegheit til å etablere arbeidsplassintensive verksemder, publikumsretta aktivitetar, offentlege og private tenester og opne arenaer for fritids- og kulturaktivitetar.

Kommunesenteret vårt, Svortland, skal bli utvikla heilskapleg med ein definert sentrumskjerne. Dette bør skje gjennom ein eigen ny, områdeplan for sentrum.

Nokre sentrale teneste og verksemder bør alltid liggje i eit kommunesenter, men det finnst også ting som kan bli lokalisert andre stader i kommunen, særleg om ein kan utnytte lokale særpreg ein ikkje finn andre stader. Det kan med ei meir konsentrert satsing på lokalsentra bli meir enkelt å lokalisere tenester for heile kommunen, på ulike plassar.

2.2. Sentrumskjernar

I medverknadsfasen har det vore grei semje om kva som er dei lokale «sentrumskjernane» i dei ulike lokalsentra. Det er ønskeleg å gjere desse meir «koselege», «trygge» og etablere fleire sosiale møteplassar for alle. Difor må me utvikla desse med sine lokale særpreg og konsentrere med sentrumskvaliteter. Det betyr at i sentrumskjernane skal me ha funksjonsblanding, inkludert bustader og blå-grøn struktur. Det er her me skal lokalisere offentleg og privat tenesteyting og nye næringsareal til detaljhandel, kontor og kafé. Her må me utnytte arealet godt og ha høgare utnyttingsgrad enn elles.

Bygg skal ha aktive, opne fasadar i fyrste etasje mot miljøgate eller der andre aktivitetar skjer som til dømes park, leikeareal, plassar, skule, institusjonar eller torg. Det arkitektoniske og utforminga av uteromma skal vere stadstilpassa og framheve lokale, kulturhistoriske verdjar.

Bømlo skal forhalde seg til dei regionale retningslinjene for arealplanar i sentrumsområde, men sidan lokalsentra våre er forskjellige bør me utarbeide lokalt tilpassa retningslinjer også, som konkretiserer kva sentrumskvaliteter bør vere for kvar einskild plass.

Områda omkring må bli knytt saman med dei lokale sentrumskjernane. Bustadområda må bli foredla med omsyn på sosial berekraft. Skulane har viktige sosiale funksjonar og er gode utgangspunkt for vidare utvikling. Alle lokalsentra skal vere tilknytt minst ei universelt utforma turløype.

2.3. Fysiske omgjevnadar

Det er sterk samanheng mellom omgjevnadane og helse. Difor blir er det nødvendig med ein bevisst og strategisk bruk av arkitektur, utforming og design. Universell utforming (UU) er ein del av dette. Her ligg mykje helsegevinstar og dette arbeidet skal bli mykje meir integrert og fremja i planlegginga framover.

Dei tre moglegeheitsstudia for Svortland sentrum, Mosterhamn og Langevåg, peiker på fleire gode moment som må bli tatt med vidare i utviklingsarbeidet og KPA.

Me må utarbeide ulike føringar og/eller strategi/temaplanar for sentrumskvalitetar, fortetting osv.

- Sjå og kap. 7 med arealstrategiske oppfølgingar.

2.4. Næringsliv

Me skal ha eit differensiert næringsliv. Kommunen si rolle blir primært å vere ein samarbeidspartnar og tilretteleggjar og vere utviklingsretta. På Bømlo skal me ha produktiv verksemder, ha anstendige arbeidsplassar, dyrke fram entreprenørskap, kreativitet og innovasjon også hos barn og unge. Me skal leggje til rette for at små og mellomstore bedrifter kan vokse mellom anna ved å sikre funksjonelle næringsareal og bustader.

På Bømlo skal alle ha anstendig arbeid, eller tilpassa aktivitet, deriblant unge og personar med nedsett funksjonsevne. Å få fleire kvinner inn i leiande posisjonar i næringslivet og i mannsdominerte yrke, blir ei viktig strategisk oppgåve for heile lokalsamfunnet.

2.5. Strandsone

Me ønskjer å trekke lokalsamfunnet ned mot sjøen. Ålmenta sin tilgang til sjøen skal vere eit gjennomgåande krav. Å utvikle sjønære areal til bustader og næring vil nokre stader gjere høva for ålmenta betre enn det er i dag. Utbygging i strandsona skal skje i samsvar med statleg planretningsline for strandsoneforvaltning og Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Indre Hardanger, med lokale tilpassingar.

Me må få på plass byggjegransar i strandsona for områder som er egna for utbygging. Dette gjeld også for eldre planar (før ny PBL 2008) som ikkje har dette, samstundes med at me må revurdere kva eksisterande områder som kan bli omregulert til anna føremål eller bli vidareutvikla.

Bygging av fritidsbustader skal skje i felt, bort frå strandsona, med eventuelle fellesanlegg til sjø. Attraktive strandområde må sikrast innbyggjarane. Ei viss fortetting i eksisterande område for føremålet kan vera aktuelt.

Me skal vurdere om det behov for ei meir differensiert arealbruk, som dei statlege retningslinene opnar for. Særleg er det opna for interesser knytt til næringsutvikling. Kommunale kaiområde skal bli nytta til ålmenta sitt beste. Desse har historisk vore viktige møteplassar og forutan å vere felles båtfest, kan kaier vere viktige sosiale møteplassar med ulike kulturelle arrangement.

Me må også finne egna næringsareal kor ein kan opparbeidde djupvasskaier.

2.6. Bustadpolitikk

Bustadmassen er dominert av einebustader, kor fleire som ligg til sal er meir enn 20 år og ligg utanfor nyare bustadfelt. Det er ikkje sikkert at desse vil vere attraktive nok, med omsyn på kvalitet og geografisk plassering, for tilflyttarane dei neste åra.

Bustader ligg ute for sal over eit lengre tidsrom no enn for få år sidan. Bømlo vil bli påverka av nasjonale bustadtrendar, og dette er trendar som kan endre seg langsamt.

Om lokalsentra skal fungere som møteplassar for alle generasjonar er det viktig at bustadmassen er attraktive for alle, i ulike livssituasjonar. Difor trengs det krav til kva slags bustader som skal bli utbygd kor. Bebuarane og grendautvala må bli involvert i og kan vere gode drivarar for sosial innovasjon.

Me må ha ein balanse mellom areal som blir lagt ut for bustader og ein realistisk befolkningsutvikling. Ein ubalanse vil vere negativt både for potensielle utbyggjarar, kjøparar og kommunen, med tanke på beredskap og viktige samfunnsstruktur (VVA, skule, veg, o.s.b.). Gjeve strategien om å utnytte eksisterande infrastruktur og utbygd areal best mogleg, må nye bustadfelt vere i knytt til lokalsentra, og at sentrumskjerna er innanfor rekkevidda av sykkel- og gonge.

Fritidsbustader ved sjøen er ønskjeleg men dette må bli meir systematisk handsama og ikkje slik at desse legg unødvendig beslag på attraktiv strandsone eller medfører at enkeltgrender blir «livlause» utanom ferisesongane. Bustadareal langs sjøen må først bli prioritert til fastbuande. Nye fritidsbustader må trekkjast lenger opp på land. Tilgangen til sjøen skal bli sikra gjennom fellesareal, opne for ålmenta.

Desse bustadpolitiske føringane må følgjast opp i arealdelen. Bømlo treng og å utarbeide ein overordna bustadstrategi.

2.7. Landbruk

Landbruksdrifta og levande grender er ein del av historia vår, og me oppretthalde landbruket. Nye formar for drift skal me vere opne for. Matjord er viktig av fleire årsaker, mellom anna beredskap og flaumvern. Jordvernet må stå sterkt og me vil følgje opp ein nasjonale jordvernstrategi. Produktiv matjord må ikkje bli nytta til andre føremål. Me må få eit arealrekneskap som eit viktig kunnskapsgrunnlag. Kommunen kan opne for tilleggsnæring utover reint landbruk på gardsbruka.

2.8. Marine næringar –fiske og akvakultur

Marine næringar som fiske og akvakultur er ein del av den historiske identiteten til Bømlo og er samstundes framtidsretta næringar. Det skal leggjast til rette for at marine og maritime næringar i området kan utvikla seg vidare til å vere løn-same og konkurransedyktige i eit langsiktig perspektiv innanfor rammene av ei berekraftig utvikling.

Høg kompetanse og innovasjon innan marine næringar er eit av våre regionale konkurransefortrinn. Bømlo kommune skal vere med på tiltak som kan styrke kompetanse og innovasjonskraft på lang sikt. Me skal vere frampå når det gjeld marine samarbeidsprosjekt.

God infrastruktur er avgjerande. Bømlo kan vere med på å få ned kostnadsnivået for næringa mellom anna med omsyn på veg- og sjøtransport (framføringstid) og infrastruktur som hamner.

Villfisk er ein fornybar men også ein mobil og noko uføreseieleg ressurs. Mange fiskeartar lev heile livet i kystområda, og nyttar store områder av kysten til gyte-, oppvekst- og beiteområde. I tillegg har me reketrålefelt. Desse er særleg sårbare område som må takast omsyn til i arealplanlegginga gjennom plankart og retningslinjer.

Ny fiskerihamn i Hovlandshagen/Langevåg må bli realisert. Fiskemottak og anlegg i Brandasund og Melingsvågen må bli tekne vare på og nytta i framtida også, med gode land- og sjøareal.

Bømlo har ei viktig akvakulturnæring med lokalitetar i kystsona. Det skal leggjast vekt på kunnskapsbasert planlegging og forvaltning for akvakultur i kystsona. Arealforvaltninga må vere ein balanse mellom desse interessene og resten av lokalsamfunnet sine, som villfisk, naturmangfald, friluftsiresser og samfunnsøkonomi.

All næringsverksemd på Bømlo skal vere berekraftig. Dei miljømessige utfordringane med akvakultur ønskjer me å løyse i samarbeid med næringa. Me vil unngå negativ verknad på anadrom villfisk og vandringsrutene. I praksis kan tilgangen på areal bli meir knapp, noko som på kort sikt kan sette grenser for produksjonsvekst. Dersom næringa løyser utfordringane til dømes knytt til lusesituasjonen kan det vere mogleg å auke produksjonen gjennom tilgang på meir areal, utviding av eksisterande lokalitetar, samt endring i produksjonsmetode/teknologi. Då kan Bømlo vere med på å ta del i den nasjonale veksten som er ønskjeleg for næringa.

Me skal følgje føringane i Regional kystsonenplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, med lokale tilpassingar, avklaringar og prioriteringar.

2.9. Kultur

Lokalkulturen vår er eit samfunnspremiss for Bømlo og har nasjonal og internasjonal interesse. Kultur er ein viktig hjørnestein i oppveksten og skal vere gjennomgåande i kommunen sine teneste til dømes innan skule og helsearbeid.

Bømlo har kulturskule, kulturhus og fleire kulturaktørar i kommunen som saman sørgjer for både breidde-satsing og spissa kompetanse. Barn skal møte både amatør- og profesjonell kultur.

Aktiviteteane tilknytt Moster Amfi og Bømlo Teater er unike og er med på å gjere oss attraktive for omverda.

Dette er døme på kor lokalkultur har eit stort potensiale med tanke på næring og arbeidsplassar. Bømlo skal leggje til rette for fleire profesjonelle kulturaktørar og arbeidsplassar.

Med Moster 2024 markerer me norgeshistorie. I 2024 er det tusen år sidan Olav Haraldson og biskop Grimkjell her på Bømlo presenterte Kristenretten, på Mostratinget. Kristenretten var det nye juridiske systemet som samfunnet skulle styrast etter, og som avløyste dei norrøne lovene som inntil då hadde vore gjeldande. Moster2024 skal det bli satsa stort på som ei nasjonal markering.

«Geopark Sunnhordland» som har fått nasjonal status, er døme på kulturverksemd som blir viktig å satse sterkt på. Dette skal komme innbyggjarane til gode ved å vera ein ressurs i småskala næringsutvikling, i undervisning og lokal identitetsbygging.

2.10. Kulturmiljø og kulturminne

Kulturmiljø¹ og kulturminna fortel oss kven me er, og er fundamentale byggjeklossar med tanke på identitet og stadtilhøyrse. Kulturminna våre er ikkje berre materielle gjenstandar på utstilling men og immaterielle kvalitetar som me kan oppleve og vere stolte av i kvardagen.

Data til ein kulturminneplan ligg i hovudsak klart. Det står att å ferdigstille sjølve planen, noko som bør gjerast før endeleg handsaming av KPA.

Me har ei rekkje verdifulle kulturområde som har stort potensiale. Det gjeld gullgruvehistoria på Lykling og kalkindustrien på Moster. Fleire tusen års utvinnings- og eksporthistorie frå «Sokkamyra» på Langevåg med Hespriholmen er verdig ein UNESCO-verdsarvstatus, som me skal arbeide for å få.

I samarbeid med næringsliv og frivillige skal Bømlo sine kulturminne bli opplevd, nytta og formidla til fellesskapet sitt beste. Det historiske skal vere synleg i det moderne og funksjonelle. Me få fleire kulturhistoriske løyper.

Bømlo skal vere aktive med tanke på å samarbeide med andre mynde og å søkje og sikre seg stønadsmidlar til kulturminnearbeid. Kulturvern skjer best gjennom bruk. Verneverdige bygg ligg ofte i strandsone og bør kunne nyttast til næringsaktivitet. Verneverdige sjøbruksmiljø bør leggjast inn i ny arealdel med omsynssone «bevaring kulturmiljø»

- sjå også kulturelaterte tema i del 5 Sosialt og inkluderande

¹ «Eit kulturmiljø er eit område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng», Riksantikvaren

2.11. Friluftsområde

Me har fleire områder som er viktige friluftsområde, til lands og til vanns. Til dømes er det i områda kring Siggjo, Espevær og øyane aust og vest på nordre Bømlo, området Sagvatnet, Tjongspollen og Bergesfjellet og fleire holmar, verna. Sikring av ubygde holmar, øyar og skjær må for ålmenta må halde fram. I tillegg til fleire område med såkalla «viktige naturtyper».

Me må starte arbeidet med å registrere viktige friluftsområde og ta vare på samanhengande grøntstruktur i og nær lokalsentra. Større grøntområde som ikkje er ubyggd må bli teke vare på, og difor bør me etablere ei «Markagrense», kor naturkvalitetar og området verdi for friluftsliv, biologisk mangfald, kulturminne, landbruk og drikkevatt blir bevart.

Ingen skal bu meir enn maksimalt 500 meter unna nærturområde.

2.12. Reiseliv

Reiseliv er Noregs tredje største eksportnæring og er blant næringane som veks raskast i verda, og Bømlo har eit stort potensiale her.

Dei som besøker Bømlo skal kunne få både heilskaplege og mindre opplevingar av og innblikk i lokal historie og kultur osb. Bømlo har eit stort potensial i å kunne tilby turistar naturbaserte opplevingar. Som berekraftig reisemål skal ein vere med på å sikre den historiske og kulturelle arven, samstundes med at ein står opp om lokalsamfunnet og naturen. Bømlo skal satse på eit sterkt, berekraftig reiseliv framover. Det inneber og at reiselivssatsinga skal vere med å skape arbeidsplassar. For å få til dette må Bømlo samarbeide godt med både offentlege og private aktørar.

For å ha sosialt berekraftige nærmiljø er det viktig at reiselivet genererer heilårsaktivitetar, slik at me ikkje blir ein ikkje «vinterlukka» reisedestinasjon.

Det er behov for fleire hotellovernatningsplassar og konferansefasilitetar. Overnatningsmoglegheiter som til dømes «Kysthytte» i regi av Hordaland turlag er også ønskeleg. Dette må me sikre areal til. Andre private overnattingstilbod vil antakeleg også vekse framover, og for kommunen blir det viktig å handsame desse som næring på like vilkår.

2 KYSTKOMMUNEN		
Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Arealstrategi, oppfølging
Utvikle heile kommunen gjennom å satse på attraktive lokalsenter. Bømlo skal vere sett saman av lokalsentra, og områda omkring, sine unike kvalitetar. Lokalsentra skal vere generasjonsvenlege og	Definere lokalsentra og utvikle desse gjennom helsefremjande planlegging og tilføre sentrums kvalitetar slik at bømlingane kan dekke storparten av sine daglege gjeremål her. Utvikle sentrums kjernane i lokalsentra, til å bli trivelege, sosiale plasser, med høg kvalitet på tenester, uterom, gode handels- høve osb.	Følgje opp i KPA. Gjennomgang og revurdering av eldre planar. Utarbeide føringar eller strategi/temaplan for: <ul style="list-style-type: none"> • sentrums kvalitetar og fortetting • sosiale og materielle kvalitetar

2 KYSTKOMMUNEN		
Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Arealstrategi, oppfølging
<p>vere trivelege stader å vekse opp.</p> <p>Lokalsentra skal fremje særegne kvalitetar og lokale kulturminne</p>	<p>Heilskapleg planlegging av kommunesenteret Svortland</p> <p>Dei fysiske omgjevnadane skal fremje trivsel og helse.</p> <p>Fortette med omsyn på sosial berekraft.</p> <p>Kulturminneplan</p>	<ul style="list-style-type: none"> arkitektur, universell utforming, design <p>Eigen områdeplan for Svortland.</p> <p>Eigne kommunedelplanar for lokalsentra etter behov.</p>
<p>Binde saman eksisterande bustadområde kring lokalsentra.</p>	<p>Sikre trygge korridorar for gang- og sykkelveggar, «snøggveggar»</p> <p>Heilskapleg utvikling av lokalsentra.</p> <p>Nye bustadfelt i sykkel/gongavstand til sentrum av lokalsentra.</p> <p>Konkretisere framlegg frå mogleighetsstudiar.</p>	<p>KPA. Trafikksikringsplan. KDP for lokalsentra.</p>
<p>Utvikle potensialet for fleire kulturarbeidsplassar.</p> <p>Satse strategisk på kulturbasert næringsliv med omsyn på reiseliv.</p>	<p>Vidareutvikle det unike kulturlivet. Syne nasjonal og regional betydning av det.</p> <p>Større markering av Moster2024</p> <p>UNESCO-status Sökkamyra/Hespriholmen</p> <p>Vere med på å fremje innovasjon og gründering i all næringsverksemd og tenester, offentleg som privat.</p> <p>Følgje opp dette tverrsektorielt: samkøyre tiltak i oppvekst-, opplæring-, kultur- og næringsplanlegging.</p>	<p>Sikre gode areal til slik næringsverksemd.</p> <p>Sørge for å ha areal/lokale til gründerarbeid, innovasjon og profesjonelle kulturarbeidarar.</p> <p>Verne områder som Sökkamyra og Hespriholmen</p>
<p>Utjamne kjønnsforskjellane i val av yrke.</p> <p>Få fleire kvinner i leiande posisjonar.</p>	<p>Støtte næringslivet i deira arbeid med å rekruttere kvinner til mannsdominerte yrke, og menn til kvinnedominerte yrke</p>	
<p>Satse på sjønære bustad-, næring- og friluftsområde.</p>	<p>Bustad- og næringsutvikling ved sjøen. Gjennomgåande sørgje for nær tilgjenge til blågrøne område. Alle skal ha nærtur-område i maksimalt 500 meters avstand.</p>	<p>Sikre alle desse tiltaka i arealplanar og føresegner.</p>

2 KYSTKOMMUNEN		
Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Arealstrategi, oppfølging
	<p>Prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.</p> <p>Kommunale kaier skal bli utvikla til ålmenta sitt beste.</p> <p>Båtplassar til alle. Fleire fellesanlegg.</p> <p>Oversyn over alle brygger, anlegg, strender, friområde som er tilgjengelege for ålmenta</p>	<p>Sikre byggegrense mot sjø.</p>
<p>Større satsing på berekraftig reiseliv</p>	<p>Promotere og utvikle Bømlo som berekraftig destinasjon gjennom Samarbeidsrådet for Sunnhordland/Visit Sunnhordland</p> <p>Krav om berekraft i alle ledd.</p> <p>Få fleire overnattingsmoglegheiter</p> <p>Ha eit «heilårsaktivt» reiseliv</p>	<p>Ha egna områder til næringsføremål/reiseliv i strandsona.</p>
<p>Nyskapande reiseliv</p>	<p>Delta og vere med på å operasjonalisere framlegg i workshops o.l.</p> <p>Arbeid og aktivitet for alle</p> <p>Barn og ungdom skal tidleg oppmodast til å skape arbeidsplassar og sjå moglegheitar på Bømlo.</p>	<p>Sikre areal med omsyn til andre kvalitetar.</p>
<p>Fortsatt ha marin næring – havbruk</p> <p>Levande fiskerier</p>	<p>Berekraftig vekst.</p> <p>Få unge til å satse i både marin og maritim sektor</p>	<p>Gode hamner, og kaianlegg.</p> <p>Egna sjøareal.</p> <p>Følgje opp regional kyst-soneplan med lokale tilpassingar.</p>
<p>Ha eit produktiv landbruk.</p>	<p>Sikre grønt- og landbruksområde mot vidare utbygging.</p> <p>Støtte innovasjon og nye driftsformer.</p> <p>Forhindre at landbruksområde/matjord blir omdisponert og nedbygd, gjennom å utnytte eksisterande utbygd areal betre.</p>	<p>KPA</p> <p>Etablere eit arealrekneskap</p>

2 KYSTKOMMUNEN		
Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Arealstrategi, oppfølging
Bevare gjenverande matjord og handheve jordvernet.	Egna areal for massedeponi	
Ha tilgang til gode friluftsområde.	Bevare viktige områder. Bruke allereie utbygd areal betre. Etablere ei «markjagrense»	KPA

- sjå også målmatrix i del 5 Sosialt og inkluderande

3. Klima – det me leve av



Planprogramtema: Miljø, naturmangfald, friluftsliv og klima.

Kortreist og berekraftig skal vere stikkord for utviklinga.

Bømlo kommune skal ha ambisiøse klimamål med fokus på «feie for eiga dør», altså på kva me kan gjere lokalt. Bømlo skal definitivt vere med på laget som skal oppfylle internasjonale og nasjonale klimamål. Me skal alle, kommune som den einskilde bømling, ta klimaomsyn, spesielt innan energiforsyning og areal- og transport.

Klimaarbeidet skal ikkje bestå av ei rekkje einskilde tiltak, men bli institusjonalisert i alle ledd i kommunen si verksemd. Bømlo skal leggje til rette for at alle kan bidra i klima- og miljøarbeid. Bømlo kommune skal samarbeide og medverke til ei grønn omstilling av det lokale næringslivet.

3.1. Klimaplan, rekneskap og budsjett

Gjeldande klimaplan er utdatert. Kommunestyret har gjort vedtak om at klimaplanen skal bli implementert i ny kommuneplan. Det er viktig å understreke at mange av klimamåla blir nådd i andre planar og strategiar, som til dømes føresegna til arealdelen og reguleringsplanar, innkjøpsreglement og kommunedelplanar. Eit viktig verktøy for å vite om me når klimamåla for dei ulike sektorane, blir å få på plass eit klimabudsjett- og rekneskap.

3.2. Utsleppsmål

Vegtransport og jordbruk står for den største andelen av utslepp i Bømlo². I tillegg kjem utslepp frå sjøfart men talmaterialet inkluderer også skipstrafikk som passerer gjennom skipsleiene, noko kommunen har begrensa moglegheiter til å redusere åleine. Kommunen skal vere med å bidra til at desse sektorane blir utsleppsfrie.

Teknologien går fort framover og ved eit godt samarbeid med næringsliv og forskning, skal Bømlo redusere sine klimagassutslepp med 80% innan 2030. Bygg og anlegg skal bli utsleppsfrie innan 2025.

Bømlo skal vere med på ei nasjonal satsing på å gjere hamneanlegg og elektrisk infrastruktur for maritim sektor, utsleppsfrie innan 2040.

² Tal oppgeve frå Miljødirektoratet/Miljøstatus.no, målt i tonn CO₂-ekvivalentar.Tal frå 2016.

3.3. Utslepp – energibruk

Energi er eit knapt offentleg gode og me skal planleggje slik at behovet blir minst mogleg, og gjerne energipositivt. For å redusere utslepp frå sjøfart må me elektrifisere hamneanlegga.

Det skal vere enkelt for private, både næringsliv og husstandar, som ønskjer å satse på klimavenlege energiløysingar, som til dømes solpanel på hustak.

3.4. Utslepp – arealforvaltning

Mykje av utsleppa kan bli redusert gjennom arealforvaltninga. Å redusere det daglege transportbehovet vil vere eit viktig tiltak for å nå lokale utsleppsmål. I planperioden vil det antakeleg òg blir innført nye, nasjonale betalingsystem for vegbrukarar, med eit sterkt miljøfokus, som vil påverke det lokale trafikkbilete.

Sjå og avsnittet *mobilitet*.

3.5. Utslepp – innkjøp og arealforvaltning

Bømlo skal redusere direkte utslepp som skjer innanfor kommunen sine grenser. Det gjeld frå vegtrafikk, fossil energibruk og innan jordbruk og avfallshandtering. Me skal stille klimakrav i innkjøpsreglement og anbod som blir lyst ut. Alle Bømlo sine verksemder skal bli miljøfyrtårnsertifiserte innan 2023.

Me skal vere med på å utvikling kollektivtransporten, og legge til rette for meir gonge og ikkje-motorisert transport. Det betyr mellom anna effektivisering av lokale transportbehov, meir bruk av tømmer og naturmaterielar i bygg og krav til at nybygg skal vere fossilfrie og energismarte. Vidare skal kommunen gje god informasjon og syne engasjement langs vegen mot lågutsleppssamfunnet.

3.6. Låg klimarisiko

I planperioden kjem krav om klimaprofil og å ha låg klimarisiko til å bli meir gjeldande i heile samfunnet, ikkje minst innan økonomisk sektor. Bank- og finansvesen, potensielle arbeidsgjevarar, investorar og næringslivet generelt, kjem i stadig større grad til å leggje klimarisiko inn i sine vurderingar. Bømlo ønskjer å blant dei mest attraktive kommunane på vestlandet og for å vere det skal me med tanke på klimarisiko, bli ein lågrisikokommune .

Me skal tilpasse oss klimaendringar ved først og fremst å bevare, restaurere eller etablere naturbaserte løysingar.

3.7. Klimatilpassing

Det er i denne planen fokus på utslepp. Når det gjeld klimatilpassing vil dette bli meir konkretisert som ein del av planarbeidet med ROS, beredskap og vann- og avlaup.

For Bømlo sin del er det havnivåstigning, overvatn, stormflo, stormvêr og tørre somrar som kan bli meir krevjande i framtida. Tiltak langs sjøen må ta høgde for auka havnivå. Både eksisterande og nye område må vere rusta for større mengder med overvatn. Alle områder for nybygg og transformasjon samt infrastruktur må vere dimensjonert for kraftig stormvêr og større nedbørmengder. Me skal bruke naturbaserte løysingar.

Både med omsyn til drikkevatt, akvakultur og landbruk må me ha tilstrekkelege reservar med reint vatn for lange tørkeperiodar. Kraftige stormvêr framover kan og føre til at Bømløbrua blir stengt oftare enn før kombinert med innstilte båtruter. Me må med andre ord vere budd på isolasjon i kortare periodar. Her må kvar enkelt privathusstand også vere med som ein del av totalberedskapen.

3 KLIMA – DET ME LEV AV		
Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Arealstrategi, oppfølging
Bømlo kommune skal kutte sine klimagassutslepp med 80% innan 2030. Bømlo kommune skal drifte sine tenester utan bruk av fossilbasert energi innan 2025 Utsleppsfri kyst innan 2030	Implementere klimatiltak i sentralt planverk, spesielt innkjøp, anskaffing. Miljøsertifisere all kommunal verksemd Elektrifisere/utsleppsfri transport. Samarbeide med andre mynde om tiltak og pilotprosjekt.	Klimatiltak i KPS, KPA. Få ein handlingsstrategi for klimaarbeidet i kommunen, i kombinasjon med klimabudsjett og klimarekneskap.
Vere ein kommune med låg klimarisiko.	Klimatilpasse infrastruktur. Spesielt med omsyn på høgare havnivå, overvatn, storm og vatnforsyning.	Følgje opp krav om klimatilpassing i planar om samfunnstryggleik, beredskap, ROS-rapport.

4. Rusta for livet



Planprogramtema: oppvekst og opplæring, ei framtidretta helse og omsorgsteneste.

4.1. Livsmeistring og det aldersvenlege samfunnet

På Bømlo skal ein kunne leve heile livet. Me skal vere eit aldersvenleg samfunn. Den gode oppveksten startar med dei tusen første dagane, frå ufanging. Bømlo skal vere ein god plass å vekse opp, med sunne og trygge oppvekstmiljø og gje gode barndomsminne. Å ruste oss for livet vil også bidra til å hindre aukande negative sosioøkonomiske skilnader og fattigdom.

På Bømlo skal me gjere det mellom anna gjennom å oppleve tidleg meistring, god livsstil, fokus på menneskerettar, likestilling, fremje fred- og ikkjevaldskultur, globalt borgarskap og verdsetting av kulturelt mangfald og kulturens bidrag i lokalsamfunnet.

Dei ferdigheitene ein person treng i livet, er i stadig endring. Realitetane i dagens samfunn er at me ikkje veit kva jobbar våre barn og unge veks opp til, fordi teknologiutvikling og automatisering endrar arbeidslivet. For å ruste barna for livet skal ein tidleg oppleve meistring og tilhørslse. Livsmeistring blir sentralt i alt oppvekstarbeid.

4.2. Kompetanseområde

I Bømlo skal me ønskje at ein vekta fire kompetanseområda for at me alle å kunne vere rusta for livet:

- fagspesifikk kompetanse
- kompetanse i å lære
- kompetanse i å kommunisera
- samhandle og delta, samt kompetanse i å utforske og skape

Både innan helse og oppvekst skal kommunen sine teneste arbeide førebyggjande og helsefremjande gjennom gode universelle tiltak, for alle, og tidleg innsats, for førebygging. Me skal ha ein heilskapleg strategi for å møte trongen for desse tenestene i framtida.

Dette blir og lagt til grunn og ytterlegare konkretisert i kommunedelplan, KDP oppvekst.

4.3. Stadkjensle og identitet

Å føle at ein kjem frå ein god stad og kjenner ein lokalidentitet, er godt eit grunnlag for livsmeistring. Alle lokalsentra har unike historiske, kulturelle og naturbaserte kvalitetar som eit fundament for stadkjensle og identitet. Desse kvalitetane skal me bruke i både oppvekst- og helsearbeidet.

4.4. MOT

Til grunn for arbeidet i alle tenestene skal MOT-verdiane liggja. Dei som har vakse opp i Bømlo, skal ha opplevd å vekse opp som trygge og aktive barn og unge med meistringsglede og som vert menneske, som har: Mot til å leva, Mot til å bry seg, Mot til å sei nei.

4.5. Sosiale møteplassar med fysisk aktivitet

Eit gjennomgåande ønskje frå både unge og eldre i løpet av medverknadsfasen, har vore fleire sosiale møteplassar som generer fysisk aktivitet. Det er lite «mangfald» i det organiserte/tilrettelagte tilbodet, kor det er fleire som ikkje finn «sin plass». Å sikre og omdisponere areal til dette vil i seg sjølv vere eit viktig førebyggjande og helsefremjande tiltak.

4.6. Opplæring

Skulen skal ikkje berre gje barn og unge fagleg kunnskap. Barn og unge må også bli førebudd til å ta vare på seg sjølv og kvarande, kunna forstå og handtera og byggje gode relasjonar med menneska rundt seg, samt bli aktive og deltakande medlemmer av samfunnet. Barn og unge skal få tileigne seg den kompetansen som er nødvendig for å fremje ei berekraftig utvikling av Bømlo.

Skulane og barnehagane skal gjere barna våre til aktørar for ei meir berekraftig verd. Berekraft skal gå igjen i all opplæring- og utdanningspolitikk og læreplanar.

På Bømlo skal alle vere sikra lik tilgang til utdanning, deriblant personar med nedsett funksjonsevne, flyktingar og barn i utsette situasjonar. Me må sikre at me fortsatt har vidaregåande opplæringstilbod på Bømlo. Unge skal bli oppmoda om å ta høgare utdanning og kommunen skal utvikle samarbeidet med dei dei høgare utdanningsinstitusjonane her i regionen.

Skulane skal bli utvikla med omsyn på framskrivinga av folkemengd. Eit skulebygg skal ikkje berre vere for tradisjonell skuleverksemd, men må vere fleksible, bli nytta til ulike føremål i og for lokalsamfunnet.

4.7. Helse- og sosialpolitiske målsettingar

Kommunen korkje skal eller kan løyse alle utfordringar, heller ikkje innan helsesektor. Me er, og kjem til å bli, meir avhengige av samarbeid både med frivillige, pårørande, næringsliv, forskning o.s.b. for å ruste oss for framtida. Difor skal me Bømlo kommune stimulere og legge til rette for at innbyggjarane tek ansvar for eiga helse, tek sunne val og på eigne premissar meistrar eige liv. Me skal tilby innbyggjarar som har behov for hjelp og bistand, individuelt tilpassa og koordinerte tenester med høg kvalitet og brukarmedverknad.

Gjeldande kommunedelplan for HSO har fire fokusområde som blir implementert i kommuneplanen:

- Ei ny og meir aktiv brukarrolle. Individuelt tilpassa og koordinerte tenester
- Tettare samarbeid med eksterne aktørar. Kommunen som koordinator og tilretteleggjar
- Målretta utvikling av tenestetilbodet (meir fokus på førebygging og eigenmeistring, bevisst prioritering, organisering og lokalisering)
- Målretta satsing på rekruttering og kompetanse

Innan 2030 skal me redusere for tidleg død av ikkje-smittsame sjukdommar med ein tredel. Dette er sjukdommar som for ein stor del heng saman med livsstil. Sunne levevaner, særleg i barne- og ungdomsåra, er grunnleggjande for framtidig helse, men òg for helsa til neste generasjon.

Barnehagar og skular er sentrale aktørar for å leggje til rette for gode val. Aktivitetstilbod i nærmiljøa og lett tilgjenge på sunn mat er viktige tiltak for å nå målsetjinga.

Ei sentral strategisk oppgåve blir å gripe fatt i dei unge som slit med mentale problem. Psykisk helse skal bere eit satsingsområde. I Bømlo skal me vere med på å etablere sunne levevanar for å fremje god helse og redusere helseforskjellar i vaksen alder. Omgjevnadane og oppvekstmiljøet skal stimulere til aktivitet.

Bømlo skal følgje opp den nasjonale strategien om universell utforming (UU) for å førebu oss på ei stadig eldre befolkning. Alle sentrumsområda i lokalsentra skal vere gjennomgåande universelt utforma. Det gjeld gater, haldeplassar, møteplassar, arkitektoniske løysingar og anna utforming av dei bygde omgjevnadane.

4.8. Nye løysingar

Framover må mange kommunale tenester innan oppvekst og helse organiserast på andre måtar. Det blir viktig å tenkja nytt, ikkje minst med tanke på å mobilisere og involvere frivillige. Institusjonar og aktivitetar skal bli planlagde for sambruk og sosiale møte. Me vil vekk i frå tradisjonell planlegging kor til dømes institusjonar for eldre eller andre med hjelpebehov, blir skilt vekk frå stader kor ålmenta ferdast. Framover kjem kvardagslege kulturelle aktivitetar, som til dømes korpsøvingar og fotballtrening, til å bli meir integrert i kommunale teneste relatert til helse og omsorg.

Medisinsk utvikling og endring i behandlingsformer vil òg kunne påverke behov for helsetenester framover. Me skal løyse dette ved å tenke nytt.

Når Bømlopakken II er ferdig vil dette gjere kommunen meir samanbunden og det blir meir enkelt for dei som bur på Svortland å jobbe eller ha fritidsaktivitetar på Langevåg og Moster, og motsett.

Gjennom arbeid med kommunedelplan for HSO er det mellom anna kome fram behov for utbygging av omsorgsbustadar med fellesareal og moglegheiter til tilpassa bemanning på Moster og Svortland. Arbeid på Moster er sett i gong. På Svortland må dette sjåast i samheng med planar for sentrum. Her står det att å sikre gode areal, og ei «klynge» kring eksisterande sjukeheim, ville vere gunstig.

4 RUSTA FOR LIVET		
Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Arealstrategi, oppfølging
Alle barn som veks opp på Bømlo skal bli godt rusta for livet.	Livsmeistring som gjennomgåande tema i alt oppvekst- og kulturarbeid. MOT-verdiane skal ligge til grunn i alt planverk Utvikle fleire sider av seg sjølv gjennom kulturell forståing, nysgjerrigheit, kreativitet og nyskaping.	Følgje opp i KDP oppvekst, KDP HSO, andre kommuneplanar, også arealmessig.
Aldersvenlege lokalsentra og nærmiljø	Sørgje for positiv stadkjensle, trygg på sin identitet.	

4 RUSTA FOR LIVET		
Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Arealstrategi, oppfølging
	<p>Sosiale møteplassar for alle generasjonar.</p> <p>Sikre gode overgangar mellom barn og vaksenlivet for menneske med hjelpebehov.</p> <p>Planleggje bygg og areal for meir sambruk og samlokalisering av ulike teneste.</p> <p>Vidareutvikle erfaringane frå det nasjonale nærmiljøprosjektet.</p> <p>Sørgje for eit mangfaldig bustadmønster.</p>	
Førebyggje mentale problem og satse på god psykisk helse	<p>Fokus på dette gjennom informasjon, undervisning og samtalar med barn og unge.</p> <p>Omgjevnadane skal stimulere til sosialt liv og fysisk aktivitet</p> <p>Bømlo sine unike kulturelle kvalitetar må bli aktiv nytta i oppvekstpolitikk.</p>	
Barn og unge skal få kompetanse om berekraft	Berekraft og FN sine berekraftmål blir implementert i all opplærings og oppvekstpolitikk.	KDP oppvekst, andre relevante planar.
Målretta utvikling av tenestetilbodet	<p>Planleggje med omsyn på endringar og realvekst.</p> <p>Fremje nyskaping.</p>	Gjere politiske prioriteringar i planar og budsjett.
<p>Bli blant dei beste kommunane på helsefremjande planlegging.</p> <p>Halde folk friske</p>	Leggje helsefremjande planlegging til grunn i alle planar.	Helsefremjande krav og føresegner i KPA og reguleringsplanar
<p>Leggje til rette for at den einskilde kan ta ansvar for eiga helse.</p> <p>Barn skal lære å ta sunne val.</p> <p>Førebyggje helseproblem hos unge.</p>	<p>Satse på variert fysisk aktivitet, ha moglegheiter for nærturanlegg, gode ernærings- og livsstilsval.</p> <p>Tilby hjelp, vegleing, bistand, informasjon og god livsstil.</p> <p>Sørgje for godt kosthald både hjå unge og eldre.</p> <p>Universelt utforma sentra og fleire UU-utforma turløyper tilknytt lokalsentra.</p>	Krav om UU. Arkitektur og utforming som fremjar helse og sosial berekraft.

5. Sosialt og inkluderande



Planprogramtema: oppvekst og opplæring, inkludering.

Bømlo skal vere eit samfunn kor alle skal kunne bli inkludert. Det blir viktig å tenke dette både innan oppvekst, næringsliv og tilflytting. Verdier som at «me stiller opp for kvarandre» og ønsket om at Bømlo skal vere for alle, skal me legge til grunn. Kommunen korskje kan eller bør løyse alle oppgåver. Noko blir best løyst av frivillige på privat initiativ, og i medverknadsarbeidet veit me at det store ressursar i nærmiljøa som kan vere med på dette.

5.1. Sosial berekraft

Sosial berekraft handlar mellom anna om at ein nærmiljøa står seg over tid. Sosial berekraft kan mellom anna bli målt i kor mange som deltek i nærmiljøa sine. Fråværing av mobbing på den lokale skulen kan vere ein anna målestokk saman med tryggleik, med omsyn på trafikkforhold eller kriminalitet.

Dette krev fleire tverrsektorielle grep, ikkje minst på det arealmessige. Satsinga på nærmiljøprosjekt skal bli ført vidare. Lokalsentra skal bli utvikla etter prinsippa om helsefremjande nærmiljø, også sosialt.

Dei fysiske omgjevnadane har mykje å seie for sosial berekraft. Det er viktig at me vel oss ut lokalsenter som sosiale «pilarar» i kommunen, for sterke lokalsenter vil også vere bra for grendene og nærmiljøa omkring. At lokalsentra skal bli fortetta, handlar mest om å tilføre sosiale kvalitetar som eit mangfald av innbyggjarar, ulike og unike kulturkvalitetar og næringsliv.

Inkluderingsarbeidet, anten det er i nabolaget eller på arbeidsplassen, må i all hovudsak skje gjennom frivillig innsats og ved lokalsamfunnet sine eigne ressursar. Kommunen kan likevel vera ein viktig pådrivar og tilretteleggjar.

Me skal alltid vere opne for å ta i mot menneskje på flukt. Flyktningar skal få tett oppfølging for ikkje å falle utanfor. Samstundes er det krevjande for kommunen, når nasjonal flyktningpolitikk endrar seg, å til ei kvar tid ha nok bustader. Me vil jobbe for ha føreseielege forhold.

5.2. Frivillig innsats

Basert på innspela frå grendautvala er det tydeleg at mange er engasjert i frivillig arbeid på mange ulike felt – alt i frå idrett, ryddedugningar til bedehus, interesseorganisasjonar osv. Frivillig innsats utgjør grunnlaget for mykje av det som skjer i Bømlo, og går igjen i samtlige kapittel og tema her i kommuneplanen.

I framtida blir velferdssektor meir avhengig av frivillig innsats, ikkje minst innan helse. Og det frivillige kulturlivet er ein sentral rekrutteringsarena for det profesjonelle kulturlivet.

Som kommune skal me samarbeide og legge til rette for kontinuerleg dialog med frivillig sektor og samskaping med Bømlo sine innbyggjarar. Lag og organisasjonslivet yrer på Bømlo, men ikkje alle har egna lokalar eller må drifte bygg som kan vere krevjande økonomisk. Det er eit behov for nytt allaktivitetshus som kan romme mange ulike aktivitetar for frivillige krefter.

5.3. Idrett og turløyper

Me har eit miljø for breiddeidrett og fotball. Samstundes er det aktive miljø innan sportsdykking, karate, korps, teater, motorcross, sykling og ultraløp. Me har god anleggsdekning, både til organisert og uorganiserte aktivitetar. Til dømes er symjemiljøet blomstrande på alle nivå, mosjon som elite, og symjehallen som opna i 2018 er ein viktig føresetnad for å vidareutvikle dette.

Turlag og turgrupper er i stadig vekst og det har vore eit sterkt ønskje i medverknadsfasen om at me må få på plass fleire turløyper i ulike variantar kring lokalsentra. Det bør vere minst ei UU-løype tilknytt kvart lokalsenter. Sikring av friluftsområde og kulturlandskap må skje i samarbeid med lag- og organisasjonslivet.

Det er eit behov for fleire fleirbrukshallar og me ønskjer å opprette ein ridehall.

5.4. Bibliotek

Biblioteka får nye moglegheiter til å utvikle seg som samfunnsinstitusjon når dei nye lokale i kulturhuset er ferdige. Filialane skal bli integrerte i utviklinga av lokalsamfunnet og skulane sitt arbeid. Å gje biblioteka god plass i planlegginga er viktig for å utjamne sosiale forskjellar, generere kulturaktivitetar og informasjon og vere ein møteplass for alle.

5.5. Berekraftig og trygg mobilitet

Mobilitet handlar først og fremst om å kunne delta og bidra i lokalsamfunnet og førebyggje uønska sosial isolasjon. Å ha tilgang til bil er viktig og vil halde fram med å vere viktig på Bømlo, men me skal planleggje for alle berekraftige mobilitetsformer, kollektivtrafikk som privat. Å konsentrere og konsentrere arealbruken til bustader og servicefunksjonar i nærleiken av kvarandre, kan og gjere kommunen meir *inkluderande* gjennom eit betre mobilitetstilbod. Det krev også god knutepunktspolitikk.

Me vil redusere det daglege transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvenlege transportformer. I og kring lokalsentra er det eit stort potensiale for meir gonge og sykkel. Skule- og bustadområda må bli bunde saman med sykkelveggar.

Moglege snøggveggar må bli kartlagde og utbetra. Slike tiltak vil auke tryggleiken og vere med på å løyse opp «tidsklemma» mange foreldre kjenner på i dag. Det må komme på plass ein gjennomgåande sykkelekspressveg frå nord til sør.

Ved å satse på lokalsentra kan me samstundes vere ein pådrivar for eit betre kollektivtilbod mellom desse, spesielt med tanke på å få til betre korrespondansar, både på sjø og land.

Kommunen skal vere «på», og skal bidra til å fremje og prøve ut innovative transportløysingar. Fossile motorar vil bli fasa ut i løpet av planperioden, men om antal køyretøy held fram med å vekse vil det føre til fortsatt press på arealressursane. Eit redusert transportbehov vil føre til eit mindre arealbehov og økonomiske midlar til parkering og vegnett, kan bli frigjort til andre føremål.

God mobilitet er avgjerande for eit velfungerande næringsliv. Når Bømlopakken II er ferdigstilt vil dette sikre eit meir effektivt og tryggare vegsamband mellom kommunen sine lokalsentra. Då kan me knyte desse saman og vidareutvikle desse. Med stadig betre infrastruktur er det høgst aktuelt å sjå på nye transportformer. Transportaksane mellom kommunesenteret og lokalsentra, kan bli knytt saman av ein «bygdabane», eit samanhengande system av autonome bussar, med forgreiningar. Bømlo skal også bidra til å fremje innovative og nye transportformer til sjøs.

Bømlo er sertifisert som «Trafikksikker kommune» og skal halde fram med dette arbeidet. Me har ein 0-visjon for drepne og skadde i trafikken. Som vegeigar, barnehage- og skuleeigar, arbeidsgivar, kjøpar av transporttenester og ansvarleg for helsa og trivselen til innbyggjarane har me eit stort ansvar for å førebyggje ulykker. Trafikktryggleiksarbeidet skal vere ein brei og samla innsats der alle sektorar er involverte for å førebyggje og redusere trafikkulykker. Dei kommunale etatane skal bli involvert i arbeidet. Den enkelte etatsleiaren må ta sitt delansvar.

5.6. Bustadsosialt arbeid – «Alle skal kunne bu trygt og godt»

Bustadsosialt arbeid omfattar alt frå kommunen sin innsats for å skaffa og tildela bustader, til tenester og enkeltvedtak som kan betra den enkelte sin føresetnad for å meistra sin bu- og livssituasjon. Bømlo kommune disponerer omlag 150 utleigebustadar, òg har tildelingsrett på ulike innskotsleilegheiter. I tillegg eig/ leiger kommunen personalbasar i nokre private bustader der det blir ytt døgnkontinuerlege tenester.

Det er ei målsetting at så mange som råd skal få høve til å eiga sin eigen bustad om dei ynskjer det. Bømlo kommune skal ha ein aktiv bruk av Husbanken sine låne og tilskotsordningar, og me skal bistå med tilrettelegging av bustader til eldre og personar med nedsett funksjonsevne slik at dei kan bu lengst mogeleg i eigen bustad.

Bustadane skal i størst mogeleg grad tilpassast brukarane sine behov og økonomi. Utbygging skal sjåast i samheng med utvikling av kommunale tenester. Effektiv og god ressursutnytting for kommunen skal alltid takast med ved vurdering av lokalisering, utforming og tal på einingar.

Ei vurdering av behovet for justering og endring av bustadmassen blir gjort gjennom oppfølging av bustadsosial handlingsplan som er ein del av Kommunedelplan HSO.

5.7. Kyrkje og trusliv

Kristendommen er historisk og kulturelt ein viktig del av vår kulturarv. Kyrkjesamfunna har sterke tradisjonsrike røter på Bømlo og er samfunnsaktørar som er viktig for sambygdingane.

Sjølv om sekulariseringa av samfunnet vil halde fram, vil nok bruken av Kyrkja, frikyrkjer og bedehus på Bømlo framleis stå sterkt. Desse trussamfunna generer mange ulike, aktivitetar som er opne for alle. Mykje av dette skjer på frivillige basis og aktivitetane er viktige for nærmiljøa og ofte retta inn mot barn og unge.

Kommunen som har det økonomiske ansvaret for bygging, drift og vedlikehald av kyrkjene mens Bømlo kyrkjelege fellesråd har forvaltningsansvaret. Kyrkja har også det særskilt oppdraget frå kommunen om å forvalte gravplassar og administrere kyrkjegardane i kommunen. Gravferdsplanar, både nye og av eldre dato, syner at det fleire stadar er eit press i Bømlo kommune i forhold til gravareal. Kommunen må fastsetje sin framtidige gravleggings- og festepolitikk. Me må drøfte ulike forhold knytt til gravferder og gravplassforvaltning. I planperioden kan det og bli bruk for fleir-religiøse seremonistader.

5.8. Samfunnstryggleik

Eit inkluderande lokalsamfunn er også eit trygt lokalsamfunn. Kommunen har eit ansvar for å sikre at innbyggjarane har ein sikker og trygg kvardag. Under kriser og katastrofar må kommunen kunne sette i verk tiltak for å verne innbyggjarane og oppretthalde viktige samfunnsfunksjonar. For å få til dette, skal Bømlo jobbe heilskapleg og systematisk med samfunnstryggleik og beredskap, på tvers av sektorar i kommunen.

Kommunen sitt beredskapsarbeid utgjer det lokale fundamentet i den nasjonale beredskapen. Private hushaldningar og næringsliv er også ein del av Bømlo sin totalberedskap.

Me må ha god oversikt over kva type hendingar som kan skje i kommunen. Dette skal komme fram av ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse), slik at vi får oversikt over kva risiko det til dømes er for flaum, naturkatastrofe, epidemiar/sjukdomar, trafikkulykker, svikt i kritisk infrastruktur eller større skipshavari langs kysten vår. Elektroniske angrep må me også ta meir høgde for framover. For dei områda det er høgast risiko, må kommunen ha særskilte beredskapsplanar for å sikre tryggleiken om det skulle skje noko. Klimaendringar og klimatilpassing blir ein sentral del av risikobiletet i framtida.

I det daglege er det Bømlo brann- og redning som rykkjer ut på kort tid, for å handtere brannar og andre akutte situasjonar. Det er behov for ny brannstasjon som kan dekke framtidens behov.

5 SOSIALT OG INKLUDERANDE		
Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Arealstrategi, oppfølging
Trygge og aktive nærmiljø Alle som bur her skal bli inkludert og føle seg som «Bømlingar».	Satse på lokalsentra som lokale «loko-motiv», utvikla med omsyn på sosial berekraft. Oppmuntre og støtte frivillige og grenda-utvala i deira inkluderingsarbeid. Samarbeide med frivillige om merking og opparbeiding av turstiar. Universelt utforma sentra og fleire UU-utforma turløyper tilknytt lokalsentra. Etablere sosiale møteplassar som genererer fysisk aktivitet. Ruste opp eksisterande møteplassar.	Sikre grønt- og nærturområder. Konkretisere føresegner i KPA Areal til gong- og sykkelveggar, gode kollektivknutepunkt og sykkel-ekspressveg

5 SOSIALT OG INKLUDERANDE		
Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Arealstrategi, oppfølging
	Berekraftig mobilitet	
Barnevenlege nærmiljø	<p>Barnevenlege lokalsenter, arkitektur og infrastruktur</p> <p>Sterk satsing på Trafikksikker kommune-arbeidet. Forankre trafikktryggleik hjå administrativ og politisk leiing.</p> <p>Alle skular og barnehagar skal halde fram med å ha eigne trafikktryggleiksplanar.</p>	<p>Konkretisere desse føremål i KPA</p> <p>Sikre areal til sosiale møteplassar</p>
Fremje frivillig innsats og samskaping	<p>Kommunen skal leggje til rette for frivillig innsats.</p> <p>Kommunen skal ha jamnleg dialog med lag- og organisasjonliv</p>	<p>KDP kultur og strategi for frivillig arbeid.</p> <p>Sikre areal til allaktivitetshus</p>
God samfunnstryggleik	Arbeide systematisk og heilskapleg på tvers av sektorar/tenesteområde med alle beredskapsaktørar	ROS-rapport, smittevernplan, Oljevernplan, Interkommunalt utval mot akutt forureining sin beredskapsplan

6. Demokratiutvikling



Dugnadsand og viljen til å delta, er ein verdi som kjenneteiknar bømlingar. Med det har me eit godt grunnlag for å styrke lokaldemokratiet vårt.

Kommunen korkje kan eller bør løyse alle oppgåver. Noko blir best løyst av frivillige på privat initiativ. og Bømlo har historisk alltid vore tilknytt omverda både gjennom sjøfart og kulturelle impulsar. Me ønskjer å styrke samarbeide med resten av verda, på tvers av grenser.

Alle har ressursar og noko å bidra med. Medverknad og deltaking frå alle aldersgrupper blir viktig, men spesielt barn og unge. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, eldrerådet og ungdomsrådet skal halde og bli utvikla vidare.

I dei neste 30 år vil det skje små og store endringar, som me må vere førebudde på å tilpasse oss.

Det vil komme nye samarbeidsformer og nye aktørar som me skal samskape med.

6.1. Kommunestyret og dei folkevalde

Den fremste institusjonen i lokaldemokratiet vårt, kommunestyret, skal vere engasjert, inkluderande, kompetent og vere tilpassingsdyktige. Både dei folkevalde og administrasjon skal vere kompetente på sentrale tema som demokratiutvikling, planarbeid og medverknad. Politikk og administrasjon skal i større grad samskape og utvikle kommunen saman.

Å samarbeide på tvers av kommunegrensene folkevalde i mellom, har me positive erfaringar med, og skal halde fram med. Me skal vere nysgjerrige på nye måtar å gjere ting på. Digitaliseringa av lokaldemokratiet skal vere til lokalsamfunnet beste og fremje medverknad.

I Bømlo skal me ha 0-toleranse for sjikane og trugsmål mot folkevalde og rådsmedlem. Både politikarar og administrasjon skal stå saman om å kunne utføre sine oppgåver under trygge høve.

6.2. Grendautvala

Grendautval og krinslag er paraplyorganisasjon for lag og organisasjonar i heile kommunen. Sjølv om grendautvala ikkje er lovpålagde eller består av folkevalde, så er dette viktige talerøyr og gode medspelarar i alt medverknadsarbeid. Grendautvala må ta initiativ til og sørge for eigen aktivitet, og kommunen skal vere med som støttespelar og elles bistå på best mogleg måte. Dette gode samspelet mellom kommune og grendautvala skal bli vidareutvikla.

6.3. Ungdomsrådet og barns interesser

I Bømlo skal barn og unge si stemme ver høyrte. Bømlo kommune har eit ungdomsråd som me vil vidareutvikle. Ordninga med ein representant for barn og unge sine interesser i byggesaker skal halde fram. Me ønsker å fortsette å prøve ut nye metodar for kontinuerleg å utvikle kommunen ut i frå barn og unge sitt perspektiv.

6.4. Gode og effektive planprosessar

Ein godt gjennomarbeida kommuneplan er eit viktig grunnlag for reguleringsplanarbeidet i kommunen. Er alle overordna føringar teke omsyn til i arealdelen til kommuneplanen vil prosessen med områdereguleringsplanar og detaljreguleringsplanar gå raskare.

Bømlo kommune skal sikre effektiv behandling av private planforslag. Utbyggjar skal tidleg i planprosessen få avklart kva krav som vert stilt til utgreiingar og kva tiltak som kan godkjennast i høve til kommuneplan. Ordninga med prinsippøknad i reguleringsplanarbeidet bør oppretthaldast slik at utbyggjar tidleg får avklart politiske føringar i plansaker.

Det er viktig at reguleringsplanar er grundig gjennomarbeida slik at ein sikrar at dei planlagde tiltaka vert gjennomført.

Kontroll av ulovlege tiltak må bli skjerpa.

Me skal halde fram arbeidet med at digitalisert planarbeid. Arealplanar, og eit digitalt planregister skal bli tilgjengelege. Strategisk satsing på bruk av IKT i planarbeidet skal gje meir effektive og rettferdige planprosessar, og opne for betre innsyn og medverknad for innbyggjarane. Planstrategien skal få meir fokus.

6.5. Råd og organisasjonar

Bømlo kommune skal vere aktiv deltakar og bidra i Samarbeidsrådet for Sunnhordland. For saker som mellom miljøfyrtårn-sertifisering, reiselivsstrategiske mål og kompetanseheving er samarbeidsrådet ein god samarbeidspartnar. Bømlo næringsråd blir viktige å ha med «på laget» i utviklinga av kommunen, ikkje minst med tanke på rekruttering og inkludering. Organisasjonslivet er også ein rekrutteringsarena for arbeidslivet.

6.6. Forsking og utvikling (FoU)

Me har allereie delteke i og hatt gode erfaringar med samarbeidsprosjekt som har involvert forskning- og utviklingssektor (FoU). Skal me bygge opp under bømlingen som gründer og fremje nyskaping blir slike samarbeid nødvendig å utvide og vidareutvikle. Både Høgskulen på Vestlandet (HVL), utdanningsinstitusjonane i Bergen og klyngemiljøa i regionen sit på mykje relevant kompetanse som Bømlo bør kunne godt av. Kanskje særskilt gjeld dette maritim og marin sektor, men også helse og kultursektor har eit spennande potensiale. Bømlo kommune skal vere med som tilretteleggjar og gjere seg attraktiv om forskingssamarbeid innan FoU.

6.7. Tilskot, EØS/EU-midlar, Vest-Norsk Brüsselkontor

Over halvparten av sakane i norske kommunestyre er relatert til EU/EØS. Gjennom EØS-midlane skal Noreg bidra til å utjamne sosiale og økonomiske skilnader. Næringslivet vårt er sterkt tilknytt den europeiske marknaden og skal me bli konkurransedyktige i framtida treng må me tiltrekkje oss innovative krefter og menneskje utanfrå Noreg også.

Vest-Norges Brüsselkontor er ein informasjonskanal mot institusjonane i EU/EØS, også for offentleg sektor. Her kan me få nyttig informasjon om til dømes økonomiske stønadsordningar, få tilgang til kompetansebygging og viktig prosjektkunnskap. Ei rekkje europeiske samarbeidsprogram omhandlar klima, miljø og regional utvikling, og har kommunar som målgruppe. Her ligg det tilskots- og samarbeidsordningar som Bømlo kan nyte godt av, til dømes med tanke på Moster 2024 og innan opplæring og innovasjon. Difor kan eit kommunalt medlemskap i Vest-Norsk Brüsselkontor vere relevant og nyttig.

Bømlo kommune treng også å utarbeide ein internasjonal strategi.

6.8. Kommunen som arbeidsgjevar

Bømlo skal vere ein inspirerende og inkluderende arbeidsplass. Me skal ha ein framtidsretta administrative og tekniske tenester tilpassa oppgåvene kommunen sine kjerneoppgåver.

Me skal ha eit godt arbeidsmiljø. Å skaffe seg tilstrekkeleg kompetanse blir ei utfordring framover. Fleire må kunne delta i det ordinære arbeidslivet. Arbeidslivet må vere ein arena for alle innbyggjarane i kommunen.

Kommunen skal vere ein trygg arbeidsplass. Det skal vere nulltoleranse for truande og trakasserande åtferd mot tilsette eller dei som utfører oppdrag for kommunen.

6.9. Prinsipp om eigarskap

Bømlo kommune korkje kan eller skal løyse alle samfunnsoppgåver, men der kommunen skal vere til stades, skal han vere profesjonell, kompetent og open for samarbeid og nye løysingar. Difor blir det viktig å ha nokre prinsipp om kommunale teneste og korleis ein skal forvalta ulike eigarskap. Dette må bli fulgt opp i ei eigarskapsmelding.

6 DEMOKRATIUTVIKLING		
Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Arealstrategi, oppfølging
Stadig styrke lokaldemokratiet. Vere ein kommune med eit godt lokaldemokrati. Barn og unge sine interesser skal bli teke omsyn til.	Gje dei folkevalde opplæring med høg kvalitet. Utvikle og samarbeid med kommunale råd og grendautvala. Legge vekte på høg grad av medverknad i alt planarbeid.	

6 DEMOKRATIUTVIKLING		
Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Arealstrategi, oppfølging
Kommunen skal ha gode og effektive planprosessar.	<p>Gode og føreseielege, overordna planar med klåre krav.</p> <p>Tidleg og god dialog med utbyggerar og tiltakshavarar.</p> <p>Nytte rett planverktøy på rett nivå.</p> <p>Halde seg planfagleg oppdatert.</p> <p>Halde fram digitaliseringa av planprosessar og kommunikasjonsarbeidet.</p> <p>Prioritere ressursar i planstrategi til å oppdatere overordna planar og oversynsdokument</p>	
Bømlo skal tiltrekke seg forskings- og utviklingsmiljø, spesielt med omsyn på kultur, helse og næringsliv.	Styrke samarbeidet med FoU i regionen.	Strategi for samarbeid med FoU og anna kompetanse
<p>Bidra og delta i det regionalt samarbeid.</p> <p>Samarbeide på tvers av kommunegrensar.</p>	<p>Samarbeidsrådet for Sunnhordland.</p> <p>Nytte viktige regionale organisasjonar som til dømes næringsråd.</p> <p>Interkommunale prosjektsamarbeid.</p>	
<p>Styrke det internasjonale samarbeide mellom anna med omsyn på klima, næringsliv og kultur.</p> <p>Saman med dei andre kommunane i regionen, syne at internasjonale relasjonar er viktige for oss.</p>	Sikre oss økonomiske midlar til viktige samfunnsprosjekt.	<p>Systematiske tilskotsprioriteringar.</p> <p>Vurdere kommunalt medlemskap i Vest-Norsk Brusselkontor.</p> <p>Utarbeide ein internasjonal strategi.</p>
<p>Kommunen skal vere ein god og trygg arbeidsgjevar.</p> <p>Vere tydelege på kommunalt forvaltningsansvar</p>	<p>Sørge for kompetent rekruttering.</p> <p>Leggje til rette for utvikling og kompetanseheving.</p>	Eigarskapsmelding


7. Arealstrategisk oppfølging

Skal me klare å nå måla me sett oss her samfunnsdelen (KPS), må dette henge godt saman med korleis ein forvaltar areala i arealdelen, KPA. Basert på «Slike gjer me det» og «arealstrategi, oppfølging» i dette dokumentet syner ein her nokre arealstrategiske føringar for lokalsentra med korte beskrivingar for kvart lokalsenter.

Desse vil bli lagt til grunn for det vidare arbeidet.


7.1. Finnås

Lokalsenter. Sentrumskjernen er lokalisert kring området Kulleseidkanalen. Pilar syner aksar kor skule og bustadområda sør og nord må bli knytt saman.



7.2. Langevåg


Lokalsenter. Sentrum innerst i vågen. Området omkring (stor sirkel) er viktige å knytte saman, «frå kai til kai» (Hovland – Eidesvik).



7.3. *Moster, Mosterhamn*


Mosterhamn sentrum strekk seg langs Mostravegen (frå Kiwi, Sento, YX) ned mot nedlagt ferjekai.

Grøn linje: samanhengande turveg/promenade.




7.4. Moster

Lokalsenterområde. Pilar syner aksar som er viktige å knyte saman.



7.5. Rubbestadneset


Lokalsenter. Kring sentrumskjernen, inkludert båtkaien, er det område som er viktige å knyte saman, markert.



7.6. Svortland

Kommunesenteret. I KPA må me definere sentrumskerne med utstrekking.

Grøn linje: turveg kring Storavatnet. Raud linje: ny omkøyringsveg utanom sentrumskjernen



2024-seminar
Moster Amfi 2019

Tema:

OLAV DEN HEILAGE SOM LOVGJEVAR



Kristenretten på Moster frå 1024 innleiar den eldre Gulatingslova. Men det kan sjå ut som om Snorre meiner kristenretten berre var ein del av eit større lovarbeid. Kan det vera at Snorre har rett, og at Heilage Olav sine lover var meir omfattande enn me lenge har trudd? Hadde Magnus Lagabøter rett i at han bygde vidare på ein lovgjevingstradisjon som vart etablert alt med helgenkongen?

9. JUNI 2019 | KL. 13.30 - 15.30 I AMFISALEN

Foredrag v/ Jørn Øyrehagen Sunde, professor ved Det juridiske fakultet, UiB
Kulturelle innslag v/ kantor Øystein Lund Olafsen og vokalgruppa Kling.

Møteleiar: Svein Arne Theodorsen.

Bill.pris: 200,-

Bill.: bomlo.net eller i Amfikafeen

2024 – seminar

09.06.19 kl. 13.30 – 15.30

Amfisalen, Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske Senter AS

Foredrag ved Jørn Øyrehagen Sunde, professor ved Det juridiske fakultet, Universitetet i Bergen.

Kulturelt program v/Kantor Øystein Lund Olafsen og Vokalgruppa Kling.

Møteleiar Svein Arne Theodorsen.

Tema: Olav Den Heilage som lovgjevar

I Landslova av 1274 vert det vist til Heilage Olavs lover som sjølv grunnlaget for norsk rett som Magnus Lagabøter bygde vidare på.

Snorre Sturlason skriv i Olav den Heilages saga: «Han gjorde om lovene etter råd av de kyndigste menn, og tok ut og la til det han syntes trengtes. Kristenretten satte han med råd og hjelp fra biskop Grimkjell og de andre prestene, og han la all makt på å avskaffe hedenskap og gamle sedvaner, som han mente var imot kristendommen. Til slutt samtykket bøndene i de lovene kongen satte.»

Her viser Snorre til det som i ettertid er kjent som kristenretten på Moster frå 1024. Den var ei samling reglar for korleis ein kristen skulle leva, og korleis eit kristen samfunn skulle organiserast, som innleiar Den eldre Gulatingslova.

Men det kan sjå ut som om Snorre meiner kristenretten berre var ein del av eit større lovarbeid. Kan det vera at Snorre har rett, og at Heilage Olavs lover var meir omfattande enn vi lenge har trudd? Hadde Magnus Lagabøter rett i at han bygde vidare på ein lovgjevingstradisjon som vart etablert alt med helgenkongen?

Påmelding – sjå vedlagde plakat

PS 74/19 Ymse

PS 75/19 Inkomne spørsmål frå politikarane



Arkivnr: 2019/164-51
Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	76/19	21.05.2019

Prosjektilskot: Kultur - amatør. Fordeling våren 2019

Samandrag

Føremål med ordninga:

Løyvingane frå ordninga skal stimulere til aktivitet, og sikre innbyggjarar i heile fylket høve til å delta i eit mangfaldig kulturliv, jf regional kulturplan. Kulturpolitikken skal fremje og støtte eit sterkt frivillig kulturliv, og det skal stimulerast til nettverk og samarbeid. Barn og ungdom har spesiell merksemd, og ein ønskjer å stimulere spesielt til at unge sjølv er aktive deltakarar i prosjektet.

Generelt:	
Budsjett 2019:	918 000 kroner
Av desse er øyremerka til prosjekt som gjeld barn og / eller unge:	510 000 kroner
Søknadsfrist 2019:	1.mars og 1.september
Vedtaks kriteria:	KIRU 18.01.17: PS 6/2017
Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida:

Våren 2019:	
Tal på søknadar:	46 søknadar
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	34 søknadar
Samla søknadssum:	1 422 500 kroner
Tilrådd fordeling:	643 000 kroner
Av desse er midlar fordelt til prosjekt som gjeld barn og / eller unge:	423 000 kroner

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Ut frå føremålet med ordninga og føringane i Regional kulturplan er det sett opp fleire kriteria som søknadane har vore vurdert opp mot.

Absolutte kriteria:

Det omsøkte prosjektet skal oppfylle dei tre første punkta (a, b og c) for å kunne verte tilrådd støtte.

- Prosjektet skal vere i samsvar med føremålet i søknadsordninga
- Prosjektet skal støtte ein eller fleire satsingar i Regional kulturplan
- Prosjektet skal ha regional kulturverdi, dvs. ha ein kommuneovergripande funksjon og / eller særskilt kulturverdi.

Om regional verdi:

Omgrepet regional viser her til to prinsipielle hovudkriterium:

- Geografisk kriterium (geografisk nedslagsfelt og verkeområde): Om tiltaket omfattar fleire kommunar og/eller om tiltaket vert gjennomført eller har deltaking frå meir enn to kommunar.

- Funksjonskriterium (regional funksjon i kraft av oppdrag, storleik, fagleg tyngd, kvalitet og særpreg).

Alle tilrådte tiltak og prosjekt støtter dei absolutte kriteria og har regional verdi – geografisk og / eller funksjon.

I tråd med kulturlova er det kommunane som skal leggje til rette for og sikre eit breitt lokalt kulturtilbod der folk bur og arbeider. Fylkeskommunen si rolle er å vere ein regional utviklar, og ha oversyn og sikre tilgjenge til meir spesialiserte eller regionale kulturtilbod.

Vurderingskriteria:

Støtte gjennom desse tilskotsordningane / kulturstøtte er ikkje rettighetsbasert, og det er vanlegvis fleire kvalifiserte søkjarar enn der er tilgjengelege midlar. Ved den skjønnsmessige vurderinga vil det mellom anna bli lagt vekt på dei følgjande kriteria. Ein søknad må ikkje oppfylle alle vurderingskriteria, men jo sterkare og jo fleire av desse som vert oppfylt, dess meir relevant vil søknaden vere for ordninga:

- Utvikling av kulturlivet i fylket, t.d. ha verdi som pilotprosjekt og bidra til større breidde.
- Dokumentasjon av kulturhistorie
- Samarbeid og nettverk
- At tiltaket er utadretta og ope
- Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad.
- Tidlegare vist gjennomføringsevne
- Støtte og forankring i heimkommunar og evt nasjonalt

I fylkesrådmannens individuelle grunngjevingar (vedlegg 1), er det vist til desse vurderingskriteria med bokstav.

Det er mogeleg å søkje midlar til årvisse/jamne tiltak. Søkjar må då vere merksam på at dette er prosjekttilskot og at søknadene kvart år vert vurdert på nytt opp imot samla søkjarmasse.

Det regionale ansvaret gjeld kulturoppgåver som har verdi for heile fylket eller større delar av det. Reint lokale tiltak har kommunane eit ansvar for – spesielt når det gjeld barn og unge. Ein del av søknadene ein handsamar er av meir lokal karakter. Nokre av dei kjem frå tiltak i kommunar med svært låge kulturbudsjett. Men fylkesrådmannen ser det som viktig at vi opprettheld at tiltaka vi støttar skal ha regional karakter, og at mindre lokale kulturarrangement er eit kommunalt ansvar.

Det er mogeleg å løyve midlar til årvisse / jamne tiltak. Slik fylkesrådmannen ser det er det likevel viktig at prosjektmidlar ikkje vert bundne opp til slike tiltak og at aktørane ser på prosjektstøtta som driftstilskot. Søkjar må vere merksam på at dette er prosjekttilskot og at søknadene kvart år vert vurdert på nytt opp imot samla søkjarmasse. I denne tildelingsrunda har det vore mogleg å innfri nærmare opptil søknadssum enn i 2016.

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Hordaland fylkeskommune.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

Folkehelse: [Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle](#): Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Tilskotsordninga er eit av verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 [PREMISS: KULTUR](#).

Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling løyver 643 000 kroner over budsjettpost 400.725.03, slik:

	Søklar	Tilråding
1	AKKS BERGEN	20 000
2	ALVERSUND KAMMERKOR	10 000
3	Animert Kunst Forening	20 000
4	BENEDICTINERNE	Avslag
5	BERGEN AMATEUR DRAMATIC SOCIETY	15 000
6	BERGEN INTERNASJONALE KULTURSENTER	Avslag
7	BERGEN INTERNASJONALE KULTURSENTER	15 000
8	BERGEN INTERNASJONALE KULTURSENTER	18 000
9	BERGEN KOMMUNE	35 000
10	BERGEN KOMMUNE BYRÅDSAVDELING FOR KLIMA, KULTUR OG NÆRING - Bergen kulturskole	30 000
11	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	5 000
12	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	Avslag
13	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	10 000
14	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	10 000
15	BRASSWIND	40 000
16	BRYGGENS VENNER	20 000
17	BWSMUSIKK Barbro Wiig Sulebakk	15 000
18	DE UNGES ORKESTER-FORBUND	20 000
19	EIKANGER-BJØRSVIK MUSIKKLAG	15 000
20	FIOLINAKADEMIET	15 000
21	FITJAR SKULEKORPS	Avslag
22	FOLKEAKADEMIET HORDALAND	10 000
23	FORENINGEN SNORRES VENNER	10 000
24	HETLEVIK MUSIKKLAG	Avslag
25	HORDABØ IDRETTLAG	Avslag
26	HORDALAND UNGDOMSLAG	25 000
27	KLEPPE MUSIKKLAG	Avslag
28	MIDTUN SKOLES MUSIKKORPS	15 000
29	NFU Hordaland Fylkeslag	27 000
30	NORD-ACCORDION	30 000
31	NORSKE SYMFONIORKESTRES LANDSFORBUND	18 000
32	OLE BULL KAMMERKOR	10 000
33	Omvikdalen Bygdekvinneleg	15 000
34	Os spelemannslag	10 000
35	RAN SEILFORENING	Avslag
36	SAPFONIA	10 000
37	SKODVIN SKULEMUSIKK	Avslag
38	SKÅNEVIK TEATER	30 000
39	SPORTSKLUBBEN DJERV	Avslag
40	STIFTELSEN NYE FYLLINGSDALEN TEATER	50 000
41	STRILEN ARTIST- OG VISEKLUBB	10 000
42	SUNNHORDLAND KAMMER-ORKESTER	15 000
43	TERTNESKORET	Avslag
44	UNOF Hordaland	30 000
45	Voss Jazzskule	15 000
46	Åsane Musikklag	Avslag
	SUM	643 000

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Vedlegg 1. Prosjekttilskot: Kultur - amatør. Fordeling våren 2019

Fylkesrådmannen, 23.04.2019

Fylkesrådmannen viser til vedlegg med oversyn over søknadane med grunngjeving til kvar søknad. Dei individuelle grunngjevingane må sjåast som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke.

	Søklar	Prosjektnamn	Søknads- sum	Tilråding	Grunngjeving (fylkesrådmannens kommentar)	Presentasjon av prosjekt	Totale utgifter
1	AKKS BERGEN	Arrangørakademiet 2019	30 000	20 000	(Barn og ungdom) AKKS Bergen er ein idealistisk musikkorganisasjon og jobbar m.a. tett med ungdom gjennom ulike prosjekt som t.d. UFLAKKS. Arrangørakademiet er eit nytt prosjekt med ungdom og søknaden støtter spesielt vurderingskriteria a, c, f og g.	Arrangørakademiet er et pilotprosjekt for ungdom 15-25 år, som skal gi unge en mulighet til å lære å lage festival av noen av de beste i bransjen. Prosjektet ledes av AKKS Bergen, med Tall Ships Races Bergen 2019 (TSR) som case og samarbeidspartner. TSR er en festival som foregår 21.-24. Juli 2019, og er et av Europas største ungdomsarrangementer. Deltakerne får lære om booking, produksjon, frivillighet og markedsføring og får en unik mulighet til å hjelpe til med å lage et arrangement skreddersydd for lokal ungdom. Festivalskolen skal være et springbrett og praksismulighet for ungdom som er interessert i kultur- og arrangementsbransjen.	210 000
2	ALVERSUND KAMMERKOR	Prosjekt Händels Messias	20 000	10 000	Prosjektet har verdi for Nordhordlandsregionen og koret er eit av dei fremste i denne regionen. Søknaden støtter spesielt vurderingskriteria a og f.	Det er tradisjon at Alversund kammerkor framfører eit stor oratorium i Knarvik kyrkje før jul. I 2019 er det Händels Messias som står for tur. Koret gjer dette i samarbeid med profesjonelle solistar og orkester, oftast med musikarar frå Bergen filharmoniske orkester. Vi har også hatt med oss orkester sett saman av unge, dels lokale musikarar. Vi har som mål å sleppe til unge i større og ganske krevjande oppgåver, gjerne saman med meir rutinerte musikarar og songarar. Til denne konserten har vi alt gjort avtale med altsolisten Ingebjørg Kosmo frå Den Norske Opera. Det er og eit mål at det skal vere mogleg å framføre denne typen musikk også utanfor dei store byane og konsertstadene. Ein vurderer og samarbeid med andre kor i området.	170 000

3	Animert Kunst Forening	ReAnima internasjonale animasjonsfilm festival 2019	50 000	20 000	Under denne festivalen vil det m.a. verte arrangert workshops, deriblant for barn. Festivalen vert arrangert med hjelp av frivillige, m.a. studentar frå Fakultet for kunst, musikk og design. Studentar blir invitert for å vere med som frivillig då foreninga ønskjer at denne gruppa skal få høve til å vere med på å bygge festivalen. Søknaden stetter spesielt vurderingskriteria a, c og f.	ReAnima er den eneste uavhengige festivalen for internasjonal animert film i Bergen, Norges nest største by. På den tredje festivalen vår kommer vi til å ha fremvisning av både nasjonale og internasjonale animasjonsfilmer. På programmet har vi forelesninger, workshop, live animasjon, internasjonal animasjonsfilmkonkurranse, visninger av filmprogram, visninger av spillefilmer og undervisning. Vårt første mål er at flest mulig skal få gleden av det beste innen nasjonal og internasjonal animasjon. Vi ønsker å vekke interesse, nysgjerrighet og engasjement for animert kunst. Festivalen er et unikt tilbud som vil berike Vestlandets kulturliv.	150 000
4	BENEDICTINERNE	Veien mot Grieghallen	40 000	Avslag	Tiltaket vert ikkje vurdert til å ha tilstrekkeleg regional verdi til å verte prioritert i denne ordninga. Fylkesrådmannen tilrår avslag.	Prosjektet «Veien mot Grieghallen» er en reise gjennom vårt nye fylke Vestland, med oppstart august 2019. Prosjektet avsluttes med konserten "Livet, kjærligheten, benedictinerne å di.." i Grieghallen 20. februar 2021, til inntekt for Kirkens bymisjon. Vi ønsker å vise at et kor kan bidra og inkludere på tvers av kommunegrensene, og på den måten vise mangfoldet i fylkets kulturliv. Det er koret benedictinerne et levende bevis på, vi oppnår store ting gjennom å være tilgjengelig for alle der sangglede kommer først. Ingen kan hjelpe alle, men alle kan hjelpe noen – er mottoet til dirigent Benedicte Sjøvold, noe som helt klart viser seg å være riktig. Vi er 140 mannlige og kvinnelige korister, og vi har vårt helt eget 6-manns band.	547 500

5	BERGEN AMATEUR DRAMATIC SOCIETY	Oppsetting av stykket "Robinson Crusoe" på Fana Kulturhus og Sykehjem / Aldershjem i Bergen.	40 000	15 000	(Barn og ungdom) BADS er ei teatergruppe for barn og voksne i alle aldre. Dette prosjektet vil bli vist for eit publikum i Fana kulturhus i tillegg til at dei vil turnere på fleire alders- og sykeheim. Søknaden støtter spesielt vurderingskriteria a, c, f og g.	BADS er en amatørteatergruppe med ca. 60 medlemmer fra mange ulike nasjoner og med hovedvekt på barn/ungdom. Vi setter hvert år opp ett nytt stykke over 2 helger på Fana Kulturhus/Nestun. I tillegg drar vi 1 gang i uken til ulike alders- og sykehjem i Bergen og underholder. Det er ett unikt samhold i gruppen , på tvers av både alder og nasjonalitet. Og i tillegg har vi også flere medlemmer med store utfordringer/ diagnoser , som alle har sin unike plass i gruppen. I år heter stykket "Robinson Crusoe" , og alle medlemmene er da med på scenen. Det blir en del utgifter til alt fra musikk , lyssetting , sminke , kostymer , kullisser etc, . Og med lave billettpriser. (alle skal ha råd) , trenger vi støtte for å få det til å gå rundt.	200 000
6	BERGEN INTERNASJONALE KULTURSENTER	Klubb Kavalér	25 000	Avslag	Tiltaket vert ikkje vurdert til å ha tilstrekkeleg regional verdi til å verte prioritert i denne ordninga. Fylkesrådmannen tilrår avslag.	En fredag i måneden blir Fensal pyntet med levende lys, blomster og et skinnende dansegulv, og med et storband på scenen som spiller opp til dans for unge og gamle fra hele Hordaland. Klubb Kavalér ble startet opp i desember 2012 av Bergen Internasjonale Kultursenter, i samarbeid med Erik Glambæk Bøe og Michael Barnes. Helt siden oppstarten har vært en stor interesse for konseptet, og det er fremdeles veldig populære arrangementer. Kveldene har en fin spredning av folk i alle aldre, og her er både danseglade studenter og pensjonister i en herlig blanding! Vi opplever stor interesse for arrangementene, og danseglade fra hele Hordaland tar seg gjerne en tur inn til byen for akkurat disse kveldene.	204 500

7	BERGEN INTERNASJONALE KULTURSENTER	BarneB Familjelørdag	20 000	15 000	(Barn og ungdom) BIKS har gjennom 25 år vore eit knutepunkt for mangfald, kulturutveksling og inkludering. Familjelørdag er eit open fleirkulturell samlingsplass og er eit viktig tilbod i Hordaland. Søknaden støtter spesielt vurderingskriteria a, f og g.	En lørdag i måneden er det BarneB FamilieLørdag på Bergen Internasjonale Kultursenter, med kunstverksted og familiekafé. Dette et av Bergen Internasjonale Kultursenter sine viktigste tilbud og er godt og jevnt besøkt siden oppstarten på 90- tallet. Arrangementene skal være et tilbud for barn og familier av alle nasjonaliteter, som bor i Bergen/Hordaland. Det er en fin og åpen flerkulturell samlingsplass, og er en av aktivitetene våre som tiltrekker seg flest folk med ulik bakgrunn. På Familjelørdag med FantasiLab er det kunsten som står i fokus, med kunstverksted hvor det brukes ulike materialer og teknikker. I forbindelse med FamilieLørdagene vil det også være en enkel og koselig familiekafé.	84 800
8	BERGEN INTERNASJONALE KULTURSENTER	Teatergruppe for barn	20 000	18 000	(Barn og ungdom) BIKS er m.a. ein fleirkulturell møteplass for barn og unge som arrangerer fleire aktiviteter i veka. Tiltaket rettar seg mot deltakarar i fleire kommunar kring Bergen og har såleis regionalt nedslagsfelt. Denne søknaden støtter spesielt vurderingskriteria a, d, f og g.	Teatergruppe for barn i 7 - 12 år Varighet: 10 ganger/vårsemester og 10 ganger/høstsemester. Instruktør: Tara Twana På kurset vil det være øvelser i kroppsbeherskelse og stemmebruk. I tillegg blir det være fokus på å lære seg å stole på seg selv og være sterk, noe som vil være nyttig når man skal være trygg på scenen, men også ellers i livet. Parallelt med disse utviklende øvelsene, skal de skal øve inn et teaterstykke som skal vises frem på en avslutning til våren, og en til høsten. Det blir en liten forestilling på scenen i Fensal, med profesjonell lyd og lys, kostymer og rekvisitter, som foreldre og andre interesserte kan komme og se.	57 600

9	BERGEN KOMMUNE	UKM storby, «Økt deltagelse gjennom økt samarbeid»	50 000	35 000	(Barn og ungdom) Etter ei større omorganisering har kulturavdelinga i Bergen kommune fått ny organisering og vi ser at ei styrking av UKM i Bergen har vore eit prioritert satsingsområde. Søknaden viser til eit pilotprosjekt i denne satsinga og kan gi overføringsverdi til andre kommunar som står overfor dei same problemstillingane i UKM som det Bergen gjer. Søknaden stetter spesielt vurderingskriteria a, d og g.	Søker støtte til utvikling av helårig, bydelsbassert UKM. Gjennom lokal forankring i bydeler med sterk medvirkning fra lokale UA-grupper tenker vi å kunne øke oppslutning, bevissthet og engasjement for UKM først lokalt i bydelene og igjen sentralt for hele Bergensregionen og dens omegns kommuner.	70 000
10	BERGEN KOMMUNE BYRÅDSAVDELING FOR KLIMA, KULTUR OG NÆRING - Bergen kulturskole	Ung Ytring - biennale for visuelle kunsthøgskole	40 000	30 000	(Barn og ungdom) Dette er eit omfattande samarbeidsprosjekt mellom 11 kommunar i regi av Bergen kulturskule. Med 11 kommunar involvert har tiltaket regionalt nedslagsfelt. Svært mange elever - unge kunstnarar - frå kommunane får høve til delta i ein større utstilling. Søknaden stetter spesielt vurderingskriteria a, c, f og g.	I 2017 deltok Bergen kulturskole (BKS) i Festspillene med utstillingen «Sjå her! - Vårutstillingen 2017» på Oseana kunst- og kultursenter. I den anledning inviterte BKS alle kulturskoler i fylket til å delta. Tretten kommuner takket ja til invitasjonen og samarbeidet resulterte i en stor utstilling med arbeider av ca. 440 barn og ungdom; og hadde over 800 besøkende. Arrangementet var såpass vellykket at deltakerne bestemte seg for å ta arbeidet vidare, ikke hvert år, men som en biennale (annet hvert år). Årets biennale for visuelle kunsthøgskole åpner på Oseana 27.april (frem til 11. mai) og arrangeres i samarbeid med ti kommuner.	176 000

11	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK- KFUM	17.mai Gospelnight med Gospel Bergen	5 000	5 000	Søklar mottek driftstilskot frå ordninga "Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar" og kan søkje prosjektmidlar i denne ordninga. Dette er eit årleg arrangement som har fått tilskot fleire gongar. Fylkesrådmannen tilrår likevel støtte til dette tiltaket. Søknaden støtter spesielt vurderingskriteria a, c og f.	KFUK-KFUM Bjørgvin saman med gospelkoret Gospel Bergen og Bergen Domkirke menighet inviterer til gratis gospelnight i Johanneskirken på 17.mai. Dette er ein over 30 år lang tradisjon som er godt kjent i bybiletet og tydar mykje for veldig mange, som ein viktig del av nasjonaldagsfeiringa. Kyrkja er vanlegvis fullsatt (tar max. 750 stk.). Gospelnighten rommar både konsertsang og musikk, allsong og gudstenesteelement som bøn, nattverd og ord for dagen. Dette er ei oppleving for det heile mennesket og set ei fin ramme på nasjonaldagen. Arrangementet er ope for alle med gratis inngang. Om lag 25 frivillige medarbeidarar bidrar, i tillegg til kor, band og teknikarar.	16 000
12	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK- KFUM	Familiepåskeleir i Ulvik	8 000	Avslag	Det er 5 søknadar frå Bjørgvin krets av Norges KFUK-KFUM og fylkesrådmannen finn ikkje rom til å tilrå støtte til alle. Fylkesrådmannen har valt å prioritere søknadene som retter seg særleg mot barn og unge	KFUK-KFUM Bjørgvin og Bergen KFUK-KFUM Ynglingen arrangerer leiren saman. Leiren er open for alle, utan krav om medlemskap i KFUK-KFUM. Leiren tydar mykje for mange familiar, og det deltek familiar både frå Vest- og Austlandet. Føremålet med leiren er å skape ein møteplass for familiar, med eit programtilbod tilpassa dei ulike aldersgruppene og interesser, samt samligar med fellesprogram. Leirprogrammet gir rom for både innandørs- og utandørsaktivitetar, roleg eller aktiv påske. Dagane startar og avsluttast med felles program, og vi har fokus på kreativitet, refleksjon, utfoldelse så vel som inspirasjon og hygge. Leiren byggjer fellesskap, samhald og vennskap, og den gir eit høve til også å ta del i den kristne påskebodskapen.	296 000

13	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK- KFUM	Tweenssatsing som barne- og tweensfestival	15 000	10 000	(Barn og ungdom) Bjergvin krets av KFUK- KFUM arrangerer her ein festival for barn og som er open for alle. Søknaden stetter spesielt vurderingskriteria a, c og f.	I år ønskjer vi at tweenssatsinga vår m.a. skal kome til uttrykk gjennom ein eigen Barne- og tweensfestival utforma som leirhelg for barn i 1.-8.klasse. Alle grupper som ønskjer kan melde seg på, uavhengig av medlemskap i KFUK- KFUM. Leirhelg med sang, musikk, dans, drama, felleskor, workshops/seminargrupper, fellesskap, konkurransar og leik, overnatting for dei eldste, fellessamlingar/ show, andakt/ ord for dagen/kvelden, globalt engasjement. Aktivitatar som inspirerer og engasjerer barna, dei får utfolde seg, utvikle seg og oppleve meistring og skaparglede. Vi er i dialog med m.a. Bergen Domkirke menighet om samarbeid for å gjere dette til eit større regionalt arrangement.	115 000
14	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK- KFUM	Vinterfestivalen på Voss 2019	15 000	10 000	(Barn og ungdom) Dette er ein kristen ungdomsfestival som er ope for alle. Det har vore gitt støtte til denne samlinga tidlegare. Søknaden støtter spesielt vurderingskriteria a og f.	Vinterfestivalen på Voss er ein stor ungdomsfestival/leirhelg som samlar ca.350 ungdommar (13-19 år) og nesten 100 frivillige leiarar og medarbeidarar til ei spektakulær helg med sceneshow, forkynning, kanonballcup, solidaritetsfokus med globalmarknad og -løp, seminar, dans, koropptreden, leik, moro, gudsteneste m.m. På festivalen kom det grupper frå store delar av Hordaland og ei gruppe frå Sogn & Fjordane. Fleire kyrkjelydar bruker festivalen som ein del av sitt konfirmantopplegg. Vinterfestivalen skaper mykje godt engasjement innad i gruppene våre, så vel som engasjement for våre søsken i sør og globale spørsmål. Festivalen er eit av flaggskiparrangementa våre og det største ungdomsarrangementet vårt. Det er opent for alle.	422 500

15	BRASSWIND	BrassWind 2019	40 000	40 000	Brasswind er eit regionalt og viktig arrangement for eit sterkt korpsmiljø i både Hordaland og andre stader i landet. Det fremjar ny musikk / samtidsmusikk til ei brei gruppe. Søknaden støtter spesielt vurderingskriteria a og f.	BrassWind er ein årleg festival med fokus på ny musikk for korps og ensembler. Under festivalen møtest windband, brassband og ensemble, og flinke, engasjerte amatørar og skulekorpsmusikantar møter profesjonelle utøvarar, dirigentar og komponistar. Festivalen har sidan oppstart i Teatergarasjen 2004 vorte driven på dugnad av medlemma i Manger musikklag. Sidan då har det vore 105 urframføringar av verk av norske komponistar. I 2019 medverkar m.a. desse: Sjøforsvarets musikkorps, Bit 20, Nynorsk messingkvintett, Pinguins, Midtun Skolesmusikkorps, Manger musikklag, Eikanger-Bjørsvik musikklag og Arktisk sinfonietta.	450 000
16	BRYGGENS VENNER	En sammenstilling og analyse av primærkilder for Bryggen i Bergen, perioden ca. 1750 - 1940	30 000	20 000	Bryggens Venner er en stiftelse med det formål å bevare Bryggen og å formidle dens historie til nye generasjoner. Prosjektet kan resultere i eit nyttig verktøy for andre prosjekt der bygningshistorisk bruk er tema og har vidare tyding for kompetansetiltak for bevaring av Bryggen.	Hovedmålet med prosjektet er å tilgjengeliggjøre, systematisere og analysere diverse primærkilder for Bryggen, som branntakster, verditakster og andre kilder. Kildegransking og arbeidet vil kaste lys over bygningshistorien, endringer som har skjedd, kronologier, eierforhold og ulike tiltak eierne har igangsatt på Bryggen opp gjennom historien. Arbeidet skal munne ut i en arbeidsrapport/sluttrapport der kildegrunnlaget gjøres tilgjengelig for bygningshistorisk bruk i andre prosjekter.	100 000

17	BWSMUSIKK Barbro Wiig Sulebakk	STORKONSERT 2019	30 000	15 000	(Barn og ungdom) Dette er eit regionalt tiltak som involverer mange hundre barn frå barnekor i heile Hordaland. Søknaden stetter spesielt vurderingskriteria a og f.	Prosjekt Storkonsert arrangeres på tvers av kommunegrensar, og samlar barnekor fra hele fylket til et felles opplegg. Det drives et fantastisk barnekorarbeid rundt omkring i landet vårt. Arbeidet drives for det meste av lokale ildsjeler som brenner for at barn og unge i lokalsamfunnet skal ha et godt og variert fritidstilbud. Dette miljøet synes vi fortjener å bli løftet mer frem og satt enda mer pris på. Vi ønsker at barna skal føle seg inkludert og verdsatt i en konsertsal med de aller beste rammene for formidling av barnekultur,- sang, dans og drama i tett samarbeid med profesjonelle produsenter og artister. Prosjekt Storkonsert bidrar til å lette det musikalske arbeidet for de frivillige lederne i de ulike barnekorene.	368 000
18	DE UNGES ORKESTER-FORBUND	Nordisk fagottsymposium og Oborama	25 000	20 000	(Barn og ungdom) Dette er eit tiltak med både regional, nasjonal og nordisk verdi. Prosjektet involverer mange unge og koplar saman både profesjonelle og amatørar. Søknaden stetter spesielt vurderingskriteria a, c og f.	Nordisk Fagottsymposium og Oborama av et arrangement som i mange år har vært arrangert av Per Hannevold i Bergen i samarbeid med den amerikanske fagottisten John Miller. I forbindelse med en nasjonal satsing på instrumenter som obo og fagott, ble symposiet arrangert for første gang utenfor Bergen (Oslo) i 2017. I 2018 ble symposiet for første gang arrangert i Trondheim. «Oborama» et eget kurs for unge oboister ble arrangert parallelt med symposiet, med noen felles konserter og felles bespisning og sosialt samvær. I 2018 var også amatøroboistene velkommen på arrangementet. Dette samarbeidet ønsker vi videreføre. Det er gledelig å kunne bringe et videreutviklet arrangement tilbake til opphavsstedet Bergen! Deltakerne er 7-77 år!	336 500

19	EIKANGER-BJØRSVIK MUSIKKLAG	Feriespel 2019	30 000	15 000	(Barn og ungdom) Dette er eit prosjekt som involverer mange unge med vekt på kompetanseheving. Søknaden støtter spesielt vurderingskriteria a, c og f.	Feriespelet er eit kurs som samlar rundt 100 born og unge frå 9 til 19 år i fire dagar, der dei får undervisning, både i grupper og i samlingskorps. Høgt kvalifiserte instruktørar frå Eikanger-Bjørsvik gjer dette arbeidet på dugnad. Dette gjev ei minner for livet og inspirasjon til øving - som igjen gjev ei oppleving av meistring og glede over hobbyen. Og på lang sikt er dette med å bevare medlemstala i korpsa i Noreg, ein tradisjon me er nesten åleine om i verda, og som må takast vare på.	105 000
20	FIOLINAKADEMIET	Fiolinakademiet høst seminar 2019	40 000	15 000	(Barn og ungdom) Dette er eit kompetansetiltak med regional verdi. Fylkesrådmannen legg til grunn at arrangør informerer om denne moglegheita til alle i målgruppa i heile Hordaland. Søknaden støtter spesielt vurderingskriteria a, c, d og f.	Fiolinakademiet høstseminar 2019. To profesjonelle fiolininstruktørar frå utlandet med spesiell kompetanse på Suzukiundervisning av barn skal lede seminaret. Det leies inn to pianister til akkompagnement. Fiolinakademiet er en foreldredrevet forening tilknyttet Suzuki-undervisningen ved Bergen kulturskole. Medlemmene kommer fra alle bydeler i Bergen. Foreningen har per i dag 41 fiolinspillende medlemmer fra 8-15 år. For å nå ut til mange er seminaret åpent for fiolinister i hele Hordaland. Ved å samle fiolinelever på alle alderstrinn med ulike ferdigheter kan de yngste barna lytte til og hente inspirasjon fra større barn som er kommet lengre. Barna motiverer hverandre. Foreldre får veiledning/råd om hjelp til barnas øving.	60 000
21	FITJAR SKULEKORPS	Disney-around the world	20 000	Avslag	Fitjar skulekorps er eit lokalt skulekorps og sjølv om det her vert søkt til samarbeid med eit anna korps, så er prosjektet i hovudsak eit lokalt prosjekt og det vert såleis ikkje tilrådd støtte. Det vil fyrst og fremst vere ei kommunal oppgåve å støtte denne type tiltak.	Ei eventyrleg inn i Disneys magiske univers saman med to korps i medvind. Konserten består av filmsnutter frå kjende Disneyfilmar, dans, og songarar frå eigne rekkjer	75 000

22	FOLKEAKADEMIET HORDALAND	Kinck-dagane 2019	12 000	10 000	Hans E. Kinck etterlot seg ein stor litterær arv med interessante bygningar med interiør. Dette vert vist fram under desse dagane og prosjektet har regional verdi. Søknaden støtter spesielt vurderingskriteria a, c og f.	Fredag kveld er det planlagt foredrag og samtale leia av Audun Galtung om hardingfela + musikk,- og besøk hjå felemakar Ole Gjerde (300 m frå Kinck-huset). Laurdag opning v/ Benedickte Maurseth. Eit kortare og meir populært forma kåseri om hardingfelene krydra med musikk, utstilling av hardingfeler frå museet på Utne + eldre feler i privat eige, opplesing av Kinck-novella "Felen i vilde skogen" v/ skodespelar Arnhild Litolle - knytt saman med felespel v/ Knut Hamre. Ei gruppe born spelar på hardingfeler (i barnestorleik). Det vert program på Strandebarmsheimen med utdrag frå programmet som har vore i Kinck-løa utpå ettermiddagen - ved Geir Botnen med fleire. På kveldstid middag og folkemusikk-program i Hallvardsnaustet.	87 000
23	FORENINGEN SNORRES VENNER	"Den leprasjuka salmediktaren Hallgrimur Pétursson og om folket på Vestmannaøyane som vart bortført av nordafrikanske sjørøvarar"	17 500	10 000	Det vert her søkt til ein konsert på St.Jørgens hospital, men fylkesrådmannen vurderer temaet som eit såpass spissa felt og med kulturhistorisk verdi at det såleia kan verte tilrådd tilskot. Prosjektet har tyding for heile eller deler av Hordaland av omsyn til at det er eit snevert felt. Søknaden støtter spesielt vurderingskriteria a og g.	Framsyninga handlar om den leprasjuka presten Hallgrimur Pétursson (1614-1674) som vart innleigd av dei danske styresmaktene for å undervisa ei gruppe folk frå Vestmannaøyane, som vart bortførde av algirske sjørøvarar i 1627. Seinare vart Hallgrimur sokneprest i Hvalfjörður nord for Reykjavik og tok til å skriva salmar på islandsk. Gjennom dikting av pasjonssalmar vart han ein fornyar av det islandske poetiske språket. Hallgrimur leid av lepra gjennom mange år og kjende frå eigen kropp kva liding var. Salmene framførast av Osternes mannskor - eit mannskor på 25 sångare. Koret fyller 85 år i år. Den islandske forfattaren Steinunn Jóhannesdóttir har skriva bok om hendinga, og skal føredra.	34 500
24	HETLEVIK MUSIKKLAG	Stille stund	15 000	Avslag	Det er i denne søknaden søkt om støtte til ein konsertframsyning og fylkesrådmannen vurderer den difor til å ha for sterk lokal karakter. Fylkesrådmannen tilrår avslag på bakgrunn av føremålet med ordninga.	Stille stund er en julekonsert lille julaften kl 22.00 om kvelden, som er neddempet og med rolig atmosfære, hvor vi bruker lokale artister som solister utenom korpset. Til dette kreves lokale, lyd, lys og andre ting som koster mye å få istand. Dette var i 2018 tredje gang vi arrangerte og vi ser at dette er blitt meget populært kulturinnslag på øyen vår. Dessverre koster dette ganske mye penger. Vi håper på støtte til å gjennomføre dette videre og virkelig lage en tradisjon som gir mye glede til publikum og korps.	28 000

25	HORDABØ IDRETTSLAG	Bøvågen Familiefestival	50 000	Avslag	(Barn og ungdom) Dette er i hovudsak eit lokalt prosjekt og såleis eit lokalt ansvar. Fylkesrådmannen tilrår avslag på bakgrunn av føremålet med ordninga.	Bøvågen Familiefestival har vorte arrangert sidan 2013 med unntak for i 2018. Festivalen blir arrangert av Hordabø idrettslag og har dessverre gått med underskudd dei fleste av åra. Pga dette tok me ein pause i 2018 - men etter utallige spørsmål fra barn og unge prøver me igjen å få til festival i 2019. Under festivalen fylles fotballbana med tivoliaktiviteter og andre gøyale aktiviteter som gjer at ungane opplever det som eit eldorado dei timene det pågår.	110 000
26	HORDALAND UNGDOMSLAG	Fylkesstemna for born 2019	30 000	25 000	(Barn og ungdom) Hordaland Ungdomslag (HU) i Hordaland er fylkesleddet til Norges Ungdomslag i Hordaland. HU mottek driftstilskot frå Hordaland fylkeskommune gjennom ordninga "Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar". Det omsøkte prosjektet er eit årleg tiltak, men ein tilrår likevel noko støtte til eit arrangement som har regionalt nedslagsfelt og bygger opp under vår immaterielle kulturarv. Søknaden stetter spesielt vurderingskriteria a, d og f.	Fylkesstemna for born 2019 vert dette året arrangert i samarbeid med Sogn og Fjordane UL med Fjærland UL som teknisk tilskipar. Stemna vert tilskipa i Fjærland i Sogndal kommune i Sogn og Fjordane 14. – 16. juni 2019. Me vonar på mange deltakarar frå både Hordaland og Sogn og Fjordane. Hordaland UL (HU) planlegg felles busstransport frå Bergensområdet t/r Fjærland. HU har sett prisen for busstransporten til kr 200,- per person t/r Fjærland. Ut frå totalkostnaden med dette tiltaket medfører dette ein sterkt subsidiert pris. HU vonar difor at mange av deltakarane nyttar seg av dette tilbodet. HU vonar at Hordaland fylkeskommune ser positivt på søknaden om tilskot og støttar opp om dette samarbeidsprosjektet i Hordaland og Sogn og Fjordane.	207 000

27	KLEPPE MUSIKKLAG	Seminar med alle skulekorps Askøy	40 000	Avslag	(Barn og ungdom) Det vert her vert søkt til eit seminar for alle skulekorpsa på Askøy, og prosjektet er i hovudsak eit lokalt prosjekt og vert såleis ikkje tilrådd støtte. Det vil fyrst og fremst vere ei kommunal oppgåve å støtte denne type tiltak.	Kleppe Musikklag skal arrangere felles seminar for alle skulekorpsmusikantar og aspirantar på Askøy. Seminaret varer frå fredag - søndag. Musikantane får tilbod om overnatting. Vi stiller med instruktørar, dirigentar, aktivitetsleiarar og nattevakter. Alle måltid vil bli servert på seminaret, og det opnast ein kiosk på kveldstid. Musikantane blir delt inn i aldersbestemte korps. På denne måten får dei spele med jamnaldrandre på tvers av dagens skulekorps. Seminaret blir avslutta med hentekonsert på søndagen. Vi håpar at dette seminaret kan bidra til eit tettare samarbeid mellom korpsa på Askøy. Eitt av måla er å fremme speleglede og samhold. Vi håpar også å inspirere til framtidig rekruttering.	91 000
28	MIDTUN SKOLES MUSIKKORPS	Samarbeidskonsert med Midtun Skoles Musikkorps, BFUng og Ying Wa College	25 000	15 000	(Barn og ungdom) Dette er eit internasjonalt samarbeidsprosjekt som involverer eit skulekorps som vertskap. Vidare er det eit prosjekt med regional verdi med vekt på kompetanseheving. Søknaden støtter spesielt vurderingskriteria a, c og f.	Felleskonsert Kulturutveksling I perioden 24.04-28.04 2019 er Midtun Skoles Musikkorps så heldig å være vertskap for besøk fra Ying Wa College fra Hong Kong når de er på turne i Norge. Gruppen som kommer til Norge i april består av 120 personer i hovedsak ungdommer som spiller et instrument eller synger i kor. Vi har fått til et samarbeid med BFUng som har medlemmer fra hele Vestlandet og Midtun Skoles Musikkorps som skal ha en konsert med våre gjester i Grieghallen. Vi har fått tak i dirigent Bjørn Sagstad som skal lede fellesøving og fellesnumrene på konserten samtidig som gjestene får en egen avdeling. Dette er en ypperlig måte å la flere kulturer møtes og la ungdommene få spille sammen.	70 000

29	NFU Hordaland Fylkeslag	Kultursamlinga 2019	80 000	27 000	Slik fylkesrådmannen ser av søknaden, er dette eit noko medlemsinternt prosjekt, men er likevel eit sær s viktig kulturtiltak for målgruppa. Søknaden støtter spesielt vurderingskriteria a og f.	Kultursamlinga er eit av dei få arrangementa i Hordaland som er retta spesielt mot utviklingshemma personar. Det er eit arrangement der det vert arrangert ulike kurs som deltakarane kan delta på etter eige ønske. Samlinga vert avslutta med fellesframføring på søndag i plenum med utdeling av deltakarbevis. Laurdag er det festmiddag med mannekengoppvisning av deltakarane på Bli Ny gruppa. Laurdagen vert avslutta med dans. Dette er og ein sosial møteplass for utviklingshemma personar som sjeldan har mulighet til å treffast. Kultursamlinga er ei særdeles sosial og lærerik helg for deltakarane.	548 566
30	NORD-ACCORDION	NordAccordion	50 000	30 000	(Barn og ungdom) NordAccordion arrangerer m.a. sommerkurs for unge akkordeonister og festival med kjente artister som spiller alt fra norsk folkemusikk til samtidsmusikk og tango. Kursa finn stad på Ole Bull Akademiet og vidare er Voss spelemannslag ein samarbeidsaktør. Søknaden støtter spesielt vurderingskriteria a, c, d og f.	Den nystarta festivalen NordAccordion er unik i sitt slag ved at den kombinerer opne meisterklassar og kurs av svært høg kvalitet for unge akkordeonistar med akkordeon/trekkspillkonserter for eit breitt publikum. NordAccordion blei arrangert fyste gang i 2018 på Voss, og blei godt teke imot med deltakarar frå heile verda (Kina, Europa, Noreg), og god oppslutning om konsertane. Festivalen har ein visjon om å skape eit godt læringsmiljø for unge studentar med hovudvekt på klassisk- og samtidsmusikk. Vi ønskjer samstundes å nå ut til eit breitt publikum med konsertar som inkluderer trekkspell i fleire sjangrar med kjende utøvarar på instrumentet.	843 500

31	NORSKE SYMFONI-ORKESTRES LANDSFORBUND	Vestlandsk Sommarsymfoni 2019	20 000	18 000	<p>Dette tiltaket har fått støtte fleire ganger. Vestlandsk Sommarsynfoni går føre seg i nabofylket kvart år og er eit godt tilbod for amatørmusikarar på heile Vestlandet med sterke profesjonelle krefter. Fylkesrådmannen ser det som naturleg at Hordaland støtter dette prosjektet.</p>	<p>Vestlandsk Sommarsymfoni er et kurstilbud for voksne amatørmusikere (antall: 70-80) fra hele landet, og det eneste i sitt slag. Kurset omfatter gruppeprøver med sju profesjonelle orkestermusikere/lærere som instruktører, øving i stor orkester med profesjonell dirigent (i år: Haldis Rønning) og kammermusikk. Kurset avholder flere konserter, bl.a. oppsøkende gratiskonserter i lokalmiljøet, og stor avslutningskonsert i Operahuset Nordfjord, med Berlioz "Symphonie fantastique" som hovedverk.</p>	636 000
32	OLE BULL KAMMERKOR	O15 - Samarbeidskonsert med Kammerkoor Venus	10 000	10 000	<p>Dette er eit samarbeidsprosjekt som har kommuneovergripande funksjon og såleis regional verdi. Søknaden stetter spesielt vurderingskriterie a og f.</p>	<p>Ole Bull Kammerkor får besøk av Kammerkoor Venus fra Utrecht i Nederland, og holder to konserter med dem, i Johanneskirken i Bergen sentrum og Norheimsund kirke i Nordheimsund. Med på disse konsertene er også den klassiske sopransolisten Anne Cathrine Eiken, som er basert i Nordheimsund. Som en del av denne kulturutvekslingen planlegger Ole Bull Kammerkor å ta turen ned til Utrecht og Nederland i 2020 for å presentere repertoar av norske komponister der. Konserten vil hovedsakelig markedsføres av Ole Bull Kammerkor, som et nummer i korets rekke av konsertprosjekter – O15. Konserten vil vare i én time og et kvarter. Detaljert program kan finnes i den fullstendige prosjektbeskrivelsen.</p>	50 000

33	Omvikdalen Bygdekvinnelag	Bok om kvinnheradsbunad og bunadstradisjonar	30 000	15 000	I denne ordninga vert det ikkje gitt tilskot til utgjeving av litteratur, film og musikk. Unntak kan vere dokumentasjon med kulturhistorisk verdi, noko omsøkte bokprosjekt har. Søknaden støtter spesielt vurderingskriteria a, b og e.	Prosjektet har som målsetting å samle inn, ta vare på og formidle kunnskap om bunadstradisjonar og tilvirking av bunader i Kvinnherad. Dette skal ein gjere ved å gi ut bok om kvinnheradsbunaden. Teksten byggjer på tilgjengeleg skriftleg materiale og intervju med bunadstilvirkarar. Boka vil bli rikt illustrert med både gamle og nye bilete. Ho vil innehalde historikk om bunaden og bruk av bunad knytt til tradisjonar. Vidare vil boka ha bilete og detaljert omtale av dei einskilde plaggdelane, samt mønstre til desse. Det vil vera bilete og omtale av bunad til jente og gut, kvinne og mann, brur og brudgom, sumar- og vinterbunad. Boka vil og ha forteljingar om personar og hendingar knytt til bunadstradisjonar.	917 000
34	Os spelemannslag	Hordakappleik med sjokoladekappleik	10 000	10 000	(Barn og ungdom) Dette er eit tiltak som har verdi for heile eller deler av Hordaland. Søknaden støtter spesielt vurderingskriterie a, f og g.	Eg viser til vedlagt søknad. Hordakappleiken har blitt ein viktig arena for dei yngste. C-klassa frå 13 -18 år har stor deltaking både i dans og spel. Sjokoladekappleiken er for dei under 13 år. Her er også kulturskular og barneskular på Os invitert. Det vert eige opplegg med kurs i leik, spel og dans i samband med kappleiken.	88 000
35	RAN SEILFORENING	Musikkprosjektet "Utposter"	15 000	Avslag	Det vert her søkt om støtte til éin konsert og tiltaket vert difor ikkje vurdert til å ha tilstrekkeleg regional verdi til å verte prioritert i denne ordninga. Fylkesrådmannen tilrår avslag.	"Utposter" skrevet av komponisten Arne Nordheim - Norges fremste samtidskomponist. Planen er å få til et samspill mellom musikere i Rong Brass, fra den nye Øygard kommune og profesjonelle musikere fra Bergen Filharmoniske Orkester. Rong Brass har gjort det svært bra i NM for brassband. Verket det gjelder er kun framført en gang tidligere utendørs i Oslo, da sto det musikere på taket av rådhuset i Oslo, Stortinget og Kunstakademiet. Musikerne spiller delvis mot hverandre som signaler, delvis sammen. I enkelte av gruppene krever verket store ferdigheter, som profesjonelle utøvere vurderer at bare profesjonelle utøvere kan mestre.	80 000

